ULSTEIN KOMMUNE

# Årsrapport 2015




ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGAR OG POSITIVE ENDRINGAR FOR INNBYGGARAR OG REGIONALT NÆRINGSLIV. ULSTEINSAMFUNNET SI FORANKRING LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.

**ULSTEIN** - *der baug bryt båre*

# *HMS-prisen*

## *Årets arbeidsplass 2015*

**VI TRIVST ALLE SOM KATTEN!**

Då 2015 starta var vi ein stabil, samansveisa og positiv, men temmeleg spent arbeidsgjeng. Eit nytt bygg med 24 leilegheiter skulle opne – men kven som skulle bu der, visste vi ikkje. Ville personalgruppa måtte dele seg? Spørsmåla var mange.

Her bur unge vaksne, godt vaksne og skikkelege vaksne som treng hjelp og støtte til å mestre kvardagen sin. Vi er privilegerte. Vi møter dei når dei er som mest sårbare, og skal ta hand om behova deira på best mogleg vis. Det er ei ære.

Vi trur vi klarer alt, i alle fall til det motsette er bevist. Med god kommunikasjon, opplæring og oppmuntring klarer alle det meste. Sjukefråværet er lågt, og medarbeidarundersøkinga viser at her ikkje er mobbing eller diskriminering. Vi løyser problem i fellesskap og er stolte av arbeidsplassen vår. Og vi har ein fantastisk leiar i Gunn Hofset. Etter omstillinga har ho framleis overblikket og ordnar ut i ein fei.

Vi er enno ein stabil, samansveisa og positiv gjeng. Ikkje slett like spente: Vi har klart oss rett strålande gjennom denne omstillinga også. Vi tør påstå at brukarane også har det veldig bra i dei nye lokala.

---

**TILSETTE VED BUSTADANE PÅ ULSHAUGEN OG I HOLSEKERDALEN 20**
Vinnarar av HMS-prisen i Ulstein kommune for 2015




HMS-prisen



ULSTEIN KOMMUNE

## VERDIGRUNNLAG

Nyskaping

Omsorg

Rausheit

Mangfald




## STYRINGSMÅL

Nøgde brukarar

Motiverte og kvalifiserte medarbeidarar

Godt omdøme

God ressursstyring



**Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.**



## VÅRE TILSETTE

Arbeider etter verdigrunnlaget

Set brukaren i fokus

Representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte

Følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



## VÅRE LEIARAR

Er utviklingsorienterte

Kommuniserer godt

Har endringsvilje

Er lojale

Har evne og vilje til leiing

Ulstein - ein god stad for menneske i alle livsfaser


| | |
|---|---|
| **2015: EIT FINT SPRANG INN I FRAMTIDA** | **SIDE 6** |
| **HELSING FRÅ ORDFØRAREN** | **SIDE 8** |
| **ETATSVISE OVERSIKTER** | **SIDE 12** |
| Folkevalde | Side 14 |
| Sentraladministrasjon | Side 16 |
| Helse og omsorg | Side 18 |
| Oppvekst- og kulturetaten | Side 20 |
| Teknisk etat | Side 22 |
| **ORGANISASJON OG ØKONOMI** | **SIDE 24** |
| Organisasjon | Side 26 |
| Drift | Side 30 |
| Investering | Side 33 |
| Balanse | Side 34 |
| Fond | Side 35 |
| Drift, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF | Side 36 |
| Nøkkeltall konsern | Side 37 |
| Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF | Side 38 |
| Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF | Side 39 |
| Finansforvalting | Side 40 |
| **AVDELINGSVISE OVERSIKTER** | **SIDE 44** |
| Økonomiavdelinga | Side 46 |
| Personalavdelinga | Side 47 |
| Kommunikasjonsavdelinga | Side 48 |
| IT-avdelinga | Side 49 |
| Helse og omsorg – sone 1 | Side 50 |
| Helse og omsorg – sone 2 | Side 51 |
| Helse og omsorg – sone 3 | Side 52 |
| Helse og omsorg – sone 4 | Side 53 |
| NAV | Side 54 |
| Legetenesta | Side 55 |
| Helsestasjonstenesta | Side 56 |
| Sundgotmarka barnehage | Side 57 |
| Haddal skule | Side 58 |
| Hasund skule | Side 59 |
| Ulstein skule | Side 60 |
| Ulsteinvik barneskule | Side 61 |
| Ulstein ungdomsskule | Side 62 |
| PPT | Side 63 |
| Ulstein kompetansesenter | Side 64 |
| Flyktning og innvandrarar | Side 65 |
| Kulturavdelinga | Side 66 |
| Ulstein brannvesen | Side 68 |
| Plan- og bygningsavdelinga | Side 69 |
| Anlegg og drift | Side 70 |
| Vedlegg: Interkommunalt barnevern | Side 72 |



# *2015: Eit fint sprang inn i framtida*

Dersom Ulstein kommune hadde meldt seg på tevlingane om å verte årets folkehelsekommune eller årets friluftskommune i 2015, ville finalistane fått hard konkurranse. Helsefremjande satsingar viser att på hall- og anleggskapasitet, lavterskeltilbod som frisklivs- og sjølvhjelpstiltak, førebyggande helsearbeid, møtestader i byrommet og minst 10 km med nye turstiar. Saman med aktive borgarar, frivillig sektor og næringslivet som gode støttespelarar, kan vi sjå tilbake på eit godt folkehelseår 2015, og ta fatt på nye satsingar for å få alle med!

**NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL FØREBYGGING, HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETENESTE PR. INNB. 0-5 ÅR**




## EIT AKTIVT FOLK

Å vere aktivt deltakande, både fysisk og mentalt, er ei ettertrakta livsform. Kommunen har over tid, og siste åra med folkehelselova som drivkraft, vinkla innsats meir mot å fremje helse framfor primært å behandle sjukdom, sjølv om presset framleis er stort i omsorgstenestene. Folkehelsebarometeret tyder på at det har vore gjort bevisste val lenge, og det synest å bere frukter. Det hjelper å snu haldningar frå eit brukarfokus, til sjølvhjelpsfokus, der ein sjølvsagt har rettar, men også plikter og eit sjølvstendig borgaransvar for eige liv og velferd. Eit aktivt idretts- og organisasjonsliv ser vi er viktig også i dette perspektivet.

## FÅR KOME TIL ORDE

Under 60% av dei røysteføre innbyggarane gjekk til urnene i kommunevalet i 2015, færre enn ønskjeleg. Lokaldemokratiet bør difor utviklast langs fleire aksar for å gjenreise engasjementet. Ein metode er innbyggarundersøking, som Ulstein kommune gjennomførte for andre gong i år. Mange svarte og resultata er gode: Kommunen løftar seg på alle parameter samanlikna med same undersøking i 2013, og dei av respondentane som har nytta tenestene i kommunen gir gjennomgåande betre score enn dei som svarer ut frå kva inntrykk dei har. Kommunen har arbeidd målretta med å styrke attraktiviteten som bukommune og som vertskap for verdiskaping. Undersøkinga tyder på at dette vert verdsett. Mange er elles opptekne av at også krinsane får prioritet, og det tek vi med oss. Og sjølv om fleire av dei spurde er uroa for kommunens investeringsiver, er fleirtalet nøgde med korleis midlane er nytta.

## NOK EIT VEKSTÅR

Nær 80% av innbyggarane i Ulstein i yrkesaktiv alder har sitt virke i privat sektor, og nær 70% i oljerelaterte næringar. Krevande tider har prega næringslivet i 2015, og kommunen har merka omstillinga. Likevel var folkeveksten på nær 140 innbyggarar og kommunen leverer eit positivt driftsresultat på ca 8 million i tillegg til vedteken fondsavsetning på kr 6 million. Sjølv om inntektene heldt seg bra oppe ut 2015, er nøkkelen endå meir enn før ei nøktern drift på dei store tenesteområda, og kontinuerleg jakt på smart tenesteleveranse. Det vert satsa på førebyggande helsearbeid for dei minste og vi registrerer at tilrettelagt undervisning går ned med 5% i høve fjoråret. Barnehageområdet endeleg går i balanse, og det er på tide. På den andre sida er det framleis stor vekst i tiltak i barnevernet og det vert stadig fleire brukarar, også unge, med store og samansette behov i omsorgstenestene. Vi merkar oss også stor auke i elevtalet ved Ulsteinvik Barneskule og ein betydeleg auke i brukarar av heimebasert omsorg.



Glimt frå begeistringsveka 2015 i MOT-regi.

## SMARTKOMMUNEN?

Utrullinga av mobil pleie på tampen av 2015 hausta raskt lovord mellom våre tilsette, og er del av eit stort regionalt prosjekt som har fleire positive ringverknader. Grøn energi vert no pumpa opp av fjorden av Ulstein fjernvarme.

Og vi fekk starta satsinga Teknologiskulen i haust, trygt forankra i næringslivet og heilt i tråd med NOU 2015:8 – «Fremtidens skole». Å utvikle skapande evner føreset andre tilnærmingar i teknologirike omgjevnader, og vil utfordre måten vi lærer på. Utviklinga skjer raskt i vår tid, og at borna våre etter kvart får høve til å lære dette, er viktig! Og kanskje er det berre 4-5 år til kommunen kan investere i førarlause shuttle-bussar som kan gå med 10 minutts intervall rundt i småbyen vår? Det vil i så fall mange aktive familiar sette pris på.

**Stor takk** til våre 616 tilsette, som har løfta i flokk, funne løysingar og hjelpt kvarandre til nytte for innbyggarane, og med basis i rammene vi har. Det har de gjort godt også i 2015!

**EINAR VIK ARSET**
Rådmann

## FOLKEHELSEPROFIL

Folkehelseprofilen for Ulstein skildrar trekk om samfunnets generelle helsetilstand. Saman med annan kunnskap er profilen godt eigna til å peike på vidare satsingar.

Grøne prikkar viser resultat som er signifikant betre enn landsgjennomsnitt. Det nye i år er at UngData er innlemma i profilen. Det er oppløftande at ungdommen drikk lite alkohol, er fysisk aktive og i stor grad er medlemmar i fritidsorganisasjonar. Skuleresultat er også over landssnittet, som er målsetnaden, om enn berre marginalt.

Arbeid og utdanning har ein klar samanheng med forventa levealder og god helse. Derfor teiknar det godt for framtida at fråfallsprosenten på vidaregåande og andelen unge uføre er lav. Så ser vi at muskel- og skjelettplager synest utbreidd, det same gjeld antibiotikabruk.

Hovudutfordringa framover blir å hindre aukande sosiale helseskilnader. Vi ligg så langt godt under landsgjennomsnittet på skilnad i forventa levealder etter utdanning og på snittet i ulikskap i inntekt, men indikatoren for ulikskap i inntekt har auka.

Generelt er oversikta gledeleg lesing for Ulstein, der vi er mellom dei ti beste kommunane i landet på fleire av indikatorane, sjå tabellforklaring. Dette er spesielt, og skil seg klart frå mange av nabokommunane. Meir om dette på www.khs.fhi.no

- Kommunen ligger signifikant bedre an enn landet som helhet
- Kommunen ligger signifikant dårligere an enn landet som helhet
- Kommunen er ikke signifikant forskjellig fra landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig fra landnivået
- Ikke testet for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikke testet for statistisk signifikans)
- Verdien for landet som helhet
- Variasjonen mellom kommunene i fylket
- De ti beste kommunene i landet

En «grønn» verdi betyr at kommunen ligger bedre an enn landet som helhet, likevel kan det innebære en viktig folkehelseutfordring for kommunen da landsnivået ikke nødvendigvis representerer et ønsket nivå. Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan være noe å strekke seg etter. For å få en mer helhetlig oversikt over utviklingen i kommunen kan du lage diagrammer i Kommunehelsa statistikkbank. Les mer på www.fhi.no/folkehelseprofiler og se Kommunehelsa statistikkbank, khs.fhi.no.

| Tema | | Indikator | Kommune | Fylke | Norge | Enhet (*) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Befolk-ning | 1 | Befolkningsvekst | 2,5 | 0,84 | 1,1 | prosent |
| | 2 | Personer som bor alene, 45 år + | 22,4 | 23,7 | 25,6 | prosent |
| | 3 | Valgdeltakelse 2015 | 60 | 58 | 60 | prosent |
| Levekår | 4 | Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år | 86 | 83 | 83 | prosent |
| | 5 | Lavinntekt (husholdninger), 0-17 år | 7,9 | 8,7 | 11 | prosent |
| | 6 | Inntektsulikhet, P90/P10 | 2,7 | 2,5 | 2,7 | - |
| | 7 | Barn av enslige forsørgere | 9,8 | 14 | 15 | prosent |
| | 8 | Arbeidsledige, 15-29 år (ny def.) | 2,1 | 2,3 | 2,7 | prosent |
| | 9 | Uføretrygdede, 18-44 år | 1,6 | 2,3 | 2,6 | prosent (a,k*) |
| Miljø | 10 | God drikkevannsforsyning | 0 | 84 | 92 | prosent |
| | 11 | Forsyningsgrad, drikkevann | 77 | 92 | 89 | prosent |
| | 12 | Skader, behandlet i sykehus | 10,9 | 13,3 | 12,8 | per 1000 (a,k*) |
| | 13 | Ensomhet, Ungdata | 13 | 17 | 18 | prosent (a,k*) |
| | 14 | Fornøyd med lokalmiljøet, Ungdata | 77 | 71 | 70 | prosent (a,k*) |
| | 15 | Medlem i fritidsorganisasjon, Ungdata | 71 | 62 | 63 | prosent (a,k*) |
| Skole | 16 | Trives på skolen, 10. klasse | 87 | 86 | 85 | prosent (k*) |
| | 17 | Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl. | 25 | 27 | 25 | prosent (k*) |
| | 18 | Laveste mestringsnivå i regning, 5. kl. | 22 | 26 | 26 | prosent (k*) |
| | 19 | Frafall i videregående skole | 13 | 21 | 24 | prosent (k*) |
| Levevaner | 20 | Fysisk inaktive, Ungdata | 8,5 | 13 | 13 | prosent (a,k*) |
| | 21 | Overvekt inkl. fedme, 17 år | 21 | 23 | 21 | prosent (k*) |
| | 22 | Alkohol, har vært beruset, Ungdata | 6,6 | 12 | 14 | prosent (a,k*) |
| | 23 | Røyking, kvinner | 3,6 | 11 | 10 | prosent (a*) |
| Helse og sykdom | 24 | Forventet levealder, menn | 79,2 | 79,1 | 78,2 | år |
| | 25 | Forventet levealder, kvinner | 84,5 | 83,8 | 82,8 | år |
| | 26 | Utdanningsforskjell i forventet levealder | 2,5 | 3,7 | 4,8 | år |
| | 27 | Psykiske sympt./lid, primærh.tj., 15-29 år | 128 | 133 | 142 | per 1000 (a,k*) |
| | 28 | Psykiske lidelser, legemiddelbrukere | 123 | 121 | 130 | per 1000 (a,k*) |
| | 29 | Muskel og skjelett, primærhelsetjenesten | 277 | 281 | 262 | per 1000 (a,k*) |
| | 30 | Hjerte- og karsykdom, beh. i sykehus | 16,9 | 16,0 | 17,3 | per 1000 (a,k*) |
| | 31 | Type 2-diabetes, legemiddelbrukere | 33 | 31 | 35 | per 1000 (a,k*) |
| | 32 | Lungekreft, nye tilfeller | 51 | 52 | 55 | per 100 000 (a,k*) |
| | 33 | Antibiotika, legemiddelbrukere | 298 | 226 | 229 | per 1000 (a,k*) |
| | 34 | Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år | 96,7 | 95,3 | 94,7 | prosent |

**Folkehelsebarometer for Ulstein**



*“Generelt er oversikta gledeleg lesing for Ulstein, der vi er mellom dei ti beste kommunane i landet på fleire av indikatorane”*



# *Helsing frå ordføraren*

**Eg vil takke for tilliten som både innbyggarane og kommunestyret har vist ved å velje meg til ordførar. Det er ei glede å få leie ein så ekspansiv og flott kommune som vår. Eg set stor pris på tilliten og skal gjere mitt beste for å fylle rolla på ein god måte.**

Sysselsette med arbeidsstad i regionen, indeksert til år 2000




Den eksepsjonelt høge arbeidsplassdekkinga har i mange år påvirka tilflytting og byggeaktivitet, innpendling frå nabokommunar, handelstal, legedekning og meir til. Det vert spennande å sjå kor sterkt omstillinga i næringslivet vil påvirke Ulsteinsamfunnet og regionen framover.

Etter mange år med samanhengande opptur, med tilhøyrande auke i sysselsettinga og folketalet, gjekk aktiviteten i store deler av næringslivet vårt ned. Mange arbeidsplassar har forsvunne, og arbeidsløysa har auka betrakteleg. Sjølv om det er mange år sidan sist, har Ulstein-samfunnet gått gjennom mange liknande konjunkturnedgangar tidlegare. Felles for dei alle er likevel at ein har greidd å snu seg rundt og finne nye marknader og utvikle nye, framtidsretta produkt. Omstilling er med andre ord ikkje eit ukjent fenomen i regionen vår, snarare velkjent.

Omstilling er heller ikkje ukjent for kommunen som organisasjon. Kommunen driv kontinuerleg omstilling både ved å ta på seg stadig fleire oppgåver, og ved å løyse dei på nye måtar. Eg opplever organisasjonen som dyktig og lojal i alle ledd, og at vi stadig søkjer å yte betre og meir effektive tenester. Ulstein kommune er kjent for å vere både utviklingsorientert og framoverlent, det er eg stolt av. Vi vert inspirerte av industrien rundt oss som gjennom kvalitet og innovasjon hevdar seg i ein global konkurranse. Framstega skjer som oftast gjennom utveksling av erfaring og idear på tvers av ulike yrkesgrupper og aktørar, og slik må også kommunane tenke. Det ligg også ei sterk drivkraft i å konkurrere med andre. Ulstein kommune har gjennom «Teknologiskulen» og «LæringsArena Ulstein» ei nasjonal pionerrolle der vi skaper nye arenaer for ungt entreprenørskap og framtidsretta undervisning.

Folkevekst har vore og er framleis viktig både for Ulstein og heile regionen. Nye innbyggarar i arbeidsfør alder legg grunnlaget for morgondagens samfunn. Difor er det avgjerande å gjere lokalsamfunnet attraktivt og interessant. Vi må heile tida utvikle tettstaden vår og skape mangfald i arbeidslivet. Like eins må vi sjå til at born og unge har gode oppvekstvilkår slik at dei ønskjer seg ei framtid i kommunen. Det er svært gledeleg at også 2015 gav oss ei svært positiv folketalsutvikling, trass vanskelege tider i næringslivet.

Kommunereforma er i ein avgjerande fase. Det er no opp til innbyggarane å gje oss eit godt råd før kommunestyret gjer vedtak i juni 2016. Ulstein kommune ønsker å bygge på det som er bra i kommunane, og vere bevisst på kvalitetane og utfordringane som ligg i regionen.

Eit levande og medverkande demokrati er eit av områda vi søkjer å bli betre på. Vi ønskjer å involvere innbyggarane i størst mogleg grad. Kommunen har stort utbytte av å bli målt på dei tenestene vi yter og dei vala vi gjer. Dette skal skje kontinuerleg og ikkje berre gjennom val kvart fjerde år. Hausten 2015 vart 2500 innbyggarar i Ulstein inviterte til å delta i ei stor brukarundersøking. Vi kan med glede registrere at vi får mange gode tilbakemeldingar, men også klare beskjedar om kva vi må bli flinkare til. Vi leitar no etter nye metodar som kan gjere det lettare for innbyggarane å ta del i store og små saker.

Avslutningsvis vil eg takke for innsatsen som både tilsette og folkevalde har lagt ned i 2015. Eg håpar at 2016 vert eit nytt godt år for kommunen i vid forstand.

**KNUT ERIK ENGH**
Ordførar



## KOMMUNEKOMPASSET 2015 OG 2013




Kommunen har fått evaluert sin forvaltningspraksis av KS i 2013 og 2015. Grafen viser fin utvikling på område “3. Politisk styring og kontroll”, område “5. Resultatfokus og effektivitet” og område “7. Utviklingsstrategi og lærande organisasjon”.







Auken frå 361 poeng i 2013 til 433 poeng i 2015 er betydeleg ettersom det er krevjande å løfte ein kommune meir enn 30 poeng årleg i kommunekompasset. For kommunar mellom 5.000 og 10.000 innbyggarar scorar Ulstein høgast av dei kommunane som er evaluert i kommunekompasset.

Som vi ser av diagrammet skårar Ulstein godt over landsgjennomsnittet på samtlege område. Størst er det positive avviket på område 3 Politisk styring og kontroll, område, område 7 Utviklingsstrategi og lærande organisasjon og område 8 Kommunen som samfunnsutviklar.



# *Innbyggarundersøking 2015*

Utvikling frå 2013 til 2015.
*12 kommunar er med i snittet for Noreg i 2015- 11 kommunar var med i snittet for Norge i 2013*

| | 2015 SNITT ULSTEIN | 2015 SNITT NORGE | 2013 SNITT ULSTEIN | 2013 SNITT NORGE |
|---|---|---|---|---|
| Tenestene frå din kommune - brukar | 4,9 | 4,6 | 4,6 | 4,5 |
| Tenestene frå din kommune - inntrykk | 4,6 | 4,3 | 4,2 | 4,1 |
| Næring og arbeid | 4,8 | 3,9 | 4,7 | 4,2 |
| Transport og tilgjengelegheit i kommunen | 3,6 | 3,2 | 2,9 | 3,1 |
| Miljø i kommunen | 5,0 | 5,0 | 4,8 | 5,0 |
| Klima og energi | 4,3 | 3,9 | 3,8 | 3,8 |
| Natur og landskap og friluftsliv | 4,9 | 4,6 | 4,3 | 4,4 |
| Levekår | 4,7 | 4,3 | 4,3 | 4,2 |
| Bumiljø og senterfunksjonar i kommunen der du bur | 4,5 | 4,1 | 4,1 | 4,0 |
| Servicetilbodet | 4,7 | 4,2 | 4,5 | 4,2 |
| Bustadtilbodet | 4,4 | 4,1 | 3,9 | 3,6 |
| Kultur og idrett | 4,9 | 4,5 | 4,7 | 4,4 |
| Utbygging og utvikling | 4,5 | 3,9 | 4,1 | 3,7 |
| Tryggheit | 5,1 | 5,1 | 4,9 | 5,1 |
| Kommunen som buplass | 5,1 | 4,7 | 5,0 | 4,9 |
| Møte med din kommune | 4,1 | 3,5 | 3,6 | 3,4 |
| Tillit | 4,2 | 3,7 | 3,9 | 3,6 |
| Heiheitsvurdering | 4,7 | 4,0 | 4,7 | 4,3 |
| **Snitt totalt** | **4,5** | **4,1** | **4,2** | **4,1** |

**Ulstein 2015:**
Svarprosent på 26 (648 svar) - Undersøkinga gjekk ut til 2449 (sendt ut til 2500 minus 51 i retur frå Posten pga. ukjent adresse).

**Ulstein 2013:**
Svarprosent på 28 (742 svar) - Undersøkinga gjekk ut til 2656 (sendt ut til 2700 minus 44 i retur frå Posten pga. ukjent adresse).

Vi får god score på kommunen som trygg buplass, godt miljø, og gode natur- og fritidstilbod. Resultatet er også betre enn i 2013.

# *Kva meiner dei som har brukt tenesta, og kva inntrykk har dei som ikkje har brukt tenesta?*




Vi ser at kommunen gjennomgåande får høgre score frå dei som faktisk har brukt tenesta, enn dei som ikkje har vore i kontakt med oss.

## KVA SEIER INNBYGGARANE OM ULSTEIN KOMMUNE?

Innbyggarundersøkinga var i hovudsak avkryssing frå 1-6 på ulike spørsmål, men opna også for kommentarar. Denne gongen fekk vi inn nærare 700 kommentarar og viktige tilbakemeldingar frå innbyggarane. Her er eit lite utval:

### Friluft og folkehelse

Naturveien over Bugardsmyren og videre opp mot Lisjevatnet samt Eidet er en meget klok beslutning for å få fleire ut i naturen

Vikemarkfeltet med barnehage og flott tursti til Varleite er veldig bra.

Planlegging og gjennomføring av utbygging av idrettsanlegg og område som alle kan bruke til fysisk aktivitet og rekreasjon :)

Friluftsområde, Sjøgata, Holsekerdalen. I grunnen en flott kommune å bo i og bli gammel i.

Utbyggingav idrettsanlegg og infrastruktur elles. Set stor pris på at fjella vert tilgjengelege for fleire.

Kommuniser til folket kor viktig Arena er for skulane i sentrum og for dei som treng varmtbad.

### Tettstadsutvikling

Bygger for fort ut store bygg i sentrum utan å ta vare på sjøhusstilen som var før. Gaper litt høgt i høve stor lånegjeld. "Arenaiver" er høgre enn folkemeininga. Ikkje klart å halde nede nye tomter sin pris.

Veldig fint sentrum! Nydelig landskapsarkitekter. Ja, takk til fleire grøne lunger, leikeplassar, møteplassar. Nei, takk til meir parkeringsplassar! Kva skal vi med det? Andre byar satsar på å bli bilfrie...

Utbygging av vegar og infrastruktur, spesielt sentrum er opprusta, og det er ei god investering for framtida. Stor lånegjeld no, men pengane er brukt meget fornuftig. Får mykje skryt fra besøkande, som synest vi har eit triveleg sentrum, dette kan vi vere stolte av.

Håper kommunepolitikarane forstår at Kyrkja og kyrkjegravstaden ikkje må røyvast.

Synst kommuna har lukkast i stor grad av utviklinga i sentrum. Blir det eigedomsskatt, har kommuna mislukkast fullstendig!

### Økonomistyring

Det er åt å verte svært dyrt å bu i denne kommunen. Lurt å tenke på det.

Flytta til Ulsteinvik i 1956, og er glad for å bo her. For å nyte, må vi yte. Eigedomsskatt toler dei fleste av oss, særleg vi som har levd ei stund.

Er særs nøgd over korleis kommuna jobber, er nøgd med det tilsette i ansvarsfulle stillinger. Har bodd her i over 40 år, og har særs lite å klage over. Er særs nøgd.

Innovasjon, utvikling, gjere kommunen attraktiv, sentrumsutviklingen har vore super over dei siste 10 åra.

Alt for dyrt kommune å bo i. "Ekte" Ulsteinvik folk er ikke åpen + vennlig, litt falske!

### Krinsane

Lytte til ALLE innbyggerne, også de i utkanten av kommunen.

Kommunen må verte flinkare å sjå utkantane (krinsane), både når det gjeld vatn, vegar, turvegar. Skulle gjerne hatt 3-4 gatelys rundt Aursneset til turvegen der.

Kommuneleiinga og dei folkevalde må vere meir med å utvikle og ta vare på krinsane i kommuna. Det blir for mykje berre Ulsteinvik sentrum.

Sterkt ønske om gangveg fra Kleven til Straumanekrysset. Bør prioriterast, før ulykka skjer.

### Litt sukker og salt

Helsefarleg å bu her. Uærlegheit frå politikare og kommune, tek seg sjølve høgtideleg. Gjev / tek deg alvorleg om du hev rett namn og lommebok.

Nærmar oss Robek - lista.

Eg trives godt i Ulsteinvik og er glad for at kommuna har satsa på framtida

KVIFOR SVARAR IKKJE TEKNISK ETAT PÅ BREV?

Tillit og serviceinnstilling er ofte knytt til person. Vanskeleg å svare på generelt.

- Mykje rot med posten. Kjem feil brev som er adressert rett. Og mykje rot med pakker på Mega. Savner posten som var post og ikkje på butikk!

Teknisk etat er framleis elendig og prega av ein håplaus kultur.

UNØDVENDIG MED ARENA ULSTEIN. DET ER FOR DYRT OG VI TRENG DET IKKJE!

### Tenester

Lukkast i å gje eit godt tilbud til dei eldre og dei funksjonshemma - omsorgsbolig. Sjølv om boligane er altfor dyre for dei som bur der så anser eg tilbodet som godt.

Helse og omsorg. Dei eldre kunne fått eit mykje betre tilbod. Oppvekst. Ulstein skule treng nye toalett på delar av skulen. Gangveg på Skeide og på Dimna. Ikkje ta imot fleire flyktningar før dei som allereie er her har plass og bu og er integrert. Her er ikkje uendeleg med plass heller...

Burde ansette fleire hjelparar på sjukeheimen.

Trygge skoleveier fremfor turstier? Kanskje dere kan tnke på trygge veier for skolebarn. Gangvei fra Kleven til Hasund skole f.eks.? Der ferdes mye tungtrafikk.

Så har vi fått eit førsteklasses idrettsanlegg med eit fint fotballstadion og innendørshall med alle aktivitetar for alle grupper idrett, ei veldig fin løysing.

# Etatsvise oversikter



KVA SEIER INNBYGGARANE OM:

## Friluft og folkehelse

Flott plass å bo og sjå sine barn vokse opp! - Husk! Sjøl om man får rimelig karakter, skal det ikke være en hvilepute!!!

Eldre passiviseres. Dyrt for eldre i kommunale enheter.

Flott at det blir laga ny turveg på Gamleeidet. Håpe at det blir køyrd opp skispor når snøen kjem.

Eg er fornøgd med å bu i kommuna. Men er heldig som er frisk og klarer å forsørge meg sjølv, ergo lite erfaring med kommunehelseteneste etc. Einaste eg har på ønskelista er lys i alle lyktestolpane over Gamleeidet! :-)

Fortsett satsing på turstiar som påbegynt på Eidet/Vikeskaret. Myr og torv og blaute parti er her meir enn nok av likevel. Allereie etablerte turstiar vert mykje brukt og dersom ein får sydd saman den påbegynte stien mot Lisjevatnet med ein veg nedanfor Lågskjervene mot Vikeskaret/Pumpehuset blir det supert. Då kan vi kanskje t.o.m. leite fram skia!

Virke som alders/ sjukeheim/ skoler trenger forsterkning





**ORDFØRAR**
**KNUT ERIK ENGH**



**VARAORDFØRAR**
**STEINAR TORVIK**

# *Folkevalde*

*m/politisk sekretariat*

| ÅRSVERK | TILSETTE | | |
|---|---|---|---|
| 2,7 | 4 | | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 4 | 3,7 | 4,5 |
| Budsjett | 4,2 | 4 | 3,9 |
| **Avvik** | **0,2** | **0,4** | **-0,7** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | | | 0,24% |

Den politiske strukturen er bygd på hovudutvalsmodellen. I tillegg til dei lovfesta organa med kommunestyre (25 representantar), formannskap (7), kontrollutval (5) og fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (8) har kommunen to hovudutval: levekårsutvalet (9) og teknisk utval (7), samt ei rekke nemnder. Formannskapet og hovudutvala har avgjerdsmynde innafor budsjettrammer og i medhald av delegeringsreglementet og har tilrådingsrett direkte til kommunestyret. Politisk sekretariat er støttefunksjon for dei folkevalde. Kontrollutvalet er organisert med eige sekretariat saman med åtte andre kommunar.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Styrke innbyggardialogen gjennom betre tilrettelegging for kontakt og deltaking.
- Ta i bruk ny teknologi for å styrke kommunikasjon mellom folkevalde og innbyggarar.
- Gode rutinar for styring og kontroll av selskap der folkevalde er representert i styre, representantskap, årsmøte og generalsforsamlingar.
- Forenkling/betre tilrettelegging av saksdokument for folkevalde og innbyggarar.
- Satsing på innovasjons- og utviklingsarbeid på alle tenesteområda i kommunen, med formannskapet som innovasjons- og utviklingsutval.
- Gå gjennom delegeringa av avgjerdsmynde (delegasjonsreglementet) for å styrke den demokratiske styringa av kommunen.

## *Aktivitet og resultat 2015*

**Kommunereforma** har teke mykje av tida og merksemda til avdelinga i 2015. Særleg ordførar og varaordførar har vore spesielt engasjerte i denne prosessen både før og etter valet i haust. Det har vore ein stor jobb der både Regionkommune Sunnmøre og Ytre Søre Sunnmøre har vore utgreia som alternativ. Det vart halde eige folkemøte om dette i januar med godt frammøte. Prosessen om kommunereforma held fram i 2016 og skal munne ut i eit vedtak før ferien.

**Kommune- og fylkestingsvalet** tok også sjølvsagt mykje merksemd dette året. Jan Berset avslutta si 3. periode som ordførar og inn kom ny ordførar og varaordførar. Ny leiar i Teknisk utval vart Alf Johan Antonsen (Frp), medan Eldar Knotten (V) held fram som leiar i Levekårsutvalet. Ivar Mork (Ap) tok over som leiar av Kontrollutvalet.

**Rekneskapen** viser eit meirforbruk på vel 0,7 mill. Dette skuldast delvis feilbudsjettering av lønskostnader som følgje av nye medarbeidarar, underbudsjettering av møtegodtgjersler, samt at det vart vedteke ei generell innsparing som ikkje vart konkretisert. Dette må ryddast opp i 2016.

**Vitalisering av demokratiet** har vore viktig. Nytt politisk reglement vart utarbeidd og vedteke i 2015, og vi har jobba med å styrke innbyggardialogen gjennom å ta i bruk nye plattformar som videoverføringar av kommunestyremøta og Facebook. Vi har også prøvd nye metodar som «Open Space» samlingar i høve kommunereforma og jobba med å utarbeide kortversjonar av sakene for å gjere det lettare for innbyggarane å få innsyn i kva vi jobbar med. Dette arbeidet skal vidareførast og styrkast i 2016.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,38 mill. | -0,7 mill. | 0 kr |
| BRUKAR | Vi legg til rette for brei deltaking og demokrati i kommunen | Andel politiske saker med kortversjon av saksframlegg på web | - | 0 % | 30 % |
| | | Andel kommunestyremøte som vert gjort tilgjengeleg på web med lyd/bilete | F.o.m. des. 14 | 8 av 9 | 100 % |
| | | Tal på folkemøte pr. år | 3 | 1 | 2 |
| | Styrka politisk samarbeid og styring | Tal på gjennomførte planleggingsmøte mellom ordførar, varaordførar og utvalsleiarane | - | 1 | 2 |
| | | Tal på møte i formannskapet som innovasjons- og utviklingsutval | - | 1 | 1 |
| | | Tal på møte i ad hoc-gruppe for revidert delegeringsreglement | - | 0 | 1 |
| | Samarbeid med næringslivet – ein forpliktande arena | Tal på næringslivsrunder med sentrale verksemder i kommunen | 28 | - | 15 |
| | | Tal på «kreative forum» som er blitt utvikla saman med representantar frå nærings- og organisasjonsliv | 1 | - | 1 |
| ORG. | Politisk-administrative samspel | Tal på politisk-administrative leiarforum | 2 | 2 | 2 |
| | | Andel førebuingsmøte mellom kommunalsjef og utvalsleiar av utvalsmøte totalt | F.o.m. 2015 | - | 75 % |
| | | Tal på gjennomførte lunsjmøte med einingar/etatar (ordførar, rådmann og utvalsleiarar) | - | - | 15 |
| | Vi har god eigarskapskontroll | Tilbakemelding frå selskap kommunen har eigarinteresser i – eige temamøte | - | - | - |



Kommunestyret perioden 2015 - 2019.

## NETTO DRIFTSUTGIFTER I PROSENT AV TOTALE NETTO DRIFTSUTGIFTER




## PROSENTVIS FORDELING AV NETTO DRIFTSUTGIFTER FRÅ 2009 - 2015





**RÅDMANN**
**EINAR VIK ARSET**



**ASS. RÅDMANN**
**VERNER LARSEN**

# *Sentraladministrasjon*

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 24,5 | | 27 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 30,5 | 31,5 | 31,6 |
| Budsjett | 32,7 | 35,2 | 38 |
| **Avvik** | **2,2** | **3,6** | **6,4** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 7,46% | 3,29% | 4,51% |

Sentraladministrasjonen består av rådmannen sine stabsfunksjonar:
Økonomi, Personal, IT og Kommunikasjon. Einingane er støttefunksjonar for kommunalsjefar og leiarane i kommunen, og har kontrollerfunksjon opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategiutvikling, kommunalt planarbeid, vegval i nyskapingsarbeid, tettstadsutvikling og kommunen sitt eigedomsselskap UEKF er også lagt til eininga.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Strategisk fokus på kvalitetsutvikling og tenesteinnovasjon
- Utvikle og drifte felles system for internkontroll, risikohandtering og avviksrapportering
- Oppdaterte planar for samfunns- og tettstadsutvikling
- Kompetanseheving på kommunen på regelverk, rutinar og programvare innan våre fagområde.
- Vere gode på målstyring, jobbe bevisst med kvalitet og omdømme i kommunen

## *Aktivitet og resultat 2015*

Også i 2015 har vi i sentraladministrasjon arbeidd for å utvikle kommunen som ein politisk målstyrt organisasjon med klare prioriteringar. Oppfølging av Ulstein fjernvarme og Arena Ulstein har vore prioritert. I tillegg har kommunereformprosessen hatt fokus, både internt og i fellesskap med nabokommunane.
Arbeidet med overordna planverk vart oppstarta i 2015. Arbeidet omfattar både arealdel og samfunnsdel av kommuneplanen. Det er eit ambisiøst prosjekt å rullere desse to planane parallelt, men det kan gje betydelege gevinstar på samordning. Kommunane på søre Sunnmøre er gode på samordning innanfor IKT, og Ulstein kommune har bidrege aktivt til utvikliga av SSIKT. Dette ser vi som eit strategisk viktig arbeid framover.

Kommunekompasset er eit nyttig verktøy for å styre vårt utviklingsarbeid. Vi har i 2015 mellom anna på grunnlag av evalueringane oppdatert vårt delegeringsreglement, utforma og fått vedteke ny arbeidsgjevarstrategi og etikkreglement, starta på forenkling av våre leiaravtalar, og hatt fleire prosjekt knytt til nyskaping i forvaltinga.

Leiarutvikling har hatt prioritet i 2015, både for rådmanns leiargruppe og på mellomleiarnivået. Vi er opptekne av å utvikle både fagleg kompetanse og relasjonskompetanse i kommunen. Godt samspel og bevisst samordning mellom nivå og fagområde må ha kontinuerleg fokus.
Det positive avviket i rekneskapen skuldast ikkje aktivitet, men har samanheng med inntektsføring frå avrekning av pensjon. Inntektsføringa var på kr. 6,4 million. I budsjettet er vedteke eit innsparingsmål på effekt av innovasjon, og er ikkje fordelt ut på sektorane. Internt har kap. for rådmann ei overskriding på 400 000 kr. Sentraladministrasjonen samla har ei overskriding på 100 000 kr.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ØKONOMI** | | Avvik mot budsjett | 3,66 mill. kr | 6,4 mill. kr | 0 kr |
| **BRUKAR** | Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd | Total score frå kommunekompasset | 433 av 800 | Målast 2016 | 500 av 800 |
| | | Kommunekompasset: score på resultatfokus og effektivitet | 50 av 100 | Målast 2016 | 60 av 100 |
| | | Kommunekompasset: score på tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering | 42 av 100 | Målast 2016 | 80 |
| | | Omfang elektronisk tilgjengelege skjema | - | Målast 2016 | |
| **ORG.** | Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø | Andel tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale | 17 av 19 | 16 av 19 | 100 % |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking Ulstein kommune | 79 % | 56% | 100 % |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,9 av 6 | - | 5,5 av 6 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,2 av 6 | - | 5,5 av 6 |
| | | Sjukefråvær | 3,29 % | 4,5% | 2 % |
| | Vi har fokus på internkontroll | Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år | 12 | 5 | 15 |
| | | Nye overordna innovasjonsprosjekt | 3 * | 4 | 3 |
| | | Konsulentkostnadar knytt til økonomi- og lønnssystem | | 42% reduksjon | 20 % reduksjon |
| | | Tal på gjennomførte etatsvise ROS-analyser | 1 av 4 | 2 | 4 av 4 |
| | | Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månadar | 60 | - | 0 |

# *Overordna satsingar i 2015*

Det er siste åra gjort endringar i økonomiplandokumentet slik at overordna planverk heng betre saman med prioriteringane i fireårsperioden. Vi har mellom anna nytta Kostra-analysar og KS sitt evalueringsverkty Kommunekompasset for å identifisere område med størst forbetringspotensiale.

| | IKKJE KONKURRANSEDYKTIG | KONKURRANSEDYKTIG | BLANT DEI LEIANDE | LEIANDE |
|---|---|---|---|---|
| Offentlegheit og demokrati | | ■ ------ ➔ | | |
| Tilgjengeligheit, innbyggar- og brukarorientering | | ■ ------ ➔ | | |
| Politisk styring og kontroll | | | ■ | |
| Leiarskap, ansvar og delegasjon | | | | ■ |
| Resultatfokus og effektivitet | | | ■ ------ ➔ | |
| Kommunen som arbeidsgjevar | | | | ■ |
| Utviklingsstrategi og lærande org. | | | ■ | |
| Kommunen som samfunnsutviklar | | | | ■ |

*evaluert med kommunekompasset 2.0

**NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL ADMINISTRASJON OG STYRING I KR. PR. INNB., KONSERN**




Ulstein kommune har relativt lave kostnader på kostra-funksjon 120, administrasjon. Det går elles fram av diagrammet på s. 32 utgjer administrasjon ein stadig mindre prosentvis andel av totalkostnader til drift.

**INTERNUNDERSØKING STABSTENESTER 2013 OG 2015**




Undersøkinga viser nokså stabil tilfredsheit til stabstenestene i kommunen. Snittet er likt, men dei største endringane er på ikt og arkiv.



# Helse og omsorg

**KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 158 | | 259 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 140,9 | 149,5 | 152,3 |
| Budsjett | 140,8 | 145,2 | 144,9 |
| **Avvik** | **-0,1** | **-4,3** | **-7,3** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 9,73% | 11,41% | 11,02% |

Helse og omsorg omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav Ulstein, heimetenester, institusjon og dagsenter. Ansvaret og oppgåvene til kommunane har vorte endra som resultat av Samhandlingsreforma, og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggarane. Dette betyr også at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Styrka brukarorientering særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem.
- Styrke satsinga på innovasjon både når det gjeld organisering av tenestene og i tiltak retta mot brukarane.
- Styrke demensomsorga.
- Styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- Styrke leiarane sin kompetanse i leiing, forvaltning og helserett.
- Styrke førebyggande arbeid med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge.
- Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene.
- Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengeleg for flest mogleg av brukarane.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Kommunane har ansvar for å redusere andelen av unødvendige innleggingar i sjukehus og for raskt mottak av ferdigbehandla pasientar. I Ulstein har vi styrka både kompetanse og kapasitet og gir nødvendig behandling/ etterbehandling etter sjukehusinnlegging. Vi er ajour både når det gjeld mottak av ferdigbehandla pasientar, og når det gjeld reduksjon av innleggingar i sjukehus.

I 2014 vart tilbodet på demensavdelinga omorganisert og styrka. I 2015 vart arbeidet med tilbygg til dagavdelinga på Alvehaugen fullført, og gir nye lokale for dagavdeling for demente. Arbeidet med dei nye omsorgsbustadane i Holsekerdalen og Sjøsida vart fullført og brukarar flytta inn som planlagt våren 2015. Dette året starta vi også planlegginga av nytt dagsenter for psykisk utviklingshemma. Planen er at det skal takast i bruk årsskiftet 2016/2017.

Gjennom arbeidet med innflytting i dei nye omsorgsbustadane, omorganiseringa av demensavdeling og planlegging av nytt dagsenter for demente har vi hatt fokus på innovasjon; nye måtar å organisere tenestene på. Vi meiner at vi langt på veg har lukkast med å få ei betre helse- og omsorgsteneste ut av dei eksisterande ressursane. I dette arbeidet står velferdsteknologi sentralt, både ved kompetansehevande tiltak og ved at dei nye omsorgsbustadane er klar for nye teknologiske løysingar.

Omsorgstenestene har godt samarbeid med legetenesta, og bidreg til at vi klarar å gi fleire brukarar nødvendig helsehjelp i kommunen, enten som alternativ til innlegging eller ved behov for rehabilitering eller annan medisinsk oppfølging etter innlegging i sjukehus. Særleg har samarbeidet med legetenesta vore viktig i arbeidet med kvardagsrehabilitering.

Etaten har utvikla gode rutinar og tradisjonar for brukarmedverknad. I 2015 såg vi spesielt til unge brukarar med rusproblem og psykiske helseplagar for å sikre at deira brukarrettar vert ivaretekne.

Kompetanseutvikling og på førebyggande tiltak retta mot arbeidsmiljø/sjukefråvær er viktige område. Vi har heile året arbeidd aktivt for å styrke mellomleiarane sin kompetanse. Vedlikehald og vidareutvikling av relasjonane i leiarteamet har stått sentralt, særlig med tanke på at mellomleiarane kan vere ei støtte for kvarandre.

Etaten har eit rekneskapsmessig underskot på 7,3 mill. kr. Dette skuldast mellom anna at barneverntenesta hadde eit overforbruk på 2,1 mill. kr., rekneskapsført på Helse- og omsorgsetaten. I tillegg hadde vi eit stort behov for styrking av bemanninga til brukarar på demensavdeling som trong 1:1 oppfølging. For dette fekk vi kompensert 2.850 mill. kr i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen for kostnader påløpt i 2014. Desse midlane er ikkje tilført budsjettet til Helse- og omsorgsetaten, men ført på rammetilskotet. Vi forventar å få ein refusjon også i 2016, for kostnader påløpt i 2015.

I tillegg hadde kommunen ressurskrevjande brukarar som flytta til kommunen i 2015, og som ikkje utløyste særskilt tilskot. Samla fekk vi 2 mill. kr mindre i tilskot enn budsjettert grunna lågare pensjonsprosent enn venta. Ein del av det resterande underskotet skuldast også at etaten i 2015 ikkje fekk tilført kompensasjon for variable tillegg. Dette er korrigert på budsjettet for 2016. Kostnadar til BPA og avlastning har i 2015 vore vesentleg høgare enn budsjettert.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -4,27 mill. kr | -7,3 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Eit trygt og godt tenestetilbod | Score frå brukarundersøking: heilheitsvurdering | 5,1 | - | 5 av 6 |
| | Vi legg til rette for brei deltaking og brukarmedverknad | Tal på opne møter der innbyggjarane får presentert resultat frå brukarundersøkingar | - | - | 1 |
| | Integrering og deltaking for brukarar med rusproblem | Tal på brukarar med rusproblem som deltek i arbeidsretta tiltak etter behandling | 5 | 8 | Alle |
| | Fokus på psykisk helsearbeid blant ungdom | Andel ungdom med «lettare psykiske plager» frå Ungdata-statistikk | Ungdomsskule: 10%<br>Vidaregåande: 15% | Ungdomsskule: 15%<br>Vidaregåande: 13% | Under 20% |
| | Førebyggande helsearbeid | Tal på pågåande prosjekt med førebygging som målsetjing | 3 | 5 | 3 |
| | Tidleg oppdaging av demens og fungerande tiltak for demente og deira pårørande | Tal på demente som får hjelp i eigen heim | - | 30 | 30 |
| | | Tal på deltakarar ved demenskurs for pårørande | 10 | 11 | 10 |
| | | Tal på tilsette som deltek i relevant vidareutdanning | 0 | 3 | 2 |
| ORG. | Styrka kompetanseutvikling | Talet på kursdeltakarar innan forvaltningskompetanse, særleg helserett | 20 | 40 | Nye 20 |
| | Saman skapar vi eit betre arbeidsmiljø | Sjukefråvær | 11,41 % | 11,02% | < 7 % |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: gjennomsnittsscore | 4,1 – 5,1 | - | 5 av 6 |
| | Offensiv satsing på tenesteinnovasjon | Tildelte prosjektmidlar pr. år innan helse- og omsorg | 4,72 mill. kr | 4,6 mill. kr | 5 mill. kr |

## NETTO DRIFTSUTGIFTER PR. INNBYGGJAR I KRONER, PLEIE- OG OMSORGTJENESTEN, KONSERN




## NETTO DRIFTSUTGIFTER, PLEIE OG OMSORG PR. INNBYGGJAR, KONSERN




## ANDEL NETTO DRIFTSUTGIFTER PLEIE OG OMSORG, KONSERN




## BRUTTO DRIFTSUTGIFTER TIL ØKONOMISK SOSIALHJELP PR. MOTTAKAR








# Oppvekst- og kulturetaten

**KOMMUNALSJEF GRY NORDAL**

| ÅRSVERK | TILSETTE |
| --- | --- |
| 218 | 261 |

| NETTO RESULTAT | 2013 | 2014 | 2015 |
| --- | --- | --- | --- |
| Rekneskap | 186,9 | 197,7 | 199,2 |
| Budsjett | 188,2 | 189,7 | 201 |
| **Avvik** | **1,3** | **-8** | **1,9** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 8,10% | 7,39% | 7,21% |

Oppvekstetaten femnar om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta og norsk for framandspråklege. Ulstein kommune eig og driv ein barnehage og fem grunnskular. Kommunen har i tillegg ansvar for tilsyn og rettleiing av åtte ikkje-offentlege barnehagar.

Kultur og Idrett vart oppretta som eige område frå august 2014. I denne avdelinga finn vi kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus og kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligsentralen. Eininga er også koordinator for Ungdomsrådet.

## Teneste og utviklingsmål

- Sikre gode læringsmiljø som grunnlag for barn si faglege og personlege utvikling.
- I samarbeid med heimane arbeider skulane kontinuerleg for gode skulemiljø som fremjar trivsel, gode faglege resultat, meistring og mangfald, og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling.
- Sikre barnehageplass til alle som ønskjer det.
- Utvikle eit forpliktande og nært samarbeid mellom skulane og arbeidslivet i kommunen, med sikte på auka kunnskap, kompetanse og rekruttering.
- Endring frå individretta til systemretta arbeid og fokus, og redusert timetal til spesialundervisning.
- Kulturkontoret skal legge til rette for og samarbeide med kulturlivet i kommunen.
- Kulturkontoret skal ha fokus på barn og unge, og legge til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer/aktivitetar i kommunen.

## Aktivitet og resultat 2015

Oppvekst- og kulturetaten har eit positivt resultat på 1,9 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak auka inntekter knytt til busetting og undervisning av flyktningar/fleirspråklege, samt realistiske budsjett på dei fleste einingane. Ei større budsjettregulering vart gjort i juni 2015, for det meste knytt til barnehageområdet som i 2015 går i balanse.

Alle med rett til barnehageplass har fått oppfylt retten sin i 2015. Alle barnehagane har fylt opp plassane i 2015. Det har i løpet av året, og utanom hovudopptaket, vore få tilgjengelege barnehageplassar for tildeling til for eksempel nytilflytta.

Ved Sundgotmarka barnehage vart det gjennomført leiartreningsprogram for alle med pedagogisk leiaransvar.
Innhald og nyvunnen kunnskap frå programmet vert vidareført med styrar som ansvarleg, og med støtte frå administrasjonen v/barnehagekonsulent.
Undersøkingar av elevmiljøet i skulane Ulstein viser stor trivsel og lite mobbing. Resultata er likevel marginalt lavare enn i 2014.

Læringsresultata ligg om lag på nivå med landsgjennomsnittet. Skulane er utviklingsorienterte og deltek i ulike utviklingsprosjekt, som til dømes «Ungdomstrinn i utvikling». Plan for samarbeid skule – arbeidsliv vart ferdigstilt våren 2015, og er verksam frå hausten 2015. Skulane er også i startfasen på ei utvikling av teknologiundervisning på alle trinn. Alle elevane i grunnskulen har i løpet av hausten 2015 hatt minimum ein skuletime med koding/programmering, der elevane sjølve fekk gjennomføre oppgåver i koding. Arbeidet med å utarbeide plan for utvikling av teknologiskulen har vore sentralt dette året, og vi har inngått samarbeid med ulike fagmiljø som t.d. IKTNorge.

Skulane og PPT har i samarbeid sett i gong eit arbeid med å styrke systemarbeid og tilpassa undervisning, ma med det som føremål at behovet for spesialpedagogiske tiltak kan reduserast. Andel timar til spesialundervisning av antal lærartimar totalt var i 2015 på 19,7% mot 23,6% i 2014.

Det vart busett 32 flyktningar i Ulstein kommune i 2015. 69,2% av deltakarane i introduksjonsprogrammet gjekk over i arbeid eller utdanning etter avslutta program.

Ulstein kommune deltek i KS Effektiviseringsnettverk for Introduksjonsordningen. Deltaking i nettverket skal bidra til betre innsikt i eigne tenester og gi grunnlag for endring i ressursprioritering. Målet er å sikre eit heilskapleg kommunalt tenestetilbod med samordna tenester av god kvalitet.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -8,05 mill. kr | + 1,9 mill kr | 0 kr |
| BRUKAR | Offentleg satsing på IT i skulen | Tal på gjennomførte tiltak nedfelt i kommunal IKT-plan for skulane i Ulstein | 4 | 5 | 5 |
| | Vi er ein ambisiøs og målretta skuleeigar | Resultat på nasjonale prøver, 5. klasse | Lesing: 49<br>Rekning: 54<br>Engelsk: 53 | 50/53/51 | Minimum 50 |
| | | Resultat på nasjonale prøver, 8. klasse | Lesing: 49<br>Rekning: 51<br>Engelsk: 50 | 49/51/52 | Minimum 50 |
| | | Grunnskulepoeng | 40,3 | 38,9 | Landsgjennomsnitt |
| | Meistring og mangfald i skulen | Score frå elevundersøkinga: trivst i skulen (1 – 5, 5 er best) | 7.kl: 4,7 av 5<br>10.kl: 4,1 av 5 | 4,3<br>4,3 | 4,8 begge trinn |
| | | Score frå elevundersøkinga, mobbefri skule (1 – 5, 1 er best) | 7. trinn: 1,1<br>10. trinn: 1,3 | 1,2<br>1,0 | 1,1 begge trinn |
| | Eit godt og variert barnehagetilbod, med full dekning | Tal på dispensasjonar i høve pedagogisk personale | 0 | Kommunal barnehage: 0<br>Totalt for private barnehagar: 2,1 | 0 |
| | | Barnehagedekning i % | 102 % | 103 % | Minimum 100% |
| | Ei kulturrik kommune | Score frå innbyggarundersøkinga, kulturspørsmål | 4,7 (2013) | 4,9 | |
| | Ein forenkla kvardag for våre brukarar | Andel skjema tilgjengelege på nett | 12/12 | 12/12 | 100% |
| | | Andel skjema som kan innsendast elektronisk | 11/12 | 11/12 | 100% |
| ORG. | Offensiv søknad på spelemidlar | Tal på godkjende søknadar pr. år | 10 | | 5 |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga, gjennomsnitt | Kultur: 5<br>Oppvekst: 4,8 | - | 5 av 6 |
| | | Sjukefråvær i % | 7,39 % | 7,21% | Maks 5% |
| | Nyskaping | Tal på igangsette nyskapingstiltak | | 5 | 5 |

## NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL GRUNNSKULESEKTOR (INKL. SFO/LOKALE/SKYSS) PER INNBYGGJAR 6-15 ÅR, KONSERN




## NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL GRUNNSKULEUNDERVISNING PER INNBYGGJAR 6-15 ÅR, KONSERN




## GJENNOMSNITTLEG GRUPPESTØRRELSE




Gjennomsnittleg gruppestørrelse baserer seg på forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir eit bilete av gjennomsnittleg tal på elevar i undervisningssituasjonen til den enkelte lærar.



# Teknisk etat

KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 20,8 | | 40 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 16,9 | 20,9 | 25 |
| Budsjett | 17,6 | 22,4 | 24,3 |
| **Avvik** | **0,6** | **1,4** | **-0,7** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 1,84% | 1,99% | 1,37% |

Teknisk etat har ansvar for desse fagfelta:

- Vatn, avløp, veg, hamn og utbygging innanfor desse områda.
- Byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, planlegging, sal av bustad- og industritomter og forvaltning av Husbankens låne- og tilskotsordningar
- Brannvesen, feietenesta og generell kommunal beredskap

Etaten er organisert i tre avdelingar: plan- og bygningsavdeling, drifts- og anleggsavdeling og brann/feiing.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Levere tenester av god kvalitet og gi god service til innbyggarane, næringslivet, andre kommunale einingar og overordna mynde innanfor etaten sitt ansvarsområde. Inkludert i dette er å nytte digitale verktøy optimalt.
- Arbeide for auke i busetnad og næringsutvikling gjennom tilrettelegging av areal og utbygging av infrastruktur.
- Det skal vere trygt å ferdast for alle trafikantar. Utbygging av gang- og sykkelvegar har prioritet.
- Folkehelseperspektivet står sentralt i all planlegging. Fysisk tilrettelegging for uteaktivitet er viktig for bulyst og friluftsliv.
- Kommunen skal sikre god og trygg vassforsyning til alle, og handtere avløpsvatn i samsvar med alle relevante krav.
- Ha god beredskap mot uønska hendingar.
- Kompetanse – halde fokus på kompetanseutvikling i eigen organisasjon.
- Planverket skal haldast oppdatert.

## *Aktivitet og resultat 2015*

På grunn av tilgang på rikeleg med overskotsmasse under grunnarbeidet på Arena Ulstein som starta 2. halvår, vart det lag til tre parkeringsplassar ved startpunkt til turområda i Fløstranda, på Fjelle og i stranda mellom Kjerringnesmyra og Ertesvåg (ved sti til Uglasætra). Dette er tiltak som i friluftslivets år 2015 var med å betre og trygge tilgangen til nokre av friområda i kommunen.

Av nye tiltak elles kan nemnast at ny nedførsleleidning frå Mosvatn til oppom Bugarden vart lagt for å trygge vassforsyninga til Ulsteinvik, og oppå leidninga etablert tursti. Garnesvatn er ført til nedre del av Haddal og til Eiksund. Eternittleidning i Ringstaddalen er skifta ut for å unngå driftsavbrot i vassforsyninga i Haddal. Vegnamnskilt er sette opp og kommunen laga til ny busslomme ved Ulstein vidaregåande skule (UVS) som eit strakstiltak for å betre trafikktryggleiken (mellombels løysing) i samarbeid med fylkeskommunen. I same område vart det laga ny gang- og sykkelveg frå Støylesvingen til UVS med 50 % tilskot frå vegvesenet. Bustadfeltet Myrane i Haddal vart fullført tidleg på året med 11 nye tomter pluss areal for tettare utnytting.

Dessverre makta etaten ikkje å gjennomføre vedteken nedskjering innanfor vegvedlikehaldet på 700.000 kroner. Overskriding skuldast noko frå opparbeiding av perifere parkeringsplassar ved turstiar. Spesielt for parkering ved Uglasætra. Det aller meste av overskridingar skuldast ikkje planlagde kostnader med snø og flaum. Med overforbruk på 800.000 kr., vart det dermed 100.000 kr. i meirforbruk i høve opphavleg budsjett. Når det gjeld anlegg og drift, så har det vorte utført ein god del meir i sommarvedlikehald på kommunale eigedomar enn inntekt og budsjett skulle tilseie, men kvaliteten var betre enn føregåande år. Det vil verte teke opp krav om auka refusjon med UEKF for 2016.
Teknisk etat går med om lag 0,7 mill. kr. i underskot i høve budsjettet for 2015.

Dei store reguleringsplanane for Skeide og Sentrum med skuleområdet inkl. Arena Ulstein, vart vedtekne. Rullering av samfunns- og arealdel av kommuneplan samt trafikktryggingsplan vart starta opp, og det vart gjennomført barnetrakk-registrering på alle skulane.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | God økonomisk styring | Avvik mot budsjett | 1,45 mill. kr | - 0,7 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Betre prosjektstyring | Økonomiske overskridingar i høve til totalramme for vatn og avløp | Innanfor ramme | Ingen | Ingen overskridingar |
| | | Tal på utbyggingsprosjekt (veg, bustadfelt m.m) med overskriding | 4/8 (50%) | 1 av 3 (30 %) | 0 % |
| | Tilrettelegging for bustadbygging | Tal på krinsar med byggeklare tomter | 6 av 7 | 6 av 7 | 6 av 7 |
| | | Regulert og byggeklart areal tilgjengeleg for konsentrert utbygging i Ulsteinvik/Skeide | 25 daa | 25 daa | 15 daa |
| | Tilgjengeleg næringsareal | Regulert næringsareal klart for utbygging | 65 daa | 60 daa | 60 daa |
| | Folkehelsetiltak | Totalt antal km turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk pr. år | 0,0 km nye av 11 km totalt | 3,1 km | 5,5 km nye |
| | | Tal på opparbeidde leikeareal i bustadområde (frå idrettsanlegg.no) | 850 m2 | 850 m2 | - |
| | | Gjennomføre årlege ryddeaksjonar og medverke til strandryddedag (skular, grendalag og grunneigarar) | Gjennomført | Gjennomført | Gjennomført |
| | Du får gode tenester ved teknisk etat | Brukarundersøkinga: snittscore på VA | 5,0/4,9 | - | - |
| | | Brukarundersøkinga: snittscore på byggesak | 4,7 | - | - |
| | God og profesjonell forvaltning | Tal på omgjorde vedtak frå fylkesmannen i høve til totale klagesaker | 0 av 4 | 2 av 2 | 0 |
| | | Tal på registrerte og lukka avvik i Risk Manager | 2/2 | 1/1 | |
| | Ulstein er ein miljøbevisst kommune | Prosentvis andel av veglys utskifta frå halogen til led | Søknad sendt Enova haust 2014 | 0% (ikkje løyvd midlar) | 0% (ikkje løyvd midlar) |
| | | Tal på etablerte ladestasjonar for el-bilar i sentrum i økonomiplanperioden | 0 | 0 | 0 |
| ORG. | Ta i bruk ny teknologi i tenestene | Andel av skjema mottekne elektronisk (stikkprøvekontroll 30 skjema byggesak) | 13 av 30 (45%) | Byggsøk ute av drift store delar av året | 60 % |
| | | Tal på nye/reviderte rutinar for arkivsystem med tilknyting til ePhorte pr. år | 5 | Rutinane er vesentleg omlagde, jf. fullelektr. eiged.arkiv frå 1.1.2016 | 5 |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar | 70 % | 60 % | 100 % |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,7 | - | - |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,5 | - | - |
| | | Tal på arbeidsulykker i arbeidstida (dvs. hendingar som fører til fråvær frå arbeid) | 0 | 1 | 0 |
| | | Arbeidsnærvær i % | 1,99 % (Fråvær) | 1,37 % | 98 |




Ungdomsskuleelevar er med på kommuneplanlegging - Ulstein rådhus 1. april.

# *Organisasjon og økonomi*

KVA SEIER INNBYGGARANE OM:

Økonomistyring

Bred enighet om Arena Ulstein er ikke oppnådd - det ville vært en stor fordel med en slik stor investering. Burde kommet lengre i arbeide med kommune sammenslåing.

Synest SFO er for dyrt. Synest ein bør innføre eigedomsskatt for å oppretthalde tenestetilbodet i staden for å kutte.

De har gjort det pent i Ulsteinvik. Men bruker alt for mye penger på en gang.

Fått god orden på trafikk til høva i sentrum. God tilrettel. for turer.

Brukar altfor mykje pengar på unødvendige ting ( nye Hødd og Arena Ulstein)



## Våre tilsette

I alt 616 personar hadde eit tilsetjingstilhøve i Ulstein kommune ved utgangen av 2015. I overkant av 80% av desse er kvinner. Leiande stillingar er fordelt på 15 kvinner og 10 menn. Aldersfordelinga er relativt jamn der storparten av dei tilsette er i aldersgruppa 30-59 år.

| | UNDER 20 ÅR | 20 -29 ÅR | 30 -39 ÅR | 40 - 49 ÅR | 50 - 59 ÅR | 60 - 69 ÅR | 70 + | ANTAL TILSETTE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvinne | 13 | 69 | 94 | 133 | 135 | 57 | | 501 |
| Mann | 2 | 11 | 29 | 23 | 34 | 16 | | 115 |
| **Totalt** | **15** | **80** | **123** | **156** | **169** | **73** | | **616** |
| Alders-fordeling % | 2 % | 13 % | 20 % | 25 % | 27 % | 12 % | | |

## Heiltid - deltid

Vi ser at 47% av kvinnene som arbeider i Ulstein kommune, har ein stillingsprosent på meir enn 80. Dette er ein reduksjon frå 56% i 2014. Kartlegging viser at svært mange deltidstilsette i vår organisasjon har redusert arbeidstid grunna helseplager eller omsorgsoppgåver. Som arbeidsgivar har vi likevel ein veg å gå for å redusere omfanget av deltidstilsette. Dette er eit viktig tiltak for å sikre kompetanse, kvalitet på tenestene og eit godt arbeidsmiljø. I avtale mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane er dette noko vi også har forplikta oss til å jobbe vidare med.

### TILSETTE FORDELT PÅ STILLINGSPROSENT



## *Diskriminering*

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Ulstein kommune arbeider for å fremje lova sine formål innan vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns -og arbeidsvilkår, forfremjing og vern mot trakassering. Ulstein kommune har som mål å vere ein arbeidsplass som legg til rette for tilsette med redusert funksjonsevne. Vi har til ei kvar tid minst 8 personar på ulike ordningar for arbeidstrening, språkpraksis eller tilrettelagt arbeid i samarbeid med NAV.

## *Avviksrapportering*

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik. Målet med registrering av avvik, er å sikre kontinuerleg arbeid med å betre rutinar og arbeid med å hindre nye avvik innan same område. Mange avvik på vald og truslar har ført til større merksemd og fleire tiltak for å sikre tilsette eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Tiltaka er gjort både på systemnivå og individnivå. Dei fleste avvika er mindre alvorleg, men ei påminning om å sikre system og rutinar for å unngå alvorlege konsekvensar. Døme på avvik som er alvorlege, er avvik innan vald og truslar og avvik innan tenestekvalitet som gjeld medisinhandtering.
Sjølv om avviksregistrering er eit hyppig tema i møte med leiarar, tillitsvalde og verneombod, må vi ta høgde for at det truleg er underrapportering av avvik i heile organisasjonen.

**Tabellen under viser oversikt over avvik fordelt på avdeling og avviksområde. Tal frå 2014 i parentes**.

| AVVIK/AVDELING | TENESTE-KVALITET | HMS | TRUSLAR OG VALD | INFORMASJONS-SIKKERHEIT | FORBETRINGS-FORSLAG | SUM AVVIK |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Helse og omsorgsetaten | 185 | 53 | 112 | 10 | 6 | 366 |
| Oppvekst og kulturetaten | 1 | 3 | 13 | 1 | 1 | 19 |
| Teknisk etat | | | | | | |
| Sentraladministrasjonen | 4 | - | - | 3 | - | 7 |
| **SUM AVVIK** | **190 (136)** | **56 (86)** | **125 (105)** | **14 (8)** | **7** | **392 (335)** |

## Sjukefråvær

Gjennom IA-avtalen har Ulstein kommune eit mål om å halde sjukefråværet under 7%, eller eit arbeidsnærvær på minst 93%. I 2015 var det totale sjukefråværet i Ulstein kommune 8,25%. Dette er ein nedgang på 0,5% frå året før. Nedgangen skriv seg i hovudsak frå helse og omsorgsetaten.

**UTVIKLING I SJUKEFRÅVÆRET FOR ULSTEIN KOMMUNE**




**SJUKEFRÅVÆR FORDELT PÅ ETATANE**



# *Organisasjon*
## *Årsrapport 2015*

KS har utarbeidd statistikk som viser samla sjukefråvær i norske kommunar for 4.kvartal 2014-03.kvartal 2015. Her ser vi at Ulstein kommune har lågare sjukefråvær enn snittet av norske kommunar og har også lågast sjukefråvær samanlikna med kommunane rundt oss.  Når vi går nærare inn i tala i denne statistikken, ser vi at vi har ei utfordring med at tilsette i deltidsstilling har eit relativt høgt sjukefråvær samanlikna med tilsette i heiltidsstilling. Dette er noko vi vil jobbe vidare med i 2016.

| KOMMUNENAMN | 4. KVARTAL 2014 - 3. KVARTAL 2015 |
|---|---|
| Kommunar i Noreg | 9,93 |
| Ålesund kommune | 10,29 |
| Vanylven kommune | 10,36 |
| Sande kommune | 12,41 |
| Herøy kommune | 12,09 |
| **Ulstein kommune** | **8,12** |
| Hareid kommune | 9,45 |
| Volda kommune | 11,13 |
| Ørsta kommune | 10,74 |

## *Lærlingar*

I 2016 har vi hatt 16 lærlingar i Ulstein kommune. Vi har auka talet på lærlingar samanlikna med tidlegare år, og har jobba aktivt i lag med Opplæringskontoret på Søre Sunnmøre for å rekruttere lærlingar til våre fagområde. Desse er fordelt på institusjonskokk, feiar, barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar og kontorfag. I budsjett og økonomiplan for 2016-2019, er det teke høgde for at vi skal kunne halde fram med å satse på lærlingar i åra som kjem.




Ulstein kommune hadde 16 lærlingar i 2015, 12 av dei innan omsorgssektoren. Her er nokre av lærlingane våre:  Frå venstre: Lillian Solheim,  Mogisha Chloe, Annie Nordhaug, Minoti Velsvik, Åsbjørg Vågen (kontaktperson for lærlingane på Alvehaugen) og Zawadi Nyabakunda.

# Drift, Ulstein kommune

## Årsrapport 2015

## Driftsresultat

I vurdering av rekneskapsresultat må vi ta omsyn til organisering av eigedomsaktivitetane i eit eige kommunalt føretak. Skal vi samanlikne med andre kommunar må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til Kostra tek vi omsyn til konsernorganiseringa og rapporterer Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF som ei eining. Kostratala er difor mindre påverka av organisasjonsstrukturen. I årsmeldinga for 2015 legg vi fram tal både for Ulstein kommune, og for konsernet Ulstein kommune (kommunen og eigedomsselskapet), sjå eige kapittel. Ulstein Eigedomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

**ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2015 ULSTEIN KOMMUNE**

| Tal i heile 1000 | Rekneskap 2015 | Opphavleg budsjett 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
|---|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | | |
| Brukarbetalingar | -18 720 | -18 864 | -19 488 | -768 | -17 569 |
| Andre sals- og leigeinntekter | -49 408 | -40 373 | -41 034 | 8 374 | -39 660 |
| Overføringar med krav til motyting | -70 522 | -40 275 | -64 694 | 5 828 | -66 107 |
| Rammetilskot | -167 041 | -188 432 | -188 532 | -21 491 | -161 259 |
| Andre statlege overføringar | -26 652 | -17 149 | -20 343 | 6 309 | -22 305 |
| Andre overføringar | -337 | -400 | -316 | 21 | -149 |
| Inntekts- og formuesskatt | -257 483 | -224 738 | -229 413 | 28 070 | -242 269 |
| Eigedomsskatt verk og bruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eigedomsskatt annan fast eigedom | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre direkte og indirekte skattar | -30 | -27 | -27 | 3 | -30 |
| **Sum driftsinntekter** | **-590 192** | **-530 259** | **-563 848** | **26 344** | **-549 348** |

**BRUTTO/NETTO DRIFTSREULTAT I PROSENT AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER, KONSERN**




**SKATTEINNGANG PR. INNBYGGJAR, PROSENT AV LANDSGJENNOMSNITTET**




**SKATTEINNGANG PR INNBYGGJAR, PROSENT AV LANDSGJENNOMSNITTET**




**INNTEKTSUTJAMNING YTRE SØRE**



| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | | |
| Lønsutgifter | 255 488 | 231 470 | 253 286 | -2 202 | 243 202 |
| Sosiale utgifter | 68 972 | 72 689 | 75 272 | 6 300 | 68 015 |
| Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod. | 56 412 | 48 231 | 48 293 | -8 119 | 51 861 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunens tjensteprod. | 81 989 | 76 744 | 77 845 | -4 144 | 68 100 |
| Overføringar | 101 381 | 80 349 | 91 522 | -9 859 | 102 260 |
| Avskrivingar | 18 284 | 3 300 | 16 223 | -2 061 | 15 792 |
| Fordelte utgifter | -9 805 | -9 792 | -8 816 | 989 | -8 488 |
| **Sum driftsutgifter** | **572 722** | **502 991** | **553 625** | **-19 097** | **540 742** |
| **BRUTTO DRIFTSRESULTAT** | **-17 470** | **-27 268** | **-10 223** | **7 247** | **-8 606** |
| **EKSTERNE FINANSINNTEKTER** | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -4 383 | -3 137 | -3 137 | 1 246 | -5 483 |
| Gevinst finansielle instrument | -893 | -1 500 | -1 500 | -607 | -641 |
| Mottatte avdrag på lån | -41 | -70 | -70 | -29 | -78 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-5 317** | **-4 707** | **-4 707** | **610** | **-6 203** |
| **EKSTERNE FINANSUTGIFTER** | | | | | |
| Renteutgifter og lånekostnadar | 10 072 | 18 759 | 14 759 | 4 687 | 12 081 |
| Tap finansielle instrument | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 15 050 | 10 549 | 10 549 | -4 501 | 12 281 |
| Utlån | 110 | 170 | 170 | 60 | 69 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **25 232** | **29 478** | **25 478** | **246** | **24 432** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjonar** | **19 915** | **24 771** | **20 771** | **856** | **18 229** |
| Motpost avskrivingar | -18 284 | -2 800 | -16 223 | 2 061 | -15 792 |
| **NETTO DRIFTSRESULTAT** | **-15 840** | **-5 297** | **-5 675** | **10 165** | **-6 169** |
| **BRUK AV AVSETNINGAR** | | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessege mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | -14 588 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne fond | -2 328 | -2 027 | -2 664 | -336 | -1 414 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av avsetningar** | **-2 328** | **-2 027** | **-2 664** | **-336** | **-16 002** |
| **AVSETNINGAR** | | | | | |
| Overført til investeringsrekneskapen | 265 | 0 | 265 | 0 | 2 517 |
| Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsett til disposisjonsfond | 6 737 | 6 287 | 6 287 | -450 | 17 189 |
| Avsett til bundne fond | 2 678 | 1 037 | 1 787 | -891 | 2 465 |
| Avsett til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetningar** | **9 681** | **7 324** | **8 339** | **-1 342** | **22 172** |
| **REKNESKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK** | **-8 487** | **0** | **0** | **8 487** | **0** |

## DRIFTSRESULTAT 2015

Rekneskapen for 2015 viser eit positivt netto driftsresultat på 15,84 MNOK, som er 10,165 MNOK betre enn budsjettert. Netto driftsresultat utgjer 2,7 % av driftsinntektene.
Skatteinntekta for 2015 vart vel 28 MNOK høgre enn budsjettert og kommunen hadde ein skatteinngang på 117,4 % av landsgjennomsnittet. På grunn av den høge skatteinntekta fekk vi eit trekk i rammetilskotet på 25,6 MNOK gjennom inntektsutjamninga, jamfør det negative avviket på rammetilskotet i tabellen over. Netto skatteinngang i høve til landsgjennomsnittet vart dermed redusert til 105,8 %. Netto meirinntekt på skatt i høve til budsjett vart 6,6 MNOK. Det er avsett kr 6 737 430 til disposisjonsfond, i tillegg kjem det rekneskapsmessige resultatet på kr 8 487 116.

Avdrag på lån har ein auke utover budsjett på 4,5 mill. kr. Kommunen betaler minsteavdrag. Det betyr at avdrag vert utrekna kvart år ut frå kommunen sine eigedelar, avskriving og gjeld. På renteinntekter er motteke utbytte og avkastning på plasserte midlar i 2015 0,6 mill. kr over budsjettert.

For overføringar med krav til motytingar (inntekt) er der ei meirinntekt på 5,8 mill. kr. Om lag 4 mill. kr av desse er knytt til oppvekstsektoren, medan 0,8 millionar relaterer seg til leiar/kompetanseutvikling.

**INNTEKTSUTJAMNING 2013 TIL 2015**




Andre statlege overføringar har ein meirinntekt på 6,3 MNOK, som i all hovudsak kjem av at integreringstilskota frå IMDI og vertskommunemidlane frå UDI vart høgre enn forventa.

Det positive avviket på 6,3 MNOK på sosiale utgifter reflekterer at årets pensjonsoppgjør vart gunstig for Ulstein kommune. Vi fekk i år for første gong på mange år eit negativt premieavvik på 1,9 MNOK, noko som verkar positivt på likviditeten. Amortisering av tidlegare års premieavvik utgjer 3,941 mill. kr. Det positive avviket ligg i all hovudsak på ansvaret for felleskostnadar og er difor ikkje fordelt ut på einingane, men det er ført med rett KOSTRA funksjon slik at det er fordelt på rett teneste.

# *Drift, Ulstein kommune*

*Årsrapport 2015*

**DEI STØRSTE NEGATIVE AVVIKA MED OMSYN TIL OVERFØRINGAR/KJØP AV VARER OG TENESTER, ER SOM FØLGJER:**

- Administrasjon omsorgstenester 4,817 mill. kr
- Barnevern 2,076 mill. kr
- Fellestenester kultur 1,843 mill. kr er knytt til leige Hødd og er balansert av ei inntekt.
- Sjøborg kulturhus 1,582 mill. kr, auka aktivitet, har motsvarande inntekt.

## *Samanstilling av hovudtal over tid*

| HOVUDTAL, DRIFTSREKNESKAP | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 2008 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Skatt | -257 483 | -242 269 | -228 041 | -197 465 | -187 623 | -196 857 | -193 340 | -179 454 |
| Rammetilskot | -167 041 | -161 259 | -162 756 | -170 365 | -152 329 | -73 261 | -65 653 | -51 807 |
| Andre driftsinntekter | -165 668 | -145 820 | -159 514 | -134 732 | -122 660 | -162 593 | -151 178 | -164 872 |
| Kalk. renter og avskriving | -18 284 | -15 792 | -11 670 | -9 147 | -7 800 | -8 344 | -9 352 | -8 700 |
| **Sum driftsinntekter** | **-608 476** | **-565 140** | **-550 311** | **-511 710** | **-470 413** | **-441 055** | **-410 171** | **-404 833** |
| Driftsutgifter | 572 722 | 540 742 | 518 840 | 488 390 | 465 013 | 439 048 | 412 213 | 379 625 |
| **Sum driftsutgifter** | **572 722** | **540 742** | **518 840** | **488 390** | **465 013** | **439 048** | **412 213** | **379 625** |
| **Brutto driftsresultat utan avskriving** | **-35 754** | **-24 398** | **-43 141** | **-23 319** | **-5 400** | **439** | **2 042** | **-25 208** |
| Netto renteutgifter | 4 796 | 5 957 | 3 448 | 3 508 | 3 847 | 1 266 | 666 | 2 541 |
| Netto avdrag | 15 119 | 12 272 | 8 233 | 8 699 | 6 703 | 7 465 | 6 948 | 5 910 |
| **Netto driftsresultat** | **-15 839** | **-6 169** | **-31 460** | **-11 112** | **5 149** | **9** | **304** | **-16 756** |
| Bruk av netto driftsresultat: | | | | | | | | |
| Finansiering av utg. i kapitalrekneskapet | 265 | 2 517 | 13 039 | 7 212 | 1 581 | 976 | 4 416 | 2 659 |
| Avsetningar | 9 416 | 19 655 | 14 704 | 6 428 | 1 839 | 1 973 | 15 359 | 27 036 |
| Bruk av avsetningar | -2 328 | -16 002 | -10 872 | -10 747 | -4 897 | -9 482 | -20 079 | -16 724 |
| **DRIFTSRESULTAT** | **-8 486** | **0** | **-14 589** | **-8 219** | **3 672** | **-7** | **0** | **-3 785** |

**PROSENTVIS FORDELING AV NETTO DRIFTSUTGIFTER**






# *Investering, Ulstein kommune*

*Årsrapport 2015*

## *Investeringsrekneskapen*

Ulstein kommune har i 2015 gjennomført investeringsprosjekt for 82,2 mill kr. Budsjettert aktivitet var 85,8 mill kr.

**DEI STØRSTE INVESTERINGSPROSJEKTA I 2015 VAR:**

- Vatn og avløp, 22.5 MNOK
- Fjernvarme, 18.0 MNOK, tiltaket har overskriding på investeringsramma. Denne er finansiert opp i 2016 budsjettet.
- Sjøsida (trinn 1), 13.4 MNOK
- Kjøp av bensinstasjon 12,9 mill. kr
- Kulturalmenningen sjøfront (areal mellom hotell og Sjøsida), 6.8 MNOK

| ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING ULSTEIN KOMMUNE | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal i heile 1000 | Rekneskap 2015 | Opphavleg budsjett 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
| **INNTEKTER** | | | | | |
| Sal driftsmidlar og fast eigedom | -8 199 | 0 | 0 | 8 199 | -14 112 |
| Andre salsinntekter | -475 | 0 | 0 | 475 | 0 |
| Overføringar med krav til motyting | -15 551 | -4 964 | -10 386 | 5 164 | -18 383 |
| Statlige overføringar | -1 079 | 0 | 0 | 1 079 | -3 851 |
| Andre overføringar | -7 608 | -11 230 | -11 395 | -3 787 | -15 |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-32 911** | **-16 194** | **-21 781** | **11 130** | **-36 361** |
| **UTGIFTER** | | | | | |
| Lønnsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sosiale utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tenesteprod. | 75 181 | 21 056 | 78 178 | 2 997 | 117 887 |
| Kjøp av ten. som erstatter kommunens tenesteprod. | 949 | 0 | 0 | -949 | 1 986 |
| Overføringar | 6 041 | 4 964 | 7 586 | 1 546 | 4 023 |
| Renteutgifter og omkostningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 96 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | **82 171** | **26 021** | **85 765** | **3 594** | **123 992** |
| **FINANSIERINGSTRANSAKSJONER** | | | | | |
| Avdrag på lån | 3 272 | 0 | 0 | -3 272 | 4 898 |
| Utlån | 8 976 | 12 000 | 13 200 | 4 224 | 13 278 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 18 456 | 0 | 12 500 | -5 956 | 4 942 |
| Dekning av tidlegare års udekka meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsett til ubundne investeringsfond | 37 800 | 0 | 49 962 | 12 162 | 2 077 |
| Avsett til bundne fond | 2 513 | 0 | 0 | -2 513 | 1 874 |
| Avsett til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansieringstransaksjonar** | **71 017** | **12 000** | **75 662** | **4 645** | **27 070** |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | **120 277** | **21 826** | **139 645** | **19 369** | **114 700** |
| **FINANSIERING** | | | | | |
| Bruk av lån | -96 974 | -21 826 | -126 880 | -29 906 | -99 838 |
| Sal av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån | -3 638 | 0 | 0 | 3 638 | -2 766 |
| Overført frå driftsrekneskapen | -265 | 0 | -265 | 0 | -2 517 |
| Bruk av disposisjonsfond | -12 000 | 0 | -12 500 | -500 | -4 300 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -5 500 | 0 | 0 | 5 500 | -1 544 |
| Bruk av bundne fond | -1 900 | 0 | 0 | 1 900 | -3 735 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM FINANSIERING** | **-120 277** | **-21 826** | **-139 645** | **-19 369** | **-114 700** |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# *Balanserekneskap, Ulstein kommune*

*Årsrapport 2015*

| BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | | | | |
| **(A) Anleggsmidlar** | | | | | | |
| Faste eigedomar og anlegg | 464 292 764 | 436 950 415 | 382 409 824 | 298 309 151 | 194 466 882 | 174 076 800 |
| Utstyr, maskinar og transportmidlar | 29 023 856 | 20 027 893 | 19 764 136 | 20 479 132 | 22 551 208 | 16 437 758 |
| Utlån | 50 545 652 | 45 138 166 | 34 658 888 | 28 365 990 | 24 767 123 | 19 270 437 |
| Aksjar og andelar | 75 933 255 | 57 637 487 | 52 695 086 | 50 485 447 | 49 455 346 | 43 793 091 |
| Pensjonsmidlar | 509 240 580 | 477 861 272 | 437 474 470 | 401 670 782 | 380 439 294 | 385 008 012 |
| **Sum anleggsmidlar** | **1 129 036 107** | **1 037 615 233** | **927 002 403** | **799 310 501** | **671 679 853** | **638 586 098** |
| Kortsiktige fordringar | 53 525 855 | 52 294 626 | 45 234 853 | 43 486 027 | **30 482 792** | **32 858 130** |
| Premieavvik | 28 728 783 | 37 494 532 | 28 744 151 | 27 890 287 | **16 889 915** | **16 134 153** |
| Aksjar og andelar | 10 744 721 | 9 856 590 | 8 924 529 | 8 825 251 | **4 176 845** | **49 359 454** |
| Sertifikat | | 0 | | 0 | | |
| Obligasjonar | | 0 | | 0 | | |
| Kasse, bankinnskot | 90 494 088 | 63 105 460 | 99 249 987 | 22 955 356 | **94 106 650** | **43 961 581** |
| **Sum omløpsmidlar** | **183 493 446** | **162 751 208** | **182 153 520** | **103 156 921** | **145 656 202** | **142 313 318** |
| **SUM EIGEDELAR** | **1 312 529 553** | **1 200 366 441** | **1 109 155 923** | **902 467 422** | **817 336 055** | **780 899 416** |
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | | | | |
| **(C) EGENKAPITAL** | | | | | | |
| Disposisjonsfond | -20 508 954 | -25 771 524 | -12 882 317 | -4 639 121 | **-21 134 692** | **-24 922 259** |
| Bundne driftsfond | -6 478 843 | -6 128 819 | -5 077 358 | -5 218 886 | **-5 406 229** | **-8 451 196** |
| Ubundne investeringsfond | -51 610 440 | -19 310 440 | -18 777 848 | -500 000 | **-10 025 361** | **-13 466 349** |
| Bundne investeringsfond | -2 574 076 | -1 961 145 | -3 821 652 | -448 466 | **-1 979 713** | **-1 561 796** |
| Endring i regnskapsprinsipp investering | | 0 | | 0 | | |
| Endring i regnskapsprinsipp drift | | - | 4 294 407 | 0 | **4 294 407** | **4 294 407** |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | -8 487 116 | - | -14 588 467 | -8 219 652 | **3 862 739** | |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | | 0 | | 0 | | **190 433** |
| Udisponert i investeringsregnskapet | | 0 | | | | |
| Udekka investering | | 0 | | | | |
| Likviditetsreserve | 4 294 407 | 4 294 407 | | 4 294 407 | | |
| Kapitalkonto | -11 105 823 | 230 488 | 13 837 569 | -7 614 075 | **10 636 262** | **-55 376 622** |
| **SUM EIGENKAPITAL** | **-96 470 846** | **-48 647 034** | **-37 015 666** | **-22 345 794** | **-19 752 587** | **-99 293 382** |
| **(D) GJELD** | | | | | | |
| Pensjonsforpliktelsar mv. | -633 691 858 | -619 807 196 | -587 221 404 | -534 312 777 | **-501 060 834** | **-429 635 120** |
| Ihendehavarobligasjonslån | 0 | 0 | | | | |
| Sertifikatlån | -287 601 381 | -168 410 412 | -101 800 000 | -30 000 000 | **-125 387 600** | **-65 670 000** |
| Andre lån | -213 223 687 | -254 234 118 | -293 750 781 | -236 628 194 | **-108 069 296** | **-137 929 879** |
| **Sum langsiktig gjeld** | **-1 134 516 926** | **-1 042 451 726** | **-982 772 185** | **-800 940 971** | **-734 517 730** | **-633 234 999** |
| Kortsiktig gjeld | | | | | | |
| Kassekredittlån | | 0 | | 0 | | |
| Anna kortsiktig gjeld | -79 531 792 | -105 170 596 | -85 363 263 | -76 020 589 | **-63 065 738** | **-48 371 035** |
| Premieavvik | -2 009 989 | -4 097 086 | -4 004 810 | -3 160 069 | | |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **-81 541 781** | **-109 267 682** | **-89 368 073** | **-79 180 658** | **-63 065 738** | **-48 371 035** |
| **SUM GJELD** | **-1 216 058 707** | **-1 151 719 408** | **-1 072 140 258** | **-880 121 628** | **-797 583 468** | **-681 606 034** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **-1 312 529 553** | **-1 200 366 441** | **-1 109 155 923** | **-902 467 422** | **-817 336 055** | **-780 899 416** |
| **BALANSEN SIN NETTOSUM** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **(E) MEMORIAKONTI** | | | | | | |
| Unytta lånemidlar | 16 585 593 | 4 604 955 | 41 931 164 | 9 243 496 | 52 200 566 | 50 024 476 |
| Andre memoriakonti | 1 582 604 | 16 294 766 | 16 988 809 | 31 478 034 | 841 318 | 586 053 |
| Motkonto for memoriakontiene | -18 168 197 | -20 899 722 | -58 919 973 | -40 721 530 | -53 041 884 | -50 610 529 |
| **SUM MEMORIAKONTI** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Fond

Ved inngangen til 2015 hadde Ulstein kommune om lag 53,2 MNOK i ulike fond som kan nyttast til drifts- og investeringstiltak. Pr. 31.12.15 er desse fonda auka til 81,2 MNOK.

Driftsfondet pr. 31.12.15 er 20,5 MNOK. Dette er ein reduksjon frå 2014 på 5,2 mill. kr. Fondet er belasta med kostnader knytt til kjøp av bensinstasjonen og tilført midlar gjennom budsjettert avsetning til fond i 2014.

Fond knytt til avløp har frå og med 2011 hatt ein negativ saldo, jamfør tabellen under. Negative saldo på sjølvkostfond skal etter regelen dekkjast inn gjennom auka gebyr i løpet av 3-5 år. Dette kravet har ein overhalde i og med at gebyrauken i 2015 har redusert den negative saldoen på fondet med vel ein million i 2015. Innanfor vatn har det dei tre siste åra vore positive saldoar på fondet, og her har ein no vel 2,2 mill. kr ståande på fond. Status pr. 31.12.15 er som følgjer:

| | 31.12.2015 | 31.12.2014 | 31.12.2013 | 31.12.2012 | 31.12.2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| Vatn | 2 258 043 | 710 739 | 958 978 | -174 396 | 117 158 |
| Avløp | -2 257 596 | -3 280 806 | -2 591 549 | -996 483 | -287 428 |

# Pensjonsmidlar

Framtidige pensjonsforpliktingar er på 633,7 mill. kr, om lag 14 mill. kr meir enn i 2014. Forpliktingane vil mellom anna vere påverka av grunnlagsrenta, lønnsoppgjer og faktisk avkastning til pensjonsleverandør. Grunnlagsrenta vert fastsett ut i frå vurderingar av den sannsynlege, framtidige renteavkastninga av selskapet sine fond.
Ein redusert grunnlagsrente inneber ein auke i pensjonspremiane. Finanstilsynet justerte renta ned frå 3 % til 2,5 % frå 2012 til 2013, og vart frå 2014 justert ytterlegare ned til 2 %.

Netto premieavvik er i løpet av 2015 redusert i frå 33,4 mill. kr til 26,7 mill. kr. Eit positivt premieavvik inneber at avviket er innbetalt til pensjonsleverandørane, men ikkje belasta rekneskapen ut i frå gjeldande reglar. Reglane for utgiftsføring av premieavviket er endra fleire gonger, og skal no utgiftsførast over 15,10 eller 7 år avhengig av kva år avviket oppstod. I 2015 vart det bokført eit negativt premieavvik på vel 1,9 mill. kr., som ga ein positiv likviditetseffekt. Saman med amortiseringa av tidlegare års premieavvik inneber dette ein reduksjon i premieavviket på 6,7 MNOK.



# *Drift, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF*

## *Årsrapport 2015*

| ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2015, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal i heile 1000 | Rekneskap 2015 | Opphavleg budsjett 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
| **INNTEKTER** | | | | | |
| Brukarbetalingar | -18 720 | -18 864 | -19 488 | -768 | -17 569 |
| Andre sals- og leigeinntekter | -59 699 | -54 379 | -54 372 | 5 327 | -47 759 |
| Overføringar med krav til motyting | -125 111 | -89 680 | -116 108 | 9 003 | -110 877 |
| Rammetilskot | -167 041 | -188 432 | -188 532 | -21 491 | -161 259 |
| Andre statlege overføringar | -26 652 | -17 149 | -20 343 | 6 309 | -22 305 |
| Andre overføringar | -337 | -400 | -316 | 21 | -149 |
| Inntekts- og formuesskatt | -257 483 | -224 738 | -229 413 | 28 070 | -242 269 |
| Eigedomsskatt verk og bruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eigedomsskatt annan fast eigedom | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre direkte og indirekte skattar | -30 | -27 | -27 | 3 | -30 |
| **Sum driftsinntekter** | **-655 072** | **-593 669** | **-628 599** | **26 473** | **-602 217** |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | | |
| Lønsutgifter | 268 254 | 243 504 | 266 109 | -2 145 | 254 858 |
| Sosiale utgifter | 72 136 | 76 989 | 79 571 | 7 435 | 71 494 |
| Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod. | 70 150 | 57 343 | 58 823 | -11 327 | 63 549 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunens tjensteprod. | 82 411 | 77 159 | 78 261 | -4 151 | 68 607 |
| Overføringar | 103 301 | 81 871 | 93 104 | -10 197 | 104 423 |
| Avskrivingar | 39 107 | 3 300 | 37 046 | -2 061 | 28 858 |
| Fordelte utgifter | -10 041 | -10 803 | -9 827 | 214 | -8 974 |
| **Sum driftsutgifter** | **625 319** | **529 364** | **603 087** | **-22 231** | **582 816** |
| **Brutto driftsresultat** | **-29 754** | **-64 305** | **-25 511** | **4 242** | **-19 401** |
| **EKSTERNE FINANSINNTEKTER** | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -7 016 | -5 934 | -6 437 | 579 | -12 523 |
| Gevinst finansielle instrument | -893 | -1 500 | -1 500 | -607 | 0 |
| Mottatte avdrag på lån | -41 | -70 | -70 | -29 | -78 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-7 950** | **-7 504** | **-8 007** | **-57** | **-12 601** |
| **EKSTERNE FINANSUTGIFTER** | | | | | |
| Renteutgifter og lånekostnadar | 29 528 | 40 239 | 36 186 | 6 658 | 29 774 |
| Tap finansielle instrument | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 32 673 | 26 563 | 26 193 | -6 480 | 23 447 |
| Utlån | 110 | 170 | 170 | 61 | 69 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **62 311** | **66 973** | **62 550** | **239** | **53 289** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjonar** | **54 361** | **59 468** | **54 543** | **182** | **40 689** |
| Motpost avskrivingar | -39 107 | -2 800 | -37 046 | 2 061 | -28 858 |
| **Netto driftsresultat** | **-14 500** | **-7 637** | **-8 015** | **6 485** | **-7 571** |
| **BRUK AV AVSETNINGAR** | | | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessege mindreforbruk | -1 401 | 0 | 0 | 1 401 | -15 526 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 | 0 | 937 |
| Bruk av bundne fond | -2 328 | -2 027 | -2 664 | -336 | -1 414 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av avsetningar** | **-3 730** | **-2 027** | **-2 664** | **1 065** | **-16 002** |
| **AVSETNINGAR** | | | | | |
| Overført til investeringsrekneskapen | 265 | 0 | 265 | 0 | 2 517 |
| Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsett til disposisjonsfond | 6 799 | 8 627 | 8 627 | 1 828 | 17 189 |
| Avsett til bundne fond | 2 678 | 1 037 | 1 787 | -892 | 2 465 |
| Avsett til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetningar** | **9 742** | **9 664** | **10 679** | **937** | **22 172** |
| **Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk** | **-8 487** | **0** | **0** | **8 487** | **-1 401** |

# *Nøkkeltall konsern*

## *Årsrapport 2015*

| NØKKELTALL KONSERN | | |
|---|---|---|
| Tal i heile 1000 | **2015** | **2014** |
| Skatt | -257 483 | -242 269 |
| Driftsutgifter | 625 319 | 582 816 |
| Driftsinntekter utan skatt og rammetilskot | -230 548 | -198 689 |
| Brutto driftsresultat | -29 754 | -19 401 |
| Netto driftsresultat | -14 500 | -7 571 |
| Renter og avdrag | 62 311 | 53 289 |
| Investeringar | 219 102 | 369 857 |
| Lån | -1 417 830 | -1 343 125 |
| Låneopptak | 145 783 | 286 536 |
| Kasse,postgiro, bank | 263 937 | 265 662 |
| Kortsiktig gjeld | -91 038 | -111 165 |
| Langsiktig gjeld | -2 051 521 | -1 962 932 |
| Innbyggjarar | 8 430 | 8 292 |
| Egenkapital | -298 675 | -170 418 |
| Anleggsmidlar | 2 074 596 | 1 872 672 |

| NØKKELTALL KONSERN | | |
|---|---|---|
| Tal i heile 1000 | **2015** | **2014** |
| **Skattedekningsgrad** | 41,18 % | 41,57 % |
| **Etatsinntektene si dekningsgrad** | 36,87 % | 34,09 % |
| **Brutto resultatgrad** | 4,54 % | 3,22 % |
| **Netto resultatgrad, Ulstein** | 2,21 % | 1,26 % |
| **Rente og avdragsbelastning** | 209,42 % | 274,67 % |
| **Lånefinansieringsgrad** | 66,54 % | 77,47 % |
| **Likviditetsgrad 1** | 2,90 | 2,39 |
| **Gjeldsgrad** | 7,17 | 12,17 |
| **Langsiktig gjeldsandel** | 98,9 % | 104,8 % |
| **Lånegjeld pr. innbyggjar** | kr 243 | kr 237 |

**Skattedekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av skatteinntekter.

**Etatsinntektene si dekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.

**Brutto resultatgrad** viser kor myke brutto resultat utgjer av korrigerte driftsutgifter (regulert med brutto/ netto resultat)

**Netto resultatgrad** viser kor myke netto resultat utgjer av korrigerte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat)

**Rente og avdragsbelastning** viser kor mykje renter og avdrag utgjer av brutto resultat

**Lånefinansieringsgrad** viser kor mykje som er tatt opp i lån til å finansiere det som er investert i året.

**Likviditetsgrad 1** er forholdet mellom omløpsmidlar (kasse, bank) og kortsiktig gjeld og viser kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktingar framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.

**Gjeldsgrad** er forholdet mellom eigenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) og er eit utrykk for kva grad kommunen er rusta til å tåle tap før det går utover forpliktingar til lånegivar. Gjeldsgrad på 1 betyr at kommunen har like mykje gjeld som eigenkapital. Til mindre gjeldsgrad til meir solid er kommunen.

**Langsiktig gjeldsandel** viser kor stor del av anleggsmidlar som er finansiert av langsiktig gjeld

# *Investering, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF*

*Årsrapport 2015*

| INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP UEKF | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal i heile 1000 | Rekneskap 2015 | Opphavleg budsjett 2015 | Regulert budsjett 2015 | Avvik 2015 | Rekneskap 2014 |
| **INNTEKTER** | | | | | |
| Sal driftsmidlar og fast eigedom | -22 167 | -8 000 | -8 000 | 14 167 | -16 054 |
| Andre salsinntekter | -475 | 0 | 0 | 475 | 0 |
| Overføringar med krav til motyting | -43 585 | -69 111 | -90 311 | -46 726 | -55 600 |
| Statlige overføringar | -45 996 | -36 323 | -63 968 | -17 972 | -11 811 |
| Andre overføringar | -7 814 | -11 230 | -21 395 | -13 581 | -9 015 |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-120 037** | **-124 664** | **-183 674** | **-63 638** | **-92 480** |
| **UTGIFTER** | | | | | |
| Lønnsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sosiale utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod. | 185 974 | 263 866 | 406 950 | 220 976 | 326 547 |
| Kjøp av tenester som erstatter kommunens tjensteprod. | 949 | 0 | 0 | -949 | 1 986 |
| Overføringar | 31 346 | 69 111 | 87 511 | 56 164 | 38 375 |
| Renteutgifter og omkostningar | 832 | 0 | 320 | -512 | 2 949 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | **219 102** | **332 976** | **494 781** | **275 679** | **369 857** |
| **FINANSIERINGSTRANSAKSJONER** | | | | | |
| Avdrag på lån | 3 272 | 0 | 0 | -3 272 | 4 898 |
| Utlån | 8 976 | 12 000 | 13 200 | 4 224 | 13 278 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 18 503 | 0 | 12 500 | -6 003 | 4 983 |
| Dekning av tidlegare års udekka meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsett til ubundne investeringsfond | 37 800 | 0 | 49 962 | 12 162 | 3 997 |
| Avsett til bundne fond | 2 513 | 0 | 0 | -2 513 | 2 918 |
| Avsett til likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum finansieringstransaksjonar** | **71 065** | **12 000** | **75 662** | **4 597** | **30 075** |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | **170 130** | **220 313** | **386 769** | **216 639** | **307 451** |
| **FINANSIERING** | | | | | |
| Bruk av lån | -145 783 | -219 268 | -372 960 | -227 176 | -286 536 |
| Sal av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottekne avdrag på utlån | -3 638 | 0 | 0 | 3 638 | -2 766 |
| Overført frå driftsrekneskapen | -265 | 0 | -265 | 0 | -2 517 |
| Bruk av disposisjonsfond | -12 000 | 0 | -12 500 | -500 | -4 300 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | -5 500 | -1 044 | -1 044 | 4 456 | -7 597 |
| Bruk av bundne fond | -2 944 | 0 | 0 | 2 944 | -3 735 |
| Bruk av likviditetsreserven | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM FINANSIERING** | **-170 130** | **-220 313** | **-386 769** | **-216 639** | **-307 451** |
| **UDEKT / UDISPONERT** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

Når vi tek med investeringane i eigedomsselskapet, som utgjer om lag 137 mill kr, har vi i 2015 vel 219 mill kr i investeringar.

**DEI STØRSTE INVESTERINGANE I EIGEDOMSSELSKAPET I 2015 ER:**

- Arena Ulstein 49,8 mill. kr
- Omsorgsbustadar Sjøgata 27,2 mill. kr
- Omsorgsbustadar Holsekerdalen 17,9 mill. kr
- Nye Ulsteinhallen 14,1 mill. kr
- Hødd Arena 9,4 mill. kr

# *Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein Eigedomsselskap KF*

*Årsrapport 2015*

| BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
| **EIENDELER** | | | | | |
| **(A) Anleggsmidler** | | | | | |
| Faste eigedomar og anlegg | 1 408 461 222 | 1 270 926 777 | 980 972 891 | 806 440 029 | 689 589 026 |
| Utstyr, maskinar og transportmidlar | 30 066 818 | 20 807 244 | 20 067 678 | 20 740 002 | 22 916 318 |
| Utlån | 50 545 652 | 45 138 166 | 34 658 888 | 28 365 990 | 24 767 123 |
| Aksjar og andelar | 76 281 677 | 57 938 224 | 52 695 086 | 50 485 447 | 49 455 346 |
| Pensjonsmidlar | 509 240 580 | 477 861 272 | 437 474 470 | 401 670 782 | 380 439 294 |
| **Sum anleggsmidlar** | **2 074 595 949** | **1 872 671 683** | **1 525 869 013** | **1 307 702 249** | **1 167 167 107** |
| Kortsiktige fordringar | 63 227 842 | 58 829 940 | 53 328 618 | 48 510 637 | **32 228 917** |
| Premieavvik | 28 728 783 | 37 494 532 | 28 744 151 | 27 890 287 | **16 889 915** |
| Aksjar og andelar | 10 744 721 | 9 856 590 | 9 184 202 | 9 049 215 | **4 368 267** |
| Sertifikat | | 0 | | 0 | |
| Obligasjonar | | 0 | | 0 | |
| Kasse, bankinnskot | 263 936 654 | 265 661 716 | 261 127 359 | 135 578 763 | **89 305 539** |
| **Sum omløpsmidlar** | **366 637 999** | **371 842 778** | **352 384 330** | **221 028 902** | **142 792 638** |
| **SUM EIGEDELAR** | **2 441 233 949** | **2 244 514 461** | **1 878 253 343** | **1 528 731 151** | **1 309 959 745** |
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | | | |
| **(C) EGENKAPITAL** | | | | | |
| Disposisjonsfond | -21 508 049 | -26 708 956 | -12 882 317 | -4 892 013 | **-24 100 511** |
| Bundne driftsfond | -6 478 843 | -6 128 819 | -5 077 358 | -5 218 886 | **-5 406 229** |
| Ubundne investeringsfond | -52 457 235 | -20 157 235 | -23 757 585 | -5 865 094 | **-15 544 549** |
| Bundne investeringsfond | -2 574 076 | -3 005 348 | -3 821 652 | -448 466 | **-1 979 713** |
| Endring i regnskapsprinsipp investering | | 0 | | 0 | |
| Endring i regnskapsprinsipp drift | | 0 | 4 294 407 | 0 | **4 294 407** |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | -8 487 116 | -1 401 494 | -15 525 899 | -8 219 652 | **3 862 739** |
| Rekneskapsmessig meirforbruk | | 0 | | 182 167 | **2 712 927** |
| Udisponert i investeringsregnskapet | | 0 | | | |
| Udekka investering | | 0 | | | |
| Likviditetsreserve | 4 294 407 | 4 294 407 | | 4 294 407 | |
| Kapitalkonto | -211 464 055 | -117 310 425 | -63 877 261 | -72 489 524 | **-54 239 187** |
| **SUM EIGENKAPITAL** | **-298 674 968** | **-170 417 871** | **-120 647 665** | **-92 657 062** | **-90 400 116** |
| **(D) GJELD** | | | | | |
| Pensjonsforpliktelsar mv. | -633 691 858 | -619 807 196 | -587 221 404 | -534 312 777 | **-501 060 834** |
| Ihendehavarobligasjonslån | 0 | 0 | | | |
| Sertifikatlån | -1 064 621 599 | -946 939 400 | -378 852 400 | -30 000 000 | **-125 387 600** |
| Andre lån | -353 207 973 | -396 185 476 | -694 027 465 | -782 729 148 | **-522 664 815** |
| **Sum langsiktig gjeld** | **-2 051 521 430** | **-1 962 932 072** | **-1 660 101 269** | **-1 347 041 925** | **-1 149 113 249** |
| Kortsiktig gjeld | | | | | |
| Kassekredittlån | | 0 | | 0 | |
| Anna kortsiktig gjeld | -89 027 562 | -107 067 432 | -93 499 598 | -85 872 096 | **-70 446 380** |
| Premieavvik | -2 009 989 | -4 097 086 | -4 004 810 | -3 160 069 | |
| **Sum kortsiktig gjeld** | **-91 037 551** | **-111 164 518** | **-97 504 408** | **-89 032 165** | **-70 446 380** |
| **SUM GJELD** | **-2 142 558 981** | **-2 074 096 590** | **-1 757 605 677** | **-1 436 074 089** | **-1 219 559 629** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **-2 441 233 949** | **-2 244 514 462** | **-1 878 253 343** | **-1 528 731 151** | **-1 309 959 745** |
| **BALANSEN SIN NETTOSUM** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **(E) MEMORIAKONTI** | | | | | |
| Unytta lånemidlar | 201 997 367 | 221 178 645 | 211 457 676 | 9 243 496 | 52 200 566 |
| Andre memoriakonti | 1 582 604 | 16 294 766 | 16 988 809 | 31 478 034 | 841 318 |
| Motkonto for memoriakontiene | -203 579 971 | -237 473 412 | -228 446 485 | -40 721 530 | -53 041 884 |
| **SUM MEMORIAKONTI** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# *Finansforvaltning*

Ulstein kommune har i 2015 rapportert aktiva og passiva sida til kommunestyret, kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. Samla rapport for 2015 vert lagt fram som ein del av årsrapporten. I 2015 har Ulstein kommune nytta Bergen Capital Management som rådgjevarar inn mot låneporteføljen og Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar på aktivasida.

Pr. 31. 12 var fordelinga mellom passiva og aktiva slik for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF:

**AKTIVA OG PASSIVA PR. 31.12.2015**




**MÅNADLEG LIKVIDITETSUTVIKLING ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF**



# *Finansforvaltning*

*Årsrapport 2015*

**MÅNADLEG LIKVIDITETSUTVIKLING ULSTEIN KOMMUNE**




Likviditetssituasjonen for tida er grei men mykje av likviditeten er knytt til låneopptak for prosjekt som skal gjennomførast. Etter kvart som utbygginga vert gjennomført vil unytta lånemidlar gå ned. Spesielt er dette knytt til ferdigstilling av Arena Ulstein då dette er eit stort prosjekt. Kommunen har avgrensa likviditet knytt til fond fordi driftsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket når vi vurderer likviditet. Oppbygging av kapitalfond i 2015 er positivt med omsyn til likviditet. Vi må likevel følgje likviditeten nøye gjennom året. Kommunen har ei reserve ved at det er avtalt ein kassakreditt gjennom bankavtalen, men dette er relativt dyr finansiering. Alternativet kan være ordinære låneopptak til styrking av likviditeten.

Porteføljen på langsiktige midlar har i løpet av 2015 auke med 1,353 mill kr netto til 41,501 mill kr:

| FORVALTING SYDVESTOR | PORTEFØLJE 01.01.2015 | | AVKASTNING 2015 | | | | PORTEFØLJE 31.12.2015 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | kr | Prosent | kr | Prosent | Benchmark | Avvik mot benchmark | kr | Prosent |
| Aksjeforvaltning | 13 120 000 | 32,7% | 990 000 | 7,03% | 1,92% | 5,11% | 13 915 000 | 33,5% |
| Bankinnskot/rentefond | 27 028 000 | 67,3% | 558 000 | 2,04% | 0,88% | 1,16% | 27 586 000 | 66,5% |
| **SAMLA PORTEFØLJE** | **40 148 000** | | **1 548 000** | | | | **41 501 000** | |

# *Finansforvaltning*

*Årsrapport 2015*

| PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2015 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vekta gjennomsnittsrente UK/UEKF** | **Pt. Kommunalbanken** | **Norges Bank (styringsrente)** | **3 mnd Nibor** | **6 mnd Nibor** | **3 års SWAP** | **5 års SWAP** |
| 2,22% / 2,40% | 1,65% | 0,75% | 1,45% | 1,45% | 1,60% | 1,75% |

Vi ser at den vekta gjennomsnittsrenta er høgare enn dei korte rentene i marknaden. Årsaka til dette er dei rentebindingane som er gjennomført. Rentebindingane som er gjort er i samsvar med kommunen sitt finansreglement og vedtak gjort i samband med budsjettarbeidet for 2015 for Ulstein kommune og UEKF.



# *Finansforvaltning*
## *Årsrapport 2015*

Det å samanlikne vekta gjennomsnittsrente mot korte renter gir ikkje eit rett bilde av resultatet av kommunen sin rentestrategi. Det vert meir rett å samanlikne durasjonen (vekta løpetid) porteføljen har opp mot marknadsnivå på tilsvarande løpetider. Durasjon for dei to låneporteføljane pr.31.12.:

| ULSTEIN KOMMUNE | | | |
|---|---|---|---|
| **DURASJONSINTERVALL** | **PÅLYDENDE I NOK** | **DURASJON** | **PROSENTVIS ANDEL AV PORTEFØLJEN** |
| Under 1 år | 223 570 824 | 0,19 | 44,38% |
| 1 to 2 år | 30 000 000 | 1,42 | 5,96% |
| 2 to 3 år | 0 | 0,00 | 0,00% |
| 3 to 5 år | 103 464 036 | 4,82 | 20,54% |
| > 5 år | 146 727 000 | 8,30 | 29,13% |
| **SUM** | **503 761 860** | **3,58** | **100,00%** |

| ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP | | | |
|---|---|---|---|
| **DURASJONSINTERVALL** | **PÅLYDENDE I NOK** | **DURASJON** | **PROSENTVIS ANDEL AV PORTEFØLJEN** |
| Under 1 år | 376 835 104 | 0,29 | 41,26% |
| 1 to 2 år | 27 000 000 | 1,42 | 2,96% |
| 2 to 3 år | 20 000 000 | 2,13 | 2,19% |
| 3 to 5 år | 0 | 0,00 | 0,00% |
| > 5 år | 489 437 000 | 6,92 | 53,59% |
| **SUM** | **913 272 104** | **3,92** | **100,00%** |



# *Avdelingsvise oversikter*

## *Tenesteoversikt, utviklingsmål, nøkkeltal, aktiverte tiltak*

### Sentraladministrasjon

- Økonomiavdelinga
- Personalavdelinga
- IT-avdelinga
- Kommunikasjonsavdelinga

### Helse og omsorg

- Omsorg - Sone 1
- Omsorg - Sone 2
- Omsorg - Sone 3
- Omsorg - Sone 4
- Legetenesta
- Helsestasjonstenesta

### Oppvekst og kultur

- Oppvekst
- Haddal skule
- Hasund skule
- Ulstein skule
- Ulsteinvik barneskule
- Ulstein ungdomsskole
- PPT
- Ulstein kompetansesenter
- Sundgotmarka barnehage
- Kulturavdelinga

### Teknisk

- Ulstein brannvesen
- Anlegg og drift
- Plan- og bygningsavdelinga
- VA - Vatn og avløp
- Veg og hamn

KVA SEIER INNBYGGARANE OM:

**Tettstadsutvikling**

Har lukkast i å gjere sentrum både moderne og funksjonabelt.

Vi treng ein samlingsplass for ungdom som har startet VGS. Ja, vi har ein park med vollyballnett og korg, med det er berre det.

Butikker på gatenivå for å skape et trivelig sentrum - Bondensmarket med gode tilbud / frukt, grønnsaker, kjøtt, fisk...)

Lage fin fasade i sentrum, men til altfor høg pris. Raserer andre budsjett.

Utviklinga av Ulsteinvik sentrum og Sjøgata. Gleder meg stort til alt er ferdigstilt. Vi har fått eit kjempeflott sentrum.

KVA SEIER INNBYGGARANE OM:

**Krinsane**

Kommunen må verte flinkare å sjå utkantane (krinsane), både når det gjeld vatn, vegar, turvegar. Skulle gjerne hatt 3-4 gatelys rundt Aursneset til turvegen der.

Utbygging av gang/sykkelveg i utkantane!

Kommuneleiinga og dei folkevalde må vere meir med å utvikle og ta vare på krinsane i kommuna. Det blir for mykje berre Ulsteinvik sentrum.

Husk utkantane, her er det hol i asfalten og fullt av plast i elvane. Musikkkorpset forsvinn snart og turstiar har iallefall ikkje kommunen brydd seg med.

# ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE - 2015

## RÅDMANN, ASS. RÅDMANN, KOMMUNALSJEFAR



**Rådmann**
Einar Vik Arset



**Ass. Rådmann**
Verner Larsen



**Helse- og omsorgsetat**
*Kommunalsjef*
Marit Botnen



**Oppvekst- og kulturetat**
*Kommunalsjef*
Gry Nordal



**Teknisk etat**
*Kommunalsjef*
Arne Runar Vik

## STAB



**Økonomiavdeling**
*Leiar*
Steinar Nummedal



**Kommunikasjonsavdeling**
*Leiar*
Asbjørg Gardshol



**Personalavdeling**
*Leiar*
Kari Riise



**IT-avdeling**
*Leiar*
Tor Halvar Botnen



**Politisk sekretariat**
Svein Arne Orvik

## HELSE- OG OMSORGSETAT



**Sone 1 heimetenester**
*Leiar*
Heidi Strand



**Sone 2 heimetenester**
*Leiar*
Gunn Hofset



**Sone 3 inst./heimet.**
*Leiar*
Gunn Sætre



**Sone 4 institusjon**
*Leiar*
Gunn Helen Hauge Muren



**Fellestenester/legeteneste**
*Leiar*
Inger Lise Kaldhol



**Helsestasjon**
*Leiar*
Kristin Meli



**NAV**
*Leiar*
Anne Karin Urke Osnes

## OPPVEKST- OG KULTURETAT



**Ulstein kompetansesenter**
*Leiar*
Bjørnar Urke



**PPT**
*Leiar*
Ingrid Evebø Haug



**Sundgotmarka b.hage**
*Leiar*
Nora Wingsternes



**Kulturavdeling**
*Leiar*
Leif Ringstad



**Flyktningkontor**
*Leiar*
Gry Nordal



**Ulsteinvik Barneskule**
*Leiar*
Vegard Sæter Gurskevik



**Ulstein skule**
*Leiar*
Berit Brunvold



**Haddal skule**
*Leiar*
Kjell Runde



**Hasund skule**
*Leiar*
Marianne Ulstein Johnston



**Ulstein ungdomsskule**
*Leiar*
Jostein Vartdal

## TEKNISK ETAT



**Anlegg og drift, veg og hamn, vatn og avløp**
*Leiar*
Odd Kåre Wiik



**Brann og feiing**
*Leiar*
Arne Runar Vik



**Plan- og bygningsavd.**
*Leiar*
Anita sundnes



**LEIAR: STEINAR NUMMEDAL**
*Tilsett 01.12.2015*



**TIDLEGARE LEIAR: ELISABET AKLESTAD**

# *Økonomiavdelinga*

| ÅRSVERK | TILSETTE |
|---|---|
| 6,2 | 7 |

| NETTO RESULTAT | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Rekneskap | 6,6 | 6,5 | 6,6 |
| Budsjett | 6,8 | 6,7 | 6,7 |
| **Avvik** | **0,2** | **0,2** | **0,1** |

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap, økonomistyring, fakturamottak og skatteinnkrevjing. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I tillegg har vi ansvar for rekneskap og budsjettoppfølging for Ulstein Eigedomsselskap og Ulstein sokn. Frå hausten 2015 vart Økonomi og organisasjonsavdelinga delt inn i Økonomiavdeling og Personalavdeling. Fleire av resultata frå 2015 er difor knytt til Økonomi og organisasjonsavdelinga.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støtteteneste til alle einingar i kommunen i form av rådgjeving innan rekneskap, innkjøp og kostnadskontroll
- Vi skal vere imøtekomne og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester
- Økonomiavdelinga skal syte for ei god finans- og økonomiforvaltning
- I samarbeid med leiarane i organisasjonen, skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering

## *Aktivitet og resultat 2015*

IKT har vore eit satsingsområde for økonomiavdelinga i 2015. Hausten 2015 starta ein opp eit Agressoprosjekt for å kunne inkludere Ørsta/Volda i SSIKT-samarbeidet, med sikte på at alle dei sju kommunane på Søre Sunnmøre skulle få ein felles Agresso-installasjon. Etter at kommunane har fått felles database vil systemet også bli oppgradert til nyaste versjon. Dette vil gjere det enklare å nytte systemet på ein langt breiare måte enn det som vert gjort i dag. Målet er også å få til eit enno tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene.

I 2015 vart det også teke i bruk eit nytt ERP-system for innkrevjing av kommunale avgifter og gebyr. Dette er ein eigen modul i eksisterande økonomisystem, og har gjort det enklare å utføre ulike innkrevjingsprosessar meir automatisk og effektivt. Målet er å redusere omfanget av utestående krav og gi mest mogleg standardisert informasjon til seine betalarar.
Innføring av A-meldinga som kom i 2015 har hatt størst innverknad på lønnsområdet, men også skatteoppkrevjarkontoret har fått endra arbeidsoppgåver etter innføringa. Det meste av manuelle blankettar og oppgåver vart i 2015 erstatta av den elektroniske A-meldinga. Dette har stilt krav om tydelegare informasjon til brukarane omkring den nye rapporteringsmetoden.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ØKONOMI** | God økonomisk styring | Avvik mot budsjett | 0,19 mill. kr (øk.org) | 0,1 mill. kr (øk.org) | 0 kr |
| **BRUKAR** | Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd | Gjennomsnittsscore på undersøking om interne tenester | 5,2 (øk.org) | 5,0 | 5,3 |
| | | Andel inngåande faktura som kjem i EHF-format | 19,5 % | 35,3 % | 60 % |
| | | Tal på fellesopplæring i Agresso web | 1 | 1 | 2 |
| | | Tal på økonomirapporteringar via Agresso web | 9 | 6 | 10 |
| **ORG.** | Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø | Svarprosent medarbeidarundersøking | 80 % (øk.org) | Ikkje gjennomført | 100 % |
| | | Score på «total medarbeidartilfredsheit» frå medarbeidarundersøking | 4,7 (øk.org) | Ikkje gjennomført | 5 av 6 |
| | | Score på «stoltheit over eigen arbeidsplass» frå medarbeidarundersøking | 4,6 (øk.org) | Ikkje gjennomført | 5 av 6 |
| | | Sjukefråvær i % | 2,36 % (øk.org) | 4,51 (sentraladm) | Maks 2 % |
| | Vi har fokus på internkontroll | Talet på restansar i ePhorte eldre enn 4 månadar(for eigne tilsette i avd.) | | | 0 |



# Personalavdelinga

**LEIAR: KARI RIISE**

| ÅRSVERK | TILSETTE |
|---|---|
| 4,6 | 5 |

| NETTO RESULTAT | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Rekneskap | 6,6 | 6,5 | 6,6 |
| Budsjett | 6,8 | 6,7 | 6,7 |
| **Avvik** | **0,2** | **0,2** | **0,1** |

Personalavdelinga har fagansvar for lønn og personalarbeid. Som stabseining har vi ansvar for oppfølging innan internkontroll, avviksrapportering, sjukefråvær og HMS. I tillegg utøver vi personalforvaltning for Ulstein Eigedomsselskap KF og lønnsarbeid for Ulstein sokn. Frå hausten 2015 vart Økonomi og organisasjonsavdelinga delt inn i Økonomiavdeling og Personalavdeling. Fleire av resultata frå 2015 er difor knytt til Økonomi og organisasjonsavdelinga.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Tilsette i personalavdelinga skal vere fagleg oppdatert og gi god og trygg leiarstøtte i saker som gjeld personalhandtering og lønn
- I samarbeid med verneombod og tillitsvalde, skal personalavdelinga sikre god og rett samhandling mellom arbeidsgivar og arbeidstakarane i heile organisasjonen
- Personalavdelinga skal sikre god internkontroll innan våre fagområde både i eiga avdeling og i resten av organisasjonen. Vi skal utvikle og drifte kommunen sitt system for internkontroll og avvikshandtering.
- Gjennom styrka fokus på ein god og synleg arbeidsgivarpolitikk, skal Ulstein kommune vere ein attraktiv arbeidsplass for motiverte medarbeidarar.

## *Aktivitet og resultat 2015*

**God og synleg arbeidsgivarpolitikk**
Ny arbeidsgivarstrategi for Ulstein kommune vart vedtatt i administrasjonsutvalet i mars 2015. Dokumentet skal bidra til å sikre ein god, verdibasert og synleg arbeidsgivarpolitikk. Arbeidsgivarstrategi og arbeidsgivarpolitikk har vore tema leiarsamlingar og samlingar med tillitsvalde. Lønnspolitisk plan vert revidert kvart år. Dokumentet blir flittig brukt i lønnsforhandlingar og i samhandling mellom arbeidsgivar og arbeidstakarorganisasjonane gjennom heile året.

**Samhandling mellom arbeidsgivar og arbeidstakar**
Gjennom deltaking i leiarsamlingar og månadlege møte med rådmann og personalleiar, har hovudtillitsvalde og hovudverneombod eit godt system for samhandling med leiinga i kommunen. I 2015 har tillitsvalde også vore aktivt med i arbeidsgruppe som jobbar med kommunereform.

**Internkontroll**
Etter anbodsrunde, vart det elektroniske systemet for tidsregistrering (stempling) erstatta med ein nyare og meir brukarvenleg versjon i 2015. Dette gir ei betre oversikt over arbeidstid, ferie og fråvær både for den tilsette sjølv, leiaren og personalavdelinga.
Også det elektroniske kvalitetssystemet vart oppgradert i 2015. Dette gir betre oversikt over omfang på skader,- både yrkesskader, elevskader og småskader i organisasjonen.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,19 mill. kr (øk.org) | 0,1 mill. kr (øk.org) | 0 kr |
| BRUKAR | Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd | Gjennomsnittsscore på undersøkinga om interne tenester for avdelinga | 5,2 (øk.org) | 5,3 | 5,3 |
| | | Kommunekompasset: score på leiarskap, ansvar og delegasjon | 54 av 100 | 54 | 58 |
| | | Kommunekompasset: score på kommunen som arbeidsgivar | 46 av 100 | 45 | 54 |
| | | Prosentvis del av søknader på ledige stillingar som kjem elektronisk via vår heimeside | 99% | 99% | 99% |
| ORG. | Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø | Kor mange tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale | 5/5 | 5/5 | 100 % |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,9 av 6 (øk.org) | Ikkje gjennomført i 2015 | 5,5 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,2 av 6 (øk.org) | Ikkje gjennomført i 2015 | 5,5 |
| | | Sjukefråvær | 2,36 % (øk.org) | 4,51 (sentraladm) | 2 % |
| | Vi har fokus på internkontroll | Registrerte avvik som gjeld manglar eller feil i skjema, rutinar og dokument i kvalitets- og styringssystemet innan personalområdet | - | 0 | 0 |
| | | Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månader ved utgangen av året | Ikkje målt for avdelinga | 0 | 0 |



# *Kommunikasjonsavdelinga*

**LEIAR: ASBJØRG GARSHOL**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 3,6 | | 4 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 3 | 3,3 | 3,4 |
| Budsjett | 3,2 | 3,3 | 3,5 |
| **Avvik** | **0,1** | **0** | **0** |

Kommunikasjonsavdelinga omfattar einingane Servicetorg, Postmottak, Dokumentsenter og Turistinformasjon. Avdelinga har også ei sentral rolle i samband med beredskap/kriseleiing. Førehandsrøystinga ved kommunestyreval og stortingsval føregår i Servicetorget.

Servicetorget/sentralbordet har ope måndag – fredag frå kl. 08.00 – 16.00.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Sikre god informasjon og tilgjengelegheit, enten det er via web, telefon eller i direkte møte med publikum. Servicetorget skal bidra til at Ulstein kommune vert opplevd som ei profesjonell, effektiv og serviceorientert verksemd.
- Gjennomføre årlege brukarundersøkingar for dei ulike tenesteområda i kommunen, samt innbyggarundersøking annakvart år, jf. plan.
- Fokus på internkontroll og personvern.
- Kompetanseheving. Den elektroniske og digitale kvardagen og døgnopen forvaltning, inneber nye arbeidsprosessar og ny kunnskap.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Det har vore eit aktivt år, med mykje fokus på dokumentsenteret, statsarkivet sitt tilsyn, personvern og sikkerheit. Samstundes har vi vore opptekne av å dyrke det å vere serviceinnstilte og svare på henvendelsar på ein imøtekomande, dyktig og effektiv måte. Året har vore rimeleg krevjande på grunn av lite bemanning i periodar, men vi er stolte av å likevel ha klart å vise fleksibilitet og omstillingsevne.

Vi er også stolte av at Servicetorget fekk høgre score på innbyggarundersøkinga i 2015 enn tidlegare år, og at vi har klart å redusere ventetida på telefon, trass mindre bemanning.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | God økonomisk styring | Avvik mot budsjett | 0 kr | 0 kr | 0 kr |
| BRUKAR | Vi er tilgjengelege | Svarprosent – anrop inn til sentralbord | 82% | 90% | 100% |
| | | Gjennomsnittleg svartid | 25 sek. | 21 sek. | 10 sek. |
| | Vi er serviceinnstilte | Score på forbrukerrådets kommunetest: servicegrad | 51,5 (2013) | | 75 av 100 |
| | | Score på innbyggarundersøkinga: tilfredsheit med kommunen sitt servicetorg | 4,8 (2013) | 4,9 | 5 av 6 |
| | Vi er attraktive og informative | Tal på unike besøk på nettsida www.ulstein.kommune.no pr. vekedag | 480 | 400 | 600 |
| | | Score på innbyggarundersøkinga: tilfredsheit med kommunen sine nettsider | 4,1 | 4,5 | 5 av 6 |
| ORG. | Brukarinvolvering | Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år | 14 | 5 | 5 |
| | Kommunikasjons-strategi | Rullering av Kommunikasjonsstrategisk plan (kvart 4. år) | Sist: 2011 | Gjennomført | 2015 |
| | Internkontroll | Andel tilsette som har fått elektronisk adgangskort/identitetskort | - | 100% | 100% |
| | | Rullering av arkivplanen (årleg) | Ja | Påbegynt | 2015 |
| | Kompetanseheving | Tal deltakarar på introkurs i ePhorte av totalt antal nytilsette som skal nytte ePhorte | 5 av 5 | 100% | 100% |
| | | Tal på deltakarar på kurs med fokus på personvern og lovverk knytt til den elektroniske/digitale kvardagen | - | Sjå etatsvise oversikter | - |

# IT-avdelinga



**LEIAR: TOR HALVAR BOTNEN**

| ÅRSVERK | TILSETTE |
|---|---|
| 4,8 | 5 |

| NETTO RESULTAT | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Rekneskap | 5,5 | 7,5 | 7,2 |
| Budsjett | 5,5 | 7,5 | 7,4 |
| **Avvik** | **0** | **0** | **0,2** |

IT-avdelinga er ei stabsavdeling under Rådmannen. Avdelinga har ansvar for drift, utvikling og vedlikehald av nettverk, serverpark og klientar.

IT-funksjonen skal levere kostnadseffektive, brukarvenlege og driftssikre system som gir tilsette arbeidsverktøy for effektive arbeidsrutinar, gode tenesteytingar overfor innbyggarane i kommunen og styring/kontroll.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Levere stabile og tilgjengelege IT-tenester med robust infrastruktur.
- Vere pådrivar for bruk av ny teknologi, til dømes velferdsteknologi og virtualiseringsplattform (Citrix og VmWare).
- Vere med å utvikle og drifte felles interkommunalt driftssenter (SSIKT).

## *Aktivitet og resultat 2015*

**Felles driftssenter for Søre Sunnmøre (SSIKT)**
Så godt som alle tenester er i løpet av året flytta over til felles driftssenter. Vi byrjar no å sjå mange av fordelane med samdrifta og eit velfungerande driftssenter.

**Fiberkabel Ulsteinvik Sentrum**
I slutten av 2014 og i løpet av 2015 har alle kommunale bygg i sentrum fått fibertilkopling direkte frå rådhuset. Dette gjeld mellom anna omsorgstenesta; Alvehaugen, Ulshaugen, Holsekerdalen og Sjøsida. Dette gir auka kapasitet, stabilitet og tryggleik og opnar for utstrakt bruk av velferdsteknologi i åra framover. Sentrumsskulane, biblioteket, Sjøborg og eit par tekniske installasjonar i tillegg til fleire andre bygg er også kopla på.

**IKT-løft i skulen**
Felles Elektronisk Identitet, FEIDE, løysing for sikker identifisering i utdanningssektoren vart innført i Ulsteinskulen. Dette inneber enkel pålogging for elevar og lærarar og forenklar administrasjon rundt tilgangar til naturressursar betrakteleg.
Elev-PCane var sett opp på nytt og nye virtuelle skrivebord teke i både for lærarar og elevar. Tilbakemeldingane frå skulene er at driftsstabiliteten er betra.
Samarbeidet mellom skulane og IT-avdelinga er styrka gjennom forum for IKT-kontaktar. Saman med oppvekstkontoret har IKT-avdelinga planlagt og gjennomført første del av teknologiskulen. Teknologiskulen er ei satsing på teknologi i heile grunnskulen. Auka bruk av teknologi i skulen krev investeringar. Kommunestyret har lagt pengar på bordet og IKT-avdelinga har byrja planlegginga av innkjøp og klientstrategi.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | God økonomisk styring | Avvik mot budsjett | -0,04 mill. kr | 0,2 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Overordna brukartilfredsheit | Score på intern brukarundersøking: brukartilfredsheit | 4,1 (sist målt 2013) | 4,7 | 5,5 |
| | Service og responstid | Andel førespurnader frå @hjelp som har fått svar innan 24 timar | 1044 / 1374 (76 %) | 956 / 1006 (95,6 %) | 100 % |
| | | Andel førespurnader frå vakttelefon som har fått svar innan to timar | 100 % | 99% | 100 % |
| | Driftsstabilitet | Talet på driftsstans pga. straumstans | 0 | 0 | 0 |
| ORG. | Driftsstabilitet | Tal på testing av nødstraumaggregat pr. år | 4 | 3 | 2 |
| | Samhandling, forventningsavklaring og kompetanseheving | Tal på gjennomførte IT kurs for superbrukarar i skulen | 1 | 5 | 4 |
| | | Tal på gjennomførte samhandlingsmøte med kvar etat | 0 | 3 | 6 |



# *Omsorg – sone 1*

**LEIAR: HEIDI STRAND**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 33,5 | | 63 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 16,6 | 27,6 | 23,9 |
| Budsjett | 16,3 | 26,4 | 24,1 |
| **Avvik** | **-0,3** | **-1,2** | **0,1** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 12,03% | 10,92% | 12,22% |

Sone 1 sine hovudoppgåver er tenester til heimebuande med heimesjukepleie og heimehjelp, avdeling for psykisk helse og rus, to bustadar for utviklingshemma, ergoterapi/hjelpemiddelformidling og koordinerande eining.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Sikre kvalitet, likeverdige tenestetilbod og stor grad av brukarorientering.
- Fokus på menneske med psykiske helse- og rusproblem, særleg yngre brukarar.
- Fokus på demensproblematikk.
- Kompetanseutvikling, nyskaping og innovasjon i tenesta, vere ein aktiv prosjektorganisasjon.
- God samhandling og skjerpa internkontroll.
- Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.

Heimetenesta har elektronisk samhandling med lege og apotek, og det er god utvikling i høve til korleis våre tilsette kan nytte moderne metodar for elektronisk samhandling. Heimetenestene har stor pågang frå brukarar som treng hjelp i heimen og vi har eit team med fem personar på dag og to personar på kveldsvakter. Talet på brukarar aukar og det er no nærare 100 oppdrag på dagvakter og rundt 50 på kveldsvakter.

Helse- og omsorgsetaten har siste åra delteke i eit prosjekt innan lindrande behandling og kreftomsorg. Vi har no fått midlar til å innføre palliativ plan for sju kommunar på Søre Sunnmøre, eit prosjekt som vert leia av kreftkoordinatoren i Ulstein. I tillegg har vi fått innovasjonsmidlar frå fylket, og vi driv mykje med kompetanseheving og fagutvikling. Dette er innovasjonsarbeid vi er svært stolte av å stå i bresjen for.

Ressursane knytt til psykisk helse og rus vert mellom anna brukt inn i skulane for å ivareta ungdom som har psykiske helseproblem, særleg unge jenter.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Vi har nådd dei fleste av måla vi sette for 2015 og arbeider stadig for å oppretthalde ein forbetringskultur og ha effektiv og god styring av dei heimebaserte tenestene i Ulstein. Året har vore prega av aukande tal på brukarar og omfattande og kompetansekrevjande pleie og omsorg av heimebuande.

Sjølv om vi fekk tilført nye omsorgsbustadar både i Holsekerdalen og på Sjøsida, så har vi framleis ventelister frå innbyggarar som ynskjer å flytte inn i moderne husvære. Sjøsida har vore ein suksess, og dei som bur der greier seg med mindre hjelp, både på grunn av at dei er lokalisert i sentrum, og fordi leilegheitene er tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne. Arbeidsmiljøet er godt i alle avdelingar, men vi får tilbakemeldingar på at tidspress er eit aukande problem då behovet for tenester har auka mykje siste året.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ØKONOMI** | | Avvik mot budsjett | -1,2 mill. kr | 0,1 mill. kr | 0 kr |
| **BRUKAR** | Tenestetilbodet skal opplevast trygt og forsvarleg | Score frå brukarundersøking: heilheitsvurdering av tenestene | 4,2/4,5 | Ingen | 5 av 6 |
| | Demens vert oppdaga tidlegast mogleg | Tal på heimebesøk til innbyggarar over 80 år | ---- | Alle | Alle |
| | Brukarar skal få bu lengt mogleg i eigen heim | Andel brukarar som får helsehjelp i eigen bustad | 77 % | ? | 80 % |
| **ORG.** | Kompetanseutvikling | Tal på kursdeltakarar innan forvaltningskompetanse, særleg innan helserett | 1 | 10 | 10 (100 %) |
| | Vi nyttiggjer oss IKT-systema på ein god måte | Tal på nytilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Gerica innan ein månad etter tilsetjing | 10/10 | 10/10 | 100 % |
| | | Tal på nytilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Risk Manager innan ein månad etter tilsetjing | 10/10 | 10/10 | 100 % |
| | Vi er gode på tverrfagleg samarbeid | Tal på avvik når det gjeld samhandling | 1 | 3 | 0 |
| | Offentleg satsing på tenesteinnovasjon | Tal på tilskotstildelingar av totalt tal på prosjektsøknadar | 5/5 | 5 | 2/2 |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Svarprosent på medarbeidarundersøkinga blant eigne tilsette | 51 % | 0 | 100 % |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: «total medarbeidartilfredsheit» | 4,6 | - | 5 av 6 |
| | | Sjukefråvær | 10,92 % | 12,22% | < 8 % |



# Omsorg - sone 2

**LEIAR: GUNN HOFSET**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 42,5 | | 75 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 23,8 | 23,1 | 30,9 |
| Budsjett | 23,9 | 22,1 | 30,2 |
| **Avvik** | **0,1** | **-1** | **-0,7** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 11,65% | 9,98% | 7,50% |

Avdelinga består av:

- USAS (Ulstein sanse- og aktivitetssenter): Dagsenter for 15 psykisk utviklingshemma menneske. Dagaktivitetar, sansestimulering, arbeidstrening
- Holsekerdalen 22: åtte omsorgsbustadar for psykisk utviklingshemma, fem omsorgsbustadar for yngre fysisk funksjonshemma og avlastning for tre yngre brukarar.
- Holsekerdalen 20: 24 omsorgsbustadar.
- Ulshaugen busenter: 20 omsorgsbustadar, samt drift av Bygdastova.
- Psykiatribustadar: sju omsorgsbustadar.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Vidareutvikle innovasjonsprosjektet Holsekerdalen.
- Planlegge nytt USAS i Holsekerdalen, ferdig desember 2016.
- Fokus på å forhindre vald og truslar på arbeidsplassen.
- Levere trygge og gode tenester.
- Ivareta godt arbeidsmiljø og stor arbeidsglede.

## *Aktivitet og resultat 2015*

2015 var det store flytteåret, og minst 50 personar flytta bustad i løpet av våren/sommaren. Første del av året vart det mykje planlegging, organisering og etter kvart gjennomføring av flytteprosessar. Nye kontor, fellesareal og uteområde har vorte tillaga og tenestene har blitt organisert på ny måte i nye baser. Vi har hatt fokus på dialog med brukarane og trygging i endringsprosessar, og på tilsette som arbeider med psykisk utviklingshemma. Alle har fått undervisning om autisme. Vaksenhabiliteringa har vore inne med jamn rettleiing av personale i høve utagerande åtferd, vald og truslar og vi har hatt undervisning i «§9A Makt og tvang» for alle tilsette. Vi har også gjennnomført undervisning og rettleiing for alle tilsette i høve personvern, kvalitetssystem og Gerica/GRS.

Sjukefråværet var på om lag 7,5%, noko som ligg under målsettinga (8%). Dette til trass for store utfordringar i høve utagerande åtferd hos enkelate brukarar i avdeling for psykisk utviklingshemma.

Ulshaugen/Holsekerdalen 20 fekk Arbeidsmiljøprisen for 2015, noko som sjølvsagt var svært inspirerande.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,98 mill. kr | -0,7 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Tenestetilbodet skal opplevast trygt og forsvarleg | Score frå brukarundersøking: heilheitsvurdering av tenestene | ---- | 0 | 5 (av totalt 6) |
| | | Score frå brukarundersøkinga: brukarmedverknad | ---- | 0 | 5 (av 6) |
| | | Score frå brukarundersøkinga: tryggheit | ---- | 0 | 5 (av 6) |
| | | Score frå brukarundersøkinga: total tilfredsheit | ---- | 0 | 5 (av 6) |
| ORG. | Fagkompetanse | Andel tilsette med fagutdanning | ---- | ? | Min. 70% |
| | Vi nyttiggjer oss IKT systema på ein god måte | Tal på nytilsette som har gjennomført naudsynt opplæring i Gerica, GRS Min arbeidsplan og Risk Manager innan ein månad etter tilsetjing | 100% | 100% | 100% |
| | Samordne nye personalgrupper og skape eit godt miljø | Score frå medarbeiderundersøkinga: heilheitsvurdering | 5,0 | 0 | 5 (av 6) |
| | | Tal på tilsette som arbeider med PU som har fått opplæring i §9A Bruk av makt og tvang. Opplæring i terapeutisk meistring av aggresjon | 20 | 30 | 30 |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Antal avvik på utagerande åtferd/vald/truslar | 86 | | Årleg nedgong |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: «total medarbeidartilfredsheit» | 4,8 | 0 | 5 (av 6) |
| | | Sjukefråvær | 9, 98% | 7,50% | < 8% |



# Omsorg - sone 3

**LEIAR: GUNN SÆTRE**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 33,66 | | 59 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 26,3 | 22,7 | 21,7 |
| Budsjett | 27,3 | 23,3 | 23 |
| **Avvik** | **1** | **0,6** | **1,4** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 8,04% | 11,21% | 11,28% |

HI-fløya er to bufellesskap på Alvehaugen med til saman 21 omsorgsbustadar. HI-fløya sine pasientar har døgnkontinuerleg omsorgsbehov. To av bebuarane er ressurskrevjande med 1:1 bemanning dag og kveld.
G-fløya er korttidsavdelinga på sjukeheimen. Avdelinga har 18 plassar, derav eit rom avsett til øyeblikkeleg hjelp. Vi arbeider for å frigjere fleire rom til korttidsplassar.
Dagsentertilbodet for eldre på Alvehaugen og Bygdastova (Ulshaug) gir sosial aktivisering og trening til heimebuande.
Ambulerande serviceteneste har mellom anna ansvar for formidling og reparasjon av hjelpemiddel, middagsombering, køyre brukarar til og frå alle dagtilbod.
Fysioterapiteneste har 0,5 stilling til pasientar på sjukeheimen og pasientar som har rett til fysioterapi i egen heim.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Avdeling G (korttidsavdeling) skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fastsett frist. Auke tal på rom brukt til korttidsplassar.
- Levere gode og verdige tenester, fokus på brukarmedverknad og gjennomføring av innkomstsamtalar.
- Fokus på å ivareta godt arbeidsmiljø og arbeidsglede. Behov for kompetanseauke ved å styrke sjukepleiedekninga.
- Utvikle dagsentertilbod for demente.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Også dette året tok vi mot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset til rett tid, men det har vore stort press på tenestene og i periodar har vi hatt pasientar på fleire stover og pårøranderom for å kunne ta imot alle som har rett på hjelp. Vi må skrive ut pasientar frå korttidsopphald med dårlegare funksjonsnivå enn det vi har gjort før, og presset på heimetenestene har truleg auka tilsvarande.

I 2015 hadde vi 70 innleggingar frå sjukehus og 70 innleggingar frå heimen samt 25 øyeblikkeleg-innleggingar. Brukarmedverknad er sentralt, med fokus på tett og god dialog med brukar og pårørande og med faste samtaler med tilsynslege og fagkoordinator.

Dagsentertilbodet er eit lavterskeltilbod der alle som ynskjer det får plass.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ØKONOMI** | | Avvik mot budsjett | 0,61 mill. kr | 1,4 mill. kr | 0 kr |
| **BRUKAR** | Fagkompetanse | Andel sjukepleiarar | 20 % | 20% | 30% |
| | Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt | Score frå brukarundersøkinga: heilheitsvurdering av tenestene | Snitt: 4,6 Heilheitsvurd.: 5,6 | Ny hausten 2016 | 5,5 av 6,0 |
| | God tilrettelegging for demente | Tal på demente som har tilbod om dagopphald på Alvehaugen | Oppstart haust 2015 | Oppstart januar 2016 | |
| | Vere ein pålitelig aktør i samhandlingskjeda | Tal på bøter knytt til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som treng korttidsopphald på sjukeheimen | 0 (av 59 pasientar) | 0 (av 70 pasientar) | 0 |
| **ORG.** | Vi er gode på IT-systema vi brukar | Tal på nytilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Gerica innan ein månad etter tilsetjing | Alle har fått tilbod om opplæring | alle | Alle |
| | Internkontroll | Tal på nytilsette som har gjennomført opplæring i Risk Manager innan ein månad etter tilsetjing | Arr. Opplæring x 4/år | alle | Alle |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,8 av 6,0 | Ny hausten 2016 | 5,0 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,9 av 6,0 | Ny hausten 2016 | 5,0 |
| | | Sjukefråvær | 11,21 % | 11,28% | 8% |



# Omsorg - sone 4

**LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN**

| ÅRSVERK | TILSETTE | | |
|---|---|---|---|
| 35,4 | 63 | | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 20,3 | 25,4 | 27,5 |
| Budsjett | 21,2 | 24,5 | 26,1 |
| **Avvik** | **0,9** | **-0,8** | **-1,4** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 10,13% | 14,53% | 15,95% |

Sone 4 omfattar avdelingane E og F på sjukeheimen, Natt-teamet, Vaskeri, Storkjøkken og vikarbanken.

Avdeling E har åtte plassar og avdeling F har 16 plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt og somatisk sjukdom.

På ei gruppe er det tilrettelagt for forsterka skjerming for inntil tre bebuarar.

Innan demensomsorga har vi utfordringar med omsyn til bruk av tvang og vurderingar av samtykkekompetanse. Talet på personar med demens som har behov for ulike grader av skjerming er aukande.

Nattevaktene på Alvehaugen, heimetenestene og Holsekerdalen 22 er organisert i eit eige team med seks personar på vakt kvar natt. Dei har base på Alvehaugen og i Holsekerdalen 22.

Storkjøkkenet lagar og leverer dagleg ca. 160 middagar. Kjøkkenet syter for frukost til avdelingane på kvardagar og leverer i tillegg tørrmat til alle avdelingar og driftar kantina ved Alvehaugen. Kjøkkenet har ein del cateringverksemd til møte, arrangement og liknande.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Styrke demensomsorga.
- Styrke arbeidsmiljøet og redusere sjukefråværet.
- Starte opp frukostgruppe ved Alvehaugen i regi av kjøkkenet

## *Aktivitet og resultat 2015*

Sone 4 har i 2015 vidareført arbeidet med oppbygging av den forsterka skjerma eininga og utvikling av demensomsorga. I 2015 hadde vi ei stor underrapportering på avvik/uønska hendingar i demensavdelingane, og vi har no eit auka fokus på rapportering.

Avdelingane arbeider for god brukarmedverknad, og det vert gjennomført innkomstsamtaler med pasient/pårørande, lege og fagkoordinator. I tillegg får alle bebuarar tilbod om pasient/pårørande samtale x 2 pr. år. Avdelingane nyttar aktivt dagplasstilbodet for demente. Musikkterapiprosjektet som vart starta opp i 2015, har vore svært positivt inn i demensomsorga, og er frå 2016 ei fast stilling. Hausten 2015 vart det starta opp frukostgruppe i samarbeid mellom kjøkkenet og dagplass. 2-3 bebuarar frå demensavdelinga har jamleg delteke. Alle inngåande søknader til demensavdelingane vart handsama innan tidsfristen.

I 2015 gjennomførte vi pårørandeskule i samarbeid med demensforeininga.

I 2015 jobba vi med arbeidsmiljø og sjukefråværsoppfølging i tett samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Det var likevel eit høgt sjukefråvær i 2015. Ein vesentleg del av dette er langtidsfråvær.

Sona hadde i 2015 avvik mot budsjett. Ein del av dette er knytt til ekstravakt på ein bebuar, høgt sjukefråvær, samt underbudsjettering på variable tillegg.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ØKONOMI** | | Avvik mot budsjett | -0,8 mill. kr | -1,4 mill. kr | 0 kr |
| **BRUKAR** | Tenestetilbodet skal opplevast trygt godt | Score frå brukarundersøking på brukaren si vurdering av tenestene | Pårørande: 4,5<br>Bebuarane: 4,6 | | 5,0 av 6,0 |
| | | Auke talet på tilsette med fagutdanning | | 1 | Nytt |
| | | Tal på inngåande søknadar med sakshandsamingstid ut over tidsfristen | 1 av 100 (1%) | 0% | 0% |
| | Betre livskvalitet for menneske med demens sjukdom/kognitiv svikt | Tal på personar med demens/kognitiv svikt som nyttar seg av dagplasstilbod | 8 | 9 | 9 |
| | | Registrerte avvik på utagerande åtferd pr. år | 22* | 13* | ? |
| | | Gjennomføre pårørandeskule med demensforeininga annakvart år | Ja | ja | ja |
| **ORG.** | Vi er gode på IT-systema vi brukar | Tal på nytilsette som har gjennomført naudsynt opplæring i bruk av Gerica, Min Arbeidsplan og Kvalitets- og styringssystemet innan ein månad etter tilsetjing | 10 av 10 (100%) | 90% | 100% |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 3,6 av 6,0 | | 5,0 |
| | | Sjukefråvær i % | 14,53% | 15,95% | 8% |
| | Fagutvikling | Etablere demenskontakt i heimetenestene | | ja | Nytt |
| | | Tal på bebuarar i institusjon som nyttar frukostgruppe | | 3 | Nytt |

** Underrapportert*



# NAV

**LEIAR: ANNE KARIN URKE OSNES**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 2,6 | | 3 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 10,2 | 10,7 | 9,7 |
| Budsjett | 10 | 11 | 9,4 |
| **Avvik** | **-0,2** | **0,3** | **-0,3** |

Det lokale NAV-kontoret har to styringslinjer; kommunal og statleg, og leverer hovudsakleg tenester knytt til arbeidsretta oppfølging av brukarane. Kommunen har ansvar for økonomisk sosialhjelp; bidrag og lån til vanskelegstilte. Sosialhjelpa er ei mellombels økonomisk hjelp til personar utan/eller lav arbeidsinntekt og/eller trygd.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Å gi alle høve til å kome i arbeid.
- Å gi alle barn og unge høve til å delta og utvikle seg.
- Å betre levekåra for vanskelegstilte.
- Dempe skadeverknader av arbeidsløyse.

## *Aktivitet og resultat 2015*

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| **ØKONOMI** | | Avvik mot budsjett | 0,35 mill. kr | -0,3 mill. kr | 0 kr |
| **BRUKAR** | Fleire i arbeid | Andel sjukmelde som har gjennomført dialogmøte 2 innan 26 veker | 58 % | Min. 80 % | Min. 80% |
| | | Andel arbeidssøkjarar som har kome i arbeid innan seks månader etter avgang NAV | 56 % | Min. 60 % | Min. 60% |
| | | Andel personar med nedsett arbeidsevne skal ha kome i arbeid innan seks månader etter avgang NAV | 49 % | Min. 45 % | Min. 45% |
| | | Andel arbeidssøkjarar som har fått oppfølging dei siste tre månadane | 80 % | Min. 80 % | Min. 80% |
| | | Andel personar med nedsett arbeidsevne som har fått oppfølging siste tre månadane | 89 % | Min. 80 % | Min. 80% |
| | Samspel med verksemder | Andel stillingar meldt til NAV med tilvising | 100 % | Min. 90 % | Min. 90 % |
| | | Andel verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand frå NAV | 14,2 % | Min. 20 % | Min. 20% |
| | Service | Andel «kontakt brukar» innan 48 timar | 74 % | Min. 80 % | Min. 80% |
| | Betre levevilkår for vanskelegstilte og auke kunnskap om levekår og sosiale utfordringar i kommunen | Tal på personar i målgruppa som får tilbod om Kvalifiseringsprogrammet | 9 | Min. 8 | Min. 8 |
| | | Tal på møter med UEKF pr. år, for å sikre gode bustadar til vanskelegstilte | 12 | 12 | 12 |
| | | Tal på rapporteringar til kommunalsjef om utviklingstrekk | Kvart tertial | Kvart tertial | Kvart tertial |
| | Arbeid først | Arbeidsløyse i % | 1,7 % | Under 2,5 % | Under 2,5 % |
| | | Sjukefråvær i % | 4,4 % | Under 5 % | Under 5 % |
| | Aktive brukarar | Andel bruk av nettbaserte tenester i % | 75 % | Min. 80 % | Min. 80% |

**GJENNOMSNITTLEG STØNADSLENGDE MOTTAKARAR 25 - 66 ÅR, MND**




**NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL SOSIALTENESTEN PR. INNBYGGJAR 20-66 ÅR, KONSERN**





# Legetenesta

**LEIAR: INGER LISE KALDHOL**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 32,0 | | 22 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 7,3 | 8,4 | 11,4 |
| Budsjett | 7,8 | 8,4 | 11,2 |
| **Avvik** | **0,5** | **0** | **-0,2** |

Under legetenester ligg fastlegetenesta, fysioterapitenesta, veterinærtenesta og samfunnsmedisinske tenester.

- Fastlegetenesta skal sikre at innbyggarane i kommunen får nødvendige allmennlegetenester og at alle som ønskjer det kan få ein fast allmennlege å forhalde seg til.
- Fysioterapeutane gir behandling og bidreg i habilitering og rehabilitering ved sjukdom og skade. Fysioterapeutane har gruppetilbod, og fleire har spesialiseringar som psykomotorisk fysioterapi og manuell terapi.
- Veterinærane bidreg gjennom dagleg arbeid og vaktarbeid til god dyrehelse og forsvarleg dyrevern.
- Samfunnsmedisinsk kompetanse vert nytta til medisinsk-fagleg rådgjeving, særleg aktuelt innan folkehelsearbeid, miljøretta helsevern, smittevern og helseberedskap.

**NETTO DRIFTSUTGIFTER PR. INNBYGGER I KRONER, KOMMUNEHELSETJENESTEN**




**LEGEÅRSVERK PER 10 000 INNBYGGAR**




**FYSIOTERAPIÅRSVERK PER 10 000 INNBYGGAR**




## *Teneste og utviklingsmål*

- Ei fagleg god fastlegeteneste for innbyggarane: Tilgang til fastlege for alle og godt tverrfagleg samarbeid med resten av helse- og omsorgstenesta.
- God kvalitet og kort ventetid i fysioterapiordninga.
- Få på plass dei lovpålagde planane og oppgåvene innan samfunnsmedisin (smittevernplan, beredskapsplan for helse, miljøretta helsevern og folkehelseoversikt).

## *Aktivitet og resultat 2015*

Kapasiteten i fastlegeordninga var første delen av 2015 god med fleire opne lister, men etter ferien vart det igjen ei utfordring at alle listene var fulle. Ved årsskiftet 2015/2016 var det om lag 9300 listepasientar på fastlegelistene i Ulstein kommune. Det vil seie at fastlegeordninga i Ulstein har om lag 900 fleire pasientar enn det er registrerte innbyggarar i kommunen. Dette er noko vi ikkje kan regulere, men utgiftene med det vert delvis kompensert frå andre kommunar. Utgiftene til utvidinga av legesenteret var likevel underbudsjettert og er hovudårsaka til det negative resultatet på 200 000 kr.

Frå 01.03.15 tok kommunen mot turnuslege. Turnuslegane bidreg til auka kapasitet i legetenesta, men turnuslegar kan ikkje ha fastlegeansvar. Etter første år med turnuslege kan det sjå ut til at dette gir auka utgifter som det ikkje er teke høgde for i budsjettet, men dette er noko usikkert då ikkje alle refusjonar har kome med første året.

Legevakta på kveld og i helgane (saman med Hareid kommune) fekk ny organisering i 2015 og stettar krava i kommunelova. Ordninga vart også styrka med ei deltidsstilling som legevaktsleiar og hjelpepersonellressursar i helgane.

Kapasiteten i fysioterapiordninga vart ikkje kartlagt på nytt i 2015. Dette bør gjerast i 2016 då vi frå tidlegare veit at dette er ei pressa teneste i kommunen. Det er lenge sidan talet på fysioterapiheimlar vart auka.

Kommuneoverlegen koordinerte arbeidet med bustadsosial handlingsplan, evaluering av den interkommunale jordmortenesta og kommunekartlegging for barn og unge. Underplanane til smittevernplanen, infeksjonskontrollprogrammet og tuberkulosekontrollprogrammet, vart ferdigstilte.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,03 mill. kr | -0,2 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Kapasitet i fastlegeordninga | Tal på opne lister med ledig kapasitet pr. år | 2-3 | 0-3 | 2 |
| | Fysioterapitenesten | Redusere ventetid, gjennomsnittleg ventetid i veker | - | | 2 |
| | Tilsyn | Tal på gjennomførte tilsyn innan miljøretta helsevern pr. år | 2 | 0 | 4 |
| | Beredskapsplan | Revidert beredskapsplan for helse- og sosial | Nei | Nei | |
| ORG. | Godt samarbeid innan kommunen | Tal på møter med fastlegane pr. år | 8 | 8 | 8 |
| | | Tal på møter med fysioterapeutane pr. år | 2 | 1 | 2 |
| | Kompetanseutvikling | Delta på kurs om demens og bidra med innlegg på demenskurs for pårørande | | Ja | |
| | Satsing på tenesteinnovasjon | Bidra i søknadsprosses og oppfølginga av nye prosjekt, tal på prosjekt | | 3 | 3 |



# Helsestasjonstenesta

**LEIAR: KRISTIN MELI**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 9,1 | | 13 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 4,9 | 5,3 | 6,2 |
| Budsjett | 4,8 | 5,3 | 6,2 |
| **Avvik** | **-0,1** | **0** | **0** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 3,81% | 2,79% | 2,93% |

Helsestasjonen er lokalisert på Reiten. Her er åtte helsesøstre, to helsestasjonslegar, jordmor, kommuneoverlege og foreldrerettleiar. Barnevernet og Ålesund familievernkontor har avdelingskontor her. Ulstein er vertskommune for den interkommunale jordmortenesta, leiande helsesøster er administrativ leiar.

Utover dette har vi forsterka helsestasjon; eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som misbrukar rusmidlar. Vi har også eigne helsesøstre knytt til asylsøkjarar, flyktningar og til Helsestasjon for ungdom.

| Fødselsutvikling i Ulstein | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | 06 | 07 | 08 | 09 | 10 | 11 | 12 | 13 | 14 | 15 |
| Antal | 81 | 89 | 76 | 112 | 100 | 95 | 96 | 198 | 101 | 108 |
| % der ein eller begge foreldre er utanlandske | | | | | 31 | 25 | 26 | 44 | 31 | 34 |

## *Teneste og utviklingsmål*

- 100% oppslutning om helsestasjonen av aktuelle brukargrupper.
- Likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle barn i kommunen.
- Fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom.
- Ha spesiell fokus på avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre.
- Kome tidleg inn og tilby foreldrestøttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Satsingsområde i 2015 er stort sett ei vidareføring av tidlegere års arbeid og satsingar. Det kjem nasjonale føringer som vi må ta omsyn til og vi har lokale utfordringar her i Ulstein kommune som vi ynskjer å jobbe med. Vi ser stor nytte av å satse på interkommunale opplæringer/intervensjoner. Opplæring er då lettare gjennomførbart og det gir eit breiare fagmiljø. Helsestasjonen samarbeider med andre aktuelle fagpersonar/avdelingar i kommunen for om mogleg å førebygge vidare utvikling av problem og utfordringar. Vi har fokus på å finne risikobarna-/familiane i kommunen.

**Spesielt for 2015:**

- Auka tilgjengelegheit av helsesøstre på skulane. Vi fikk 200 000,- kr i prosjektmidlar av Helsedirektoratet til Ulstein vidaregåande skule. Dette har ført til auka tilgjengelegheit, tettare og meir målretta samarbeid med andre faggrupper, og betre og tettare oppfølging av enkeltelevar.
- satsing på skulehelseteneste er initiert frå sentralt hald - og i statsbudsjettet for 2015 fikk Ulstein kommune føringar på at deler av midlane skulle gå til dette. Ulstein helsestasjon nytta midlene til auka tverrfagleg satsing på teneste til elever i ungdomsskule og vidaregåande skule.
- Helsestasjonen er sentral i det tverrfaglege kommunale tilbodet til asylsøkjarar. Auken av asylsøkjarar på mottaket i kommunen har ført til auka helsesøsterressurs. Det har vore eit utfordrande år med stor auke i asyltilstrøyminga til landet. Barn, gravide og einslege mindreårige vert prioritert. Det vert ikkje tid til informasjonsarbeid og svært marginalt tilbod til oppfølging av psykisk helse. Det er godt samarbeid mellom helsestasjonen og legesenteret.
- I 2015 hadde Helsestasjon for ungdom tilbod med rustesting av ungdom under 18 år. Dette er eit nytt tilbod i samarbeid med barnevernet og fastlegane.
- Ulstein er ein internasjonal kommune, 35 % av alle som vart fødd i 2015 har ein/to foreldre med opprinnelse frå andre land.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,02 mill .kr | 0 | 0 kr |
| | Søke prosjektmidlar til å utvide drifta | Helsesøsterstilling til stades på Ulstein vidaregåande skule | 55% stilling | 70 % | 100%stilling |
| BRUKAR | Optimal oppslutning om helsestasjonen | Prosentvis andel nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst | 96 % | 100 % | 100 % |
| | | Prosentvis andel gjennomførte seks-vekers kontrollar innan 8. leveveke | 100 % | 100 % | 100 % |
| | | Prosentvis andel gjennomførte to-årskontrollar | 94 % | 100 % | 100 % |
| | God tilgjengelegheit, lett å nå helsestasjonen | Score på brukarundersøkinga: informasjon på nettsider og brosjyrar | 5,1 av 6,0 | Ikkje gjennomført | 5,5 av 6,0 |
| | "Tidlig Inn" - Samarbeid mellom, helsesøster, jordmor og helsestasjonslegar | Tal på avdekte saker med tverrfagleg samarbeid som omhandlar vald, rus og psykiske problem blant gravide/småbarnsforeldre. | | | |
| | Forsterka helsestasjon | Tal på rustestingar pr. år til gravide og småbarnsforeldre med behov for å bli rusfri | 185 | | |
| | Alle barn får individuelt tilpassa skulehelseteneste | Ressursar til skulehelseteneste i Ulstein ift. nasjonal norm | 50 % | | |
| | Optimal vaksinasjonsdekning | Prosentvis vaksinasjonsdekning av barn (i samsvar med nasjonalt vaksineringsprogram) | 95 % | 93 % | 100 % |
| | Utvikle eit godt tilbod til overvektige barn/ungdom | Tal på barn med BMI meir enn 30 | | | |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,8 av 6,0 | Ikkje gjennomført | 5,5 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,1 av 6,0 | Ikkje gjennomført | 5,5 |



# Sundgotmarka barnehage

**LEIAR: NORA WINGSTERNES**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 16,8 | | 20 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 10,8 | 10 | 8,4 |
| Budsjett | 11 | 10,3 | 8,2 |
| **Avvik** | **0,2** | **0,3** | **-0,2** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 14,88% | 13,35% | 13,79% |

Sundgotmarka barnehage ligg på Sundgot og har om lag 70 barn. Barna er fordelt på tre avdelingar i to bygg. Barnehagen ligg i tilknyting til bustadfelt, med skog, fjell og fjøre lett tilgjengeleg. Barnehagen nyttar dei gode turmoglegheitene i nærområdet. Uteområdet har både naturtomt og opparbeidd leikeareal.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Barnehagen skal gi borna ei trygg ramme for utvikling, vekst og modning.
- Godt arbeidsmiljø gjennom fokus på tydeleg og nær leiing og ansvarlege medarbeidarar med konstruktiv tilbakemeldingskultur.
- Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon og arbeide systematisk med kvalitetsutvikling.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Leiing og kvalitet var eit sentralt satsingsområde i 2015. Barnehagen har fått ekstern rettleiing frå Triangel Consulting i sitt arbeid med å gå i retning av å vere ein lærande organisasjon som arbeidar systematisk med kvalitet. Målet er å styrke den pedagogiske leiarrolla, gjere den enkelte medarbeidar meir ansvarleg slik at barnehagen kan arbeide meir systematisk og metodisk for å betre kvaliteten. I 2015 var arbeidet retta mot dei tilsette si rolle og aktivitet i det daglege pedagogiske arbeidet.  Intern og ekstern evaluering viser gode resultat. Sjukefråværet i barnehagen er høgt, og barnehagen har i samarbeid med NAV-arbeidslivssenter prøvd å endre dette. Arbeidslivssenteret rosar barnehagen sitt arbeid for å snu fokuset frå arbeidsfråvær til «arbeidsnærvær».
Talet på årsverk vart redusert i 2015 og samsvarar no betre med barnehagen sine vedtekter og behov.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,32 mill. kr | -0,2 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Leiing i grupper | Tal på foreldresamtalar pr. år | 1 | 2 | 2 |
| | | Tal på evalueringar på nær- og ansvarsgrupper (enkeltbarn) pr. år | 4/2 | 2 | 2 |
| | Førebygging | Tal på dagar brukt til prosjekt med PPT, handtering og utfordrande arbeid. | 3 | 4 | 3 |
| | Arbeidsmiljø | Tal på planleggingsdagar brukt til utviklingsarbeid pr. år | 5 | 5 | 5 |
| | | Tal på ped.leiarmøte i arbeidstida | 4 | 11 | 11 |
| | | Tal på ped.leiarmøte med nærværsarbeid ift. sjukefråvær | 3 | 11 | 11 |
| | Godt samarbeid | Tal på foreldremøte pr. år | 1 | 1 | 2 |
| | | Tal på møte foreldreutvalet pr. år | 2 | 2 | 2 |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,2 av 6,0 | | 5,0 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,5 av 6,0 | | 5,0 |
| | | Sjukefråvær i % | 13,35 % | 13,79% | 5% |
| | Barnehagen som lærande organisasjon | Barnehagen har indikatorar til sine fokusområde for å sikre faglig kvalitet | - | 5 | 5 |



# *Haddal skule*

**LEIAR: KJELL RUNDE**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 12,1 | | 14 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 7,9 | 8,5 | 8,8 |
| Budsjett | 7,8 | 8,1 | 7,9 |
| **Avvik** | **-0,2** | **-0,4** | **-0,9** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 7,49% | 15,72% | 9,06% |

Haddal skule er den minste av fem barneskular i Ulstein. Elevane kjem frå Eiksund, Garnes og Haddal. Skulen er 4-delt og har 66 elevar i 1.- 7. årssteg. Elevane i 1. og 2. årssteg går saman, det gjer også 3. og 4. årssteg og 5. og 6. årssteg. 7. årssteg går åleine. Haddal skule har SFO. I inneverande skuleår er det påmeldt 13 elevar, åtte med full plass. Det medfører at Haddal SFO har morgontilbod frå kl. 07.15. Haddal skule gir undervisningstilbod i samsvar med Opplæringslova for elevar i barneskulen.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Fokus på klasseleiing, og dermed auka læringsutbytte.
- Utvikle eit positivt skulemiljø.
- Godt arbeidsmiljø som fremjar helse, miljø og trivsel.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Hausten 2015 vart det sett ekstra fokus på klasseleiing der PPT er inne som støttefunksjon. Fagleg arbeid, og særleg elevvurdering, har stått sentralt. Vi har gjennomført testar og kartleggingsprøver som ligg i det kommunale årshjulet for elevvurdering. Vi har brukt Vokal for å analysere resultata til å drøfte vidare utvikling for elevane. Eit anna fokusområde er arbeid med utvikling av eit positivt skule- og klassemiljø.

Haddal skule har i 2015 eit overforbruk på 0,9 mill. kr. Det har ikkje vore samsvar mellom tildelt lønnsramme og det reelle behovet ved skulen. Dette skuldast delvis at skulen har fått overført personale frå andre einingar utan at lønnsmidlar følgde med.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,42 mill. kr | -0,967 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Skape gode resultat i basisfaga | Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver | For lavt elevtal, sjå kommuneresultat | For lavt elevtal, sjå kommuneresultat | Landsgjennomsnitt |
| | | Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver | For lavt elevtal, sjå kommuneresultat | For lavt elevtal, sjå kommuneresultat | Landsgjennomsnittet |
| | | Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver | For lavt elevtal, sjå kommuneresultat | For lavt elevtal, sjå kommuneresultat | Landsgjennomsnittet |
| | Vere gode på klasseleiing | Resultat frå elevundersøkinga, "elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd" | 90 % | 85% | 90% |
| | | Resultat frå elevundersøkinga, "elevane vert aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene" | 90 % | 80% | 90% |
| | Skape eit positivt skulemiljø | Resultat frå elevundersøkinga, "eleven trivst svært godt eller godt på 5.-7.steget" | 4,2 | 4,2 | Mellom 4 og 5 |
| | | Resultat frå elevundersøkinga, "eleven vert aldri eller sjeldan mobba på 5.-7.steget" | 1,3 | 1,3 | Mellom 1 og 1,5 |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,9 av 6,0 | Ikkje målt i 2015 | 5,0 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,9 av 6,0 | Ikkje målt i 2015 | 5,0 |
| | | Sjukefråvær i % | 15,72 % | 9,06% | 5% |



# Hasund skule

**LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 28,6 | | 36 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 14 | 15,9 | 18,3 |
| Budsjett | 14,2 | 15,9 | 18,3 |
| **Avvik** | **0,2** | **0** | **0,1** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 7,27% | 6,33% | 5,93% |

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 203 elevar på årsstega 1.-7. klasse. Desse er i skuleåret 2015-16 organisert i 11 klassar. Elevtalet har dei siste 2-3 åra vore aukande.  Skulen har SFO-tilbod med om lag 50 born.

Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6 – 12 år.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Fokus på fagleg utvikling.  Skulen legg vekt på å halde fokus på den faglege utviklinga til elevane.
- Positivt skulemiljø. Det vert arbeidd målmedvite for å førebygge og forbetre elevmiljøet. Skulen har gode resultat på elevundersøkinga med omsyn til mobbing og trivsel.
- Godt arbeidsmiljø. Hasund skule arbeider systematisk med helse, miljø og sikkerheit og har plan for HMS med tilhøyrande årshjul for dette arbeidet.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Hasund skule har hatt fokus på å sikre elevane eit godt læringsmiljø, både fagleg og sosialt. Vi har eit årshjul for elevvurdering i form av testar og kartleggingsprøver, og eit for det psykososiale læringsmiljøet. Vi har evaluert dei ulike resultata, og sett på kva vi eventuelt må jobbe meir med. Nytt for året er at vi sette i gong «Leikepatruljen», eit tiltak for å styrke trivselen for elevane i friminutta.

Vi har gode resultat frå elevundersøkinga, og vi vil arbeide vidare for å strekke oss enno meir. Klassemiljø har vore på timeplanen minimum ein time pr. veke i alle klassar, og dette vil vi halde fram med. Vi har nulltoleranse for mobbing.

SFO ved Hasund skule har hatt aukande elevtal i 2015. Vi har også i 2015 hatt tilbod om kurs med eit pedagogisk vaksenstyrt innhald. Dette har vorte svært populært og er noko vi vil halde fram med om vi har ressursar til det.

Hasund skule hadde eit positivt økonomisk avvik for 2015, og dette skuldast refusjonar frå andre kommunar.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,03 mill. kr | 0,1 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Skape gode resultat i basisfaga | Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver | Over landsgjennomsnitt | Ligg litt under landsgj.snittet | Landsgjennomsnitt eller betre |
| | | Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver | Godt over landsgjennomsnitt | Ligg på landsgj. snittet | Landsgjennomsnitt eller betre |
| | | Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver | På landsgjennomsnitt | Ligg litt over landsgj.snittet | Landsgjennomsnitt eller betre |
| | Vere gode på klasseleiing | Resultat frå elevundersøkinga, "elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd" | 90 % | 90% | 90 % |
| | | Resultat frå elevundersøkinga, "elevane vert aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene" | 85 % | 85% | 90 % |
| | Skape eit positivt skulemiljø | Resultat frå elevundersøkinga, "eleven trivst svært godt eller godt på 6. og 7.steget" | 100 % | 92% | 100 % |
| | | Resultat frå elevundersøkinga, "eleven vert aldri eller sjeldan mobba på 6. og 7.steget" | 96 % | 96% | 100 % |
| | SFO | Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO | - | Ikkje gjennomført dette året | 5,0 eller betre |
| | | Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen | - | Ikkje gjennomført dette året | 5,0 eller betre |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,7 av 6,0 | Ikkje gjennomført dette året | 4,6 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,9 av 6,0 | Ikkje gjennomført dette året | 5,2 |
| | | Sjukefråvær i % | 6,33% | 5,93% | 5% |



# Ulstein skule

**LEIAR: BERIT BRUNVOLD**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 13,8 | | 17 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 9,2 | 9,6 | 9,7 |
| Budsjett | 9,3 | 9,5 | 10,3 |
| **Avvik** | **0,1** | **-0,1** | **0,6** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 4,91% | 6,88% | 11,40% |

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har skuleåret 2015/2016 103 elevar fordelt på 1. – 7. trinn. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla barnetal på 34 elevar. Vår teneste skal gi eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte elev i tråd med Opplæringslova.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Fagleg utvikling og betre læringsresultat. Ulstein skule skal jobbe og satse på læringsmiljøet, med fokus på å auke alle elevane sin motivasjon og innsats.
- Positivt skulemiljø (Saman om meistring og mangfald). Ulstein skule skal gi elevane ei trygg ramme for sosial vekst og modning.
- Godt arbeidsmiljø. Vi skal fremje arbeidslyst og trivsel på Ulstein skule gjennom mellom anna å ha fokus på open og god dialog, med takhøgde for å ta opp problem og ein konstruktiv tilbakemeldingskultur.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Skulen har hatt eit aktivt arbeid knytt opp mot teneste- og utviklingsmåla våre. -Fagleg utviklingsarbeid i 2015 har bestått av blant anna å vidareføre arbeidet med rettleidd lesing, og vi ser eit aukande positivt resultat for nasjonale prøver. Vi at vi har fått fleire elevar opp på mestringsnivå 3 og færre på nivå 1. -Positivt skulemiljø er på dagsorden til ei kvar tid og resultata frå elevundersøkinga frå 5.-7. trinn viser at vi gir elevane ei trygg ramme for sosial vekst og modning. -Sjukefråværet var svært høgt i 2015, men dette er ikkje relatert til arbeidsplassen. Samstundes har vi eit positivt avvik på økonomi, som kjem av fråværet. Det har vore svært vanskeleg å skaffe vikarar.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,05 mill. kr | 0,60 mill.kr | 0 kr |
| BRUKAR | Skape gode resultat i basisfaga | Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver | 49 poeng | 53 poeng | Landsgjennomsnitt (50 poeng) eller betre |
| | | Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver | 53 poeng | 53 poeng | Landsgjennomsnitt (50 poeng) eller betre |
| | | Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver | 54 poeng | 56 poeng | Landsgjennomsnitt (50 poeng )eller betre |
| | Vere gode på klasseleiing | Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga | 4,7 av 5,0 | 4,6 av 5,0 | 4,8 |
| | | Arbeidsro i timane, elevundersøkinga | 4,0 av 5,0 | 4,4 av 5,0 | 4,5 |
| | Skape eit positivt skulemiljø | Trivsel på skulen, elevundersøkinga | 4,8 av 5,0 | 4,9 av 5,0 | 5,0 |
| | | Mobbing, elevundersøkinga | 4,8 av 5,0 | 5,0 av 5,0 | 5,0 |
| | SFO | Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO | 4,7 av 6,0 | Ikkje målt i 2015 | 5,0 |
| | | Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen | 3,9 av 6,0 | Ikkje målt i 2015 | 4,5 |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 5,1 av 6,0 | Ikkje målt i 2015 | 5,3 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,6 av 6,0 | Ikkje målt i 2015 | 5,7 |
| | | Sjukefråvær i % | 6,88 % | 11,4% | 5% |



# Ulsteinvik barneskule

**LEIAR: VEGARD SÆTER GURSKEVIK**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 52,5 | | 68 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 32,7 | 33,8 | 34 |
| Budsjett | 33,2 | 33,7 | 33,8 |
| **Avvik** | **0,6** | **-0,1** | **-0,1** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 7,14% | 7,43% | 5,41% |

Ulsteinvik barneskule ligg sentralt i Ulsteinvik sentrum. Skulen har skuleåret 2015-2016 om lag 450 elevar fordelt på 21 klasser. Det vert gitt SFO-tilbod til omlag 120 barn. Skulen har tilhald i hovudbygget samt tre klasserom i brakkerigg. Det er eiga klasse for fleirspråklege elevar utan tilstrekkeleg norskkunnskapar. Skulen gjev tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6 – 12 år.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Fagleg utvikling. Ulsteinvik barneskule arbeider målretta for å auke elevane sitt læringsutbytte. Dette inneber god tilpassa opplæring for alle elevar.
- Godt skulemiljø. God relasjonell klasseleiing sikrar elevane eit godt og trygt skulemiljø. Skulen har, og vil framleis, arbeide hardt for at dei tilsette får auka kompetanse på dette feltet. Elevane skal  oppleve dei vaksne på skulen som gode støttespelarar i sitt læringsarbeid, fagleg og sosialt.
- Godt arbeidsmiljø. Ulsteinvik barneskule skal vere ein god og trygg arbeidsplass. Arbeidsmiljøet skal fremje helse, miljø og trivsel.

## *Aktivitet og resultat 2015*

2015 var prega av høg aktivitet ved Ulsteinvik barneskule. Skulen har arbeidd målretta for å halde fram med ei god fagleg utvikling og skulen har prioritert systemarbeid for god tilpassa opplæring. Resultat på nasjonale prøver indikerer at skulen har lukkast med å heve fagleg læringsutbytte ytterlegare. Dei tilsette ved Ulsteinvik barneskule har arbeidd målretta for å sikre elevane eit godt skule – og læringsmiljø. Vi har innført Leikepatruljen for å stimulere til allsidig leik og aktivitet i friminutta.

Ulsteinvik barneskule er i vekst og opplevde hausten 2015 ein stor auke i elevtalet. Særleg auke var det i talet på elevar med asyl- og flyktningstatus. Skulen måtte opprette ei ekstra gruppe i vårt SNO-tilbod for å handtere veksten. Skulen hadde ved årsslutt 2015 over 460 elevar og det er venta ein auke til nærare 480 elevar i skuleåret 2016-2017. Den store auken i fleirspråklege elevar har ført til auka kompetansebehov på dette fagområdet. Ulsteinvik barneskule har i samarbeid med Høgskulen i Volda gjennomført eit kompetansehevingstiltak på temaet «undervisning av fleirspråklege elevar» i løpet av hausten 2015. SFO har hatt aukande elevtal gjennom heile 2015 og hadde ved årsslutt om lag 120 brukarar. Dei tilsette ved SFO arbeider for å levere ei god teneste med fokus på leik, aktivitet og trivsel. Ulsteinvik barneskule hadde eit marginalt overforbruk i høve budsjett i 2015. Drift og budsjett samsvarar tilfredsstillande.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,1 mill. kr | -0,1 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Skape gode resultat i basisfaga | Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver | 48 poeng | 51 poeng | Landsgjennomsnitt (50 poeng) eller betre |
| | | Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver | 52 poeng | 53 poeng | Landsgjennomsnitt (50 poeng) eller betre |
| | | Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver | 54 poeng | 54 poeng | Landsgjennomsnitt (50 poeng )eller betre |
| | Vere gode på klasseleiing | Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga | 4,6 | 4,3 | 4,5/5.0 |
| | | Arbeidsro i timane, elevundersøkinga | 4,6 | 3,9 | 4,5/5,0 |
| | Skape eit positivt skulemiljø | Trivsel på skulen, elevundersøkinga | 4,6 | 4,1 | 5,0/5,0 |
| | | Mobbing, elevundersøkinga | 4,9 | 4,8 | 5,0/5,0 |
| | SFO | Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO | Ikkje målt | Ikkje målt | 5,0 eller betre |
| | | Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen | Ikkje målt | Ikkje målt | 5,0 eller betre |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 5,1 av 6,0 | Ikkje målt | 5,0 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,1 av 6,0 | Ikkje målt | 5,0 |
| | | Sjukefråvær i % | 7,43 % | 5,41 % | 5 % |



# Ulstein ungdomsskule

**LEIAR: JOSTEIN VARTDAL**

| ÅRSVERK | TILSETTE | |
|---|---|---|
| 42,5 | 52 | |

| NETTO RESULTAT | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Rekneskap | 40,1 | 39,6 | 40,3 |
| Budsjett | 40,7 | 40,1 | 41 |
| **Avvik** | **0,6** | **0,5** | **0,7** |

| SJUKEFRÅVÆR | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Sjukefråvær | 8,20% | 5,23% | 6,46% |

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik. Skulen har 373 elevar i alderen 13-16 år fordelt på 14 klasser. Vi har særskild norskopplæring for asyl, flyktning og elevar med arbeidsinnvandringsbakgrunn. Vi tilbyr elevane leksehjelp fire dagar i veka.

## Teneste og utviklingsmål

- Positivt skulemiljø. Skulen har plan for positivt skulemiljø. Planen inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skulemiljø. Arbeidet med MOT er med å betre skulemiljøet.
- Lesing og rekning i alle fag. Skulen er med i ungdomsskulesatsinga, dette er eit prosjekt som vil gå ut 2015. Vi har fire ressurslærarar som saman med leiinga vil drive prosjektet. Målet er at lesing og rekning skal vere implementert i planane til alle fag og betre resultata til elevane i alle fag.
- Faglege resultat. Ulstein ungdomsskule ynskjer å oppnå gode resultat ved å gi elevane framovermeldingar i fag, sosial kompetanse og  i orden og åtferd. Målet er auka læringsutbytte for elevane.

## Aktivitet og resultat 2015

Vi har i år jobba spesielt med ungdomstrinn i utvikling, satsingsområda var lesing og rekning i alle fag. Vi har fått til eit godt samarbeid med Hareid ungdomsskule med enkelte felles møter. Vi ser at grunnskulepoenga var lavt dette året, noko som kan forklarast med mellom anna mange elevar med særskilde behov. Resultata frå nasjonale prøver er bra. Vi har også gjennomført Gründercamp der vi hadde eit samarbeid med næringslivet, mange positive erfaringar for elevane.

Vi har eit positivt avvik på drift. Sjukefråværet var i 2015 noko høgare enn i 2014. Dette skuldast tilfeldige svingingar, og er i hovudsak ikkje knytt til arbeidssituasjonen.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,55 mill. kr | 0,73 mill kr. | 0 kr |
| BRUKAR | Skape gode resultat i basisfaga | Meistringsnivå i lesing 8. steg, nasjonale prøver | UUS 49 / Nasj. 50 | UUS 49 / Nasj. 50 | Landsgjennomsnitt |
| | | Meistringsnivå i lesing 9. steg, nasjonale prøver | UUS 53 / Nasj. 54 | UUS 52 / Nasj. 53 | Landsgjennomsnitt |
| | | Meistringsnivå i engelsk 8. steg, nasjonale prøver | UUS 50 / Nasj. 50 | UUS 52 / Nasj. 50 | Landsgjennomsnitt |
| | | Meistringsnivå i rekning 8. steg, nasjonale prøver | UUS 50 / Nasj. 51 | UUS 51 / Nasj. 50 | Landsgjennomsnitt |
| | | Meistringsnivå i rekning 9. steg, nasjonale prøver | UUS 54 / Nasj. 53 | UUS 54 / Nasj. 54 | Landsgjennomsnitt |
| | | Resultat grunnskulepoeng (10-60, 60 er best) | UUS 40,3 / M&R 40,4 / Nasj. 40,3 | UUS 38,9 / M&R 40,7 / Nasj. 40,7 | Nasjonalt nivå/fylkesnivå |
| | Vere gode på klasseleiing | Resultat frå elevundersøkinga, "elevane opplever at lærarane har dei same reglane for elevane si åtferd" | 72,1 % | 67,7 % | 90 % |
| | | Resultat frå elevundersøkinga, "elevane vert aldri, sjeldan eller av og til forstyrra av bråk i arbeidsøktene" | 78,1 % | 90.1% | 90 % |
| | Skape eit positivt skulemiljø | Resultat frå elevundersøkinga, "eleven trivst svært godt eller godt" | 84,6 % | 90.2 % | 100 % |
| | | Resultat frå elevundersøkinga, "eleven vert aldri eller sjeldan mobba" | 93,2 % | 97% | 100 % |
| | Godt samarbeid med lokale bedrifter | Antal gjennomførte arrangement som styrker samarbeid mellom elev og lokale bedrifter | 3 | 5 | 5 |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,8 av 6,0 (2013) | Ingen undersøking i 2015 | 5,0 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,0 av 6,0 (2013) | Ingen undersøking i 2015 | 5,0 |
| | | Sjukefråvær i % | 5,23 % | 6,46% | 5 % |



# PPT

**LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 7,1 | | 11 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 3,4 | 4 | 3,3 |
| Budsjett | 3,7 | 3,7 | 3,6 |
| **Avvik** | **0,3** | **-0,3** | **0,3** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 8,29% | 2,69% | 10,28% |

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) skal arbeide førebyggande, vere tidleg inne, syte for heilskap og samanheng samstundes som tenesta skal vere tydelig, tilgjengelig og kompetent. Skal vi nå desse måla, må PPT vere på organisasjonsnivå og delta i dei felles overordna langsiktige satsingane i oppvekstsektoren. Vi må saman utarbeide felles forpliktande system slik at tenesta kan nå intensjonane om å bistå skule og barnehage med kompetanseheving og organisasjonsutvikling. PPT skal arbeide mot alle barn og elevar, ikkje berre dei med spesielle behov. Vi må lage gode forpliktande system og arbeide med felles langsiktige strategiar. Alle nivå må bidra til at kompetanseheving og organisasjonsutvikling skal prioriterast mest, dette fordi det å arbeide i læringsmiljøet rundt barna og elevane gir indirekte hjelp til individet.

## *Teneste og utviklingsmål*

- PPT prioriterer arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling i nært samarbeid med skulane og barnehagane. Reduksjon i individarbeid kan ein ma oppnå ved at PPT deltek aktivt i overordna satsingsområde på organisasjonsnivå. Målet er å nå intensjonane i NOU 2015:2 "Å høre til", NOU 2015:5 "Fremtidas skule " og Stortingsmelding 18 "Læring og fellesskap".

## *Aktivitet og resultat 2015*

I 2015 fekk PPT auke i tilviste individsaker samstundes som systemsakene har auka. Det at individtilvisingane auka er ikkje i tråd med målsettingane om å redusere omfanget av spesialundervisning og arbeid mot enkeltindivid, og å betre den ordinære tilpassa opplæringa gjennom kompetanseheving. Dette kan tyde på at ulike satsingar ikkje treff heilt i forhold til dei utfordringane einingane står ovanfor. PPT etterstrebar langsiktig verksame endringsarbeid på læringsleiing, læringsmiljø, vurdering og det å utvikle ei vid forståing av inkluderande tilpassa opplæring der alle skal høyre til i eit fellesskap. PPT sitt satsingsområde dette året er læringsmiljø, førebygging, avdekking og handtering av mobbing. PPT har delteke i kompetanseheving frå Læringsmiljøsenteret på verksame metodar i forhold til tema. Utdanningsdirektøren er delaktig i denne satsinga, og målet er at kommunane skal opprette beredskapsteam som er forankra på overordna nivå i kommunane.
PPT har fullført første pulje med DUB prosjekt i skule og barnehage, der vi arbeider for å implementere arbeidsmåtar som sikrar gode læringsmiljø gjennom mellom anna tidleg innsats, kompetanseheving på organisasjonsutvikling og endringsleiing med hovudfokus på det autoritative perspektiv.
PPT har utarbeidd tidfesta forpliktande samarbeidsavtale med alle skular ift. kompetanseheving og organisasjonsutvikling.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | -0,31 mill. kr | 0,3 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Effektiv og god sakshandsaming | Tal på klientsaker | 478 | 485 | 450 |
| | | Tal på systemsaker | 23 | 49 | 50 |
| | | Tal på månadar med ventetid | 5-6 månadar | 5 -6 mnd | 3 månadar |
| | | Tal på brukarar som står på venteliste | 20 | 10 | 10 |
| | | Tal på einingar som deltek i prosjekt – trygt psykososialt læringsmiljø | | 4 | 2 |
| | | Tal på overordna tverretatlege satsingar der PPT deltek | | 0 | 1 |
| | | Tal på overordna satsingar der PPT, skule/barnehage deltek | | 2 | 3 |
| | | Tal på felles utviklingsarbeid i eigen organisasjon | | 2 | 2 |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,9 av 6,0 | - | 5,0 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 4,8 av 6,0 | - | 5,0 |
| | | Sjukefråvær i % | 2,69 % | 10,28% | 5 % |
| | | Tal på skular med fast samarbeidstid | 8 av 10 | 10 | 10 av 10 |
| | | Tal på barnehagar med fast samarbeidstid | 0 | 2 | 2 |



# Ulstein kompetansesenter

**LEIAR: BJØRNAR URKE**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 15,5 | | 19 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 10,2 | 7 | 4 |
| Budsjett | 10,8 | 8,9 | 4,8 |
| **Avvik** | **0,5** | **1,9** | **0,7** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 4,32% | 4,08% | 8,91% |

Ulstein Kompetansesenter skal vere ein synleg og aktiv leverandør av tenester på områda:

- Norsk og samfunnsfag for innvandrarar
- Grunnskule for vaksne/spesialpedagogikk
- Kommunelogoped
- Snoezelen/Kontrollert Multisensorisk Miljø
- Opplæring i grunnleggande ferdigheiter

Kompetansesenteret har høveleg nye og gode undervisningslokale, men på grunn av stor auke i elevtalet er det behov for større areal, fleire og større klasserom. Hausten 2015 måtte norskavdelinga bruke eksterne undervisningslokale i tillegg til lokala på Reiten.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Å arbeide målretta for at elevar og brukarar skal ha høgt læringsutbytte, inkludert gode eksamensresultat
- Systematisk skuleutvikling gjennom intern kompetanseutvikling, og kompetanseutvikling i fylkesnettverket for vaksenopplæring.
- Fokus på arbeidsmiljø, med tett oppfølging av alle medarbeidarar, og skulemiljø, med mellom anna elevrepresentasjon i skulemiljøutvalget.
- Å vere ein tydeleg aktør i arbeidet med integrering og inkludering av innvandrarar, gjennom kvalifisering i norsk og samfunnsfag, og samarbeid med flyktningtenesta om introduksjonsordninga.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Auka busetjing og auke i talet på flyktningar førte til auke i talet på elevar og grupper. I tillegg kom det 30 einslege mindreårige asylsøkjarar til mottaket, og Kompetansesenteret fekk ansvar for opplæringa av dei av som var over ordinær grunnskulealder.

I 2015 var det auka fokus på kommunen si handsaming av Introduksjonsordninga for flyktningar; det vart varsla tilsyn med ordninga, og flyktningkontoret, Kompetansesenteret og administrasjonen i kommunen deltek i prosjektet Effektiviseringsnettverket for introduksjonsordninga.
Prosjektet er i regi av KS, og det var to samlingar i 2015. Eit av måla med prosjektet er ei tenesteanalyse av introduksjonsordninga i kommunen, med vekt på kostnadseffektive tiltak i opplæring og arbeidsretting.

Talet på elevar i grunnskule for vaksne/spesialpedagogikk er stabilt på om lag 20 elevar. Det er førebels ikkje elevgrunnlag til å starte ordinær grunnskuleklasse med eksamen i fem fag. Elevane som har rett til grunnskule for vaksne får opplæringa si på Hareid Ressurssenter.
Logopedtenesta har logoped i 50% stilling. I 2015 førde det til streng prioritering i høve aldersgrupper - prioritering av barn i førskule og barnetrinn - og prioritering av kva som skal vere direkte logopedarbeid og kva som skal vere rettleiing til lærarar og føresette.

Sjukefråværet auka i 2015. Det er grunna medarbeidarar som var langtidssjukmelde i store delar av 2015.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 1,9 mill. kr | 0,7 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Skape god integrering gjennom kvalifisering | Tal på betalingselevar | 141 | 124 | 150 |
| | | Tal på BKA kurs | 8 | 1 | 8 |
| | | Norsk år 2: 9-13t/v | 20t/veke | | |
| | | Deltakarar med plikt til å ta avsluttande prøve, som består norskprøve innan 3 år frå 01.09.2013 | - | - | - |
| | | Deltakarar med plikt til å ta prøve i 50 timar samfunnskunnskap skal bestå prøva innan treårsfristen | - | - | - |
| | Døropnar for vidareutvikling | Logoped, ventetid i prioriterte saker | 2 veker | 2 veker | 1-2 veker |
| | | Snoezelen, tal på betalande elevar | 11 | 12 | 14 |
| | | Grunnskule vaksne, spesialpedagogikk, reduksjon av enkelttimar, oppretting av grupper, tal på grupper | 4 | 4 | 6 |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 4,7 | - | 5 av 6 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,2 | - | 5 av 6 |
| | | Sjukefråvær i % | 4,08 % | 8,91% | <4% |



# *Flyktning og innvandrar*

**LEIAR: GRY NORDAL**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 4,0 | | 4 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | -7,8 | -9,9 | -12,6 |
| Budsjett | 7,2 | 8,6 | 10,7 |
| **Avvik** | **0,6** | **1,3** | **1,9** |

**PROSENTANDEL DELTAKARAR SOM KJEM I JOBB ETTER ENDT PROGRAM**




Ulstein kommune buset flyktningar etter førespurnad frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet. Kommunestyret bestemmer om kommunen skal ta imot flyktningar, og kor mange personar vi vil busetje kvart år. I 2015 skulle vi ta mot 32 flyktningar eksklusiv familiesameinte. Flyktningtenesta har ansvar for busetting av flyktningar, oppfølging i etableringsfasen og for introduksjonsprogrammet. Arbeidet vårt skal bere preg av likeverd og likestilling, og bidra til at flyktningane kan få utnytte ressursane sine og klare seg sjølv. Ulstein flyktningteneste er ein allsidig og utfordrande arbeidsplass, samlokalisert med Vaksenopplæringa.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Arbeide aktivt med busetting/integrering.
- 70% av alle flyktningar ut i jobb eller utdanning etter fullført Introduksjonsprogram.
- Heve kompetansenivået for flyktningarbeidet i Ulstein kommune i alle etatar.

## *Aktivitet og resultat 2015*

I 2015 starta vi å omorganisere flyktningarbeidet, noko som førte til mykje betre resultat i introduksjonsprogrammet. Flyktningteamet utarbeidde nye rutinar og retningsliner, noko som gjorde at vi busette 60% fleire flyktningar enn i 2014. Vi lukkast også med å redusere fråværet blant intro-elevane.

I 2015 fullførte elleve personar introduksjonsprogrammet, av desse har åtte gått over i jobb/utdanning, tre har gått over i ulike Nav-tiltak og to personar vart avslutta av andre årsaker.

Prosjektet «Frå flyktning til arbeidstakar» vart vidareført og resulterte i revidert samarbeidsavtale mellom Ulstein kommune og Nav Ulstein.

Ulstein kommune deltek i KS sitt Effektiviseringsnettverk for Introduksjonsordninga. Dette skal bidra til at kommunen får betre innsikt i eigne tenester og gi grunnlag for endring i ressursprioritering.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 1,31 mill. kr | 1,9 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Busetting | Tal på busette flyktningar | 15 | 32 | 32 |
| | Arbeidsretting/ Skuleretting | Tal på oppfølgingar av språkpraksis/arbeidspraksis pr. år | 7 | 4 | 4 |
| | | Tal på veker med norskopplæring pr. år | 38 | 38 | 45 |
| | | Tal på veker med yrkesretta undervisning pr. år | 38 | 38 | 45 |
| | | Tal på undervisningsveker i grunnskulefag pr. år | 38 | 38 | 45 |
| | Integrering | Prosentandel av deltakarar som kjem i jobb/skule etter endt introduksjonsprogram | 57% | 67,9 | 70% |
| ORG. | Kompetanseheving | Alle tilsette på Flyktningavdelinga skal ha høve til å delta på kompetansehevande tiltak | 3 kurs | 3 | 2 kurs |



# Kulturavdeling

**LEIAR: LEIF RINGSTAD**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 18,2 | | 33 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 13 | 13,9 | 18,2 |
| Budsjett | 13 | 14,4 | 17,7 |
| **Avvik** | **0** | **0,5** | **-0,5** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 3,85% | 3,89% | 3,42% |

Kulturavdelinga vart oppretta som eiga avdeling frå august 2014 og omfattar kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus, Sjøborg kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligsentralen. Avdelinga er også koordinator for Ungdomsrådet og arrangør av kulturdagane Smak av Ulstein.

Kulturkontoret si hovudoppgåve er generelt kulturarbeid og tilrettelegging for det lokale kulturlivet, med vekt på barne- og ungdomsaktivitet. Oppgåvene er mellom anna handsaming av søknadar om kulturmidlar, utleige av hallar og andre bygningar, tildeling av treningstider, konsertar og teaterarrangement, ungdomsarrangement, kulturminnevern, stimulere frivillig arbeid ( m.a. gjennom Frivilligsentralen) m.m. Kulturkontoret er også aktiv pådrivar, rådgjevar og tilretteleggar for idrett- og friluftsliv inkludert handsaming av søknadar om spelemidlar. Øvingslokale for band, Bell Ungdomsklubb og Ungdomsrådet er viktige ungdomstiltak som er administrativt lagt til Kulturavdelinga. Ei anna viktig oppgåve er å legge til rette for idrett og fysisk aktivitet, der kommunedelplan for Idrett og friluftsliv (KIF-planen) er eit viktig verktøy. Planen inneheld handlingsprogram med prioriterte tiltak innan idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Det vert stilt krav om prioritert i KIF-planen for å få tilskot frå spelemidlane.

Kulturkontoret koordinerer bruken og driftar idrettshallen, Reitensalen, Ulsteinhallen, og Sjøborg kulturhus og Sjøborg kino. Sjøborg kulturhus skal vere eit kulturhus for alle aldersgrupper, og ha eit godt og variert tilbod med både lokale, nasjonale og internasjonale aktørar. Kulturhuset skal vere ein viktig arena for det lokale kulturliv.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Kulturkontoret skal vere ein aktiv samarbeidspartnar og pådrivar for det lokale kulturlivet.
- Kulturkontoret skal legge til rette for gode anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, samt sikre gode rammevilkår for barne- og ungdomsidretten/-aktiviteten.
- Sjøborg kulturhus og kino skal vere eit kulturhus for alle, med godt og variert tilbod for alle aldersgrupper, og ein viktig arena for lokalt kulturliv.
- Kulturkontoret har fokus på ungdomsarbeidet i kommunen gjennom Bell ungdomsklubb, Ungdomsrådet, MOT i lokalsamfunnet og Ungdommens Kulturmønstring.
- Ulstein bibliotek skal vere eit moderne, attraktivt og utadretta folkebibliotek, med mål om auka utlån og besøk.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Utbyggingsaktivitet har også prega arbeidet i 2015. Kulturkontoret har stått for gjennomføringa av utbyggingane av turvegen og friluftsanlegget i Bugardsmyrane, bygginga av turvegen frå Gamleeidet til Vikeskaret, bygging av ballbingar på Flø og i Dimna, samt hatt oppfølginga av storprosjektet Arena Ulstein. Utbygginga av turvegar og ballbingar er i hovudsak gjort i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Nemnast bør også årets Smak av Ulstein. Sjølv om det meste av uteaktivitetane nok ein gong regna og bles bort, sette festivalen besøksrekord med nær 2000 selde billettar. Festivalen har som mål å presentere lokalt kulturliv, gjerne i samspel med nasjonale aktørar og artistar.

Første driftsåret av Ulsteinhallen og Høddvoll stadion har vore ein stor suksess. Anlegga fungerer svært godt både til dagleg bruk og til store arrangement, og er ein samlingsstad for positiv aktivitet gjennom heile året.
Bell Ungdomsklubb har mange besøkande gjennom veka, spesielt ungdom i ungdomsskulealder. Ein viktig uformell møtestad for ungdom i Ulstein. Ulstein Frivilligsentral samarbeidar med mange lag og organisasjonar, og er pådrivar for viktige lavterskeltilbod og uformelle møtestadar for dei vaksne. Mange arbeidsinnvandrarar, flyktningar og asylsøkjarar nyttar også Frivilligsentralen sine tilbod.

Ulstein hadde besøk av NRK Sommarbåten sommaren 2015, og kulturetaten stod for eit arrangement på kaia, med god hjelp av mange frivillige. Økonomisk sett, er resultatet for kulturområdet positivt. Dette er eit godt resultat, når ein tek omsyn til nye driftsoppgåver på området.

# *Kultur og idrett*

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,45 mill. kr | 0,3 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Brukartilfredsheit | Score på innbyggarundersøking | 4,6 | 4,9 | 5 |
| | Ulstein bibliotek | Utlånstal | 33 162 | | 32 000 |
| | | Arrangement/ skulebesøk/ forfattarbesøk | | | 4/52/2 |
| | Treningstider til lag og organisasjonar | Tal på søkarar som ikkje får tildelt trenings- og øvingstid til organisert idrett, korps og kor. | Ingen | Ingen | Ingen |
| | Tilrettelegging for idrett og friluftsliv/ | Alle søknadar om spelemidlar vert godkjende av fylke/ departement | 10 av 10 | 15 av 15 | Alle |
| | | Bygging av 1 km turveg årleg | 1,4 km | 0,9 + 1,5 km | 2 km |
| | Bell Ungdomsklubb/ Ungdomsarbeid | Tal på besøkande på Bell pr. veke, fordelt på to kveldar (tysdag/fredag) | 100 | 130 | 100 |
| | | Tal på gjennomførte ungdomsarrangement pr. år (turar, konsertar, prosjekt, kurs m.m) | 10 | 10 | 10 |
| | | Handsama saker i Ungdomsrådet pr. år | 15 | 15 | 20 |
| | | Deltakarar på UKM kvart år | 44 | 35 | 60 |
| | Smak av Ulstein | Tal på gjennomførte arrangement på Sjøborg eller andre lokale | 5 | 7 | 3-4 |
| | | Fast Samarbeid med næringsliv/butikkgruppa | Ja | Ja | Ja |

# *Ulstein kulturskule*

Ulstein kulturskule er lokalisert på Reiten og hadde 491 elevplassar ved skulestart 2015. Skulen underviser i musikk, ballett og forming. Elevmassen er for det meste i aldersgruppa seks til 18 år. Kulturskulen sel dirigenttenester til eitt kor, tre skulekorps, to vaksenkorps og strykeorkester. Vi har også undervisning i ein barnehage i kommunen. Kulturskulen har i løpet av året mange større og mindre arrangement på Reiten. Kan nemnast huskonsertar, ferskingkonsertar, temakonsert og open dag. Vi har også større arrangement utafor Reitenbygget som adventskonsert i kyrkja, ballettframsyning og sommarkonsert på Sjøborg. I det store og heile, ein skule med høgt aktivitetsnivå.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,07 mill. kr | -0,1 mill. kr | Balanse |
| BRUKAR | Utvikle eleven sine evner | Tal på arrangerte elevkonsertar pr. år | 34 | 32 | 30 |
| | | Alle tilsette må vere faglærte | | | |
| | Kulturskuletilbod til alle | Tal på elevplassar som vert nytta i kulturskulen sitt tilbod pr. år | 430 elevplassar (330 born) | 491 elevplassar (360 born) | 450 – 500 elevplassar |
| | | Tal på elevar på venteliste | 48 | 82( 1.pri) | 0 |
| | Rekruttering til skulekorpsa | Tal på aspirantar pr. skulekorps | 5 | 8 1.års, 7 2.års - 15 til saman | 15 |
| | | | | | |
| ORG. | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar | 14 av 14 (100%) | 14 av 14 (100 %) | 100% |
| | | Svarprosent på medarbeidarundersøkinga | 27 % | | 100% |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: total medarbeidartilfredsheit | 5,1 av 6,0 | | 5,5 |
| | | Score frå medarbeidarundersøkinga: stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,7 av 6,0 | | |
| | | Sjukefråvær i % | 1,19 % | 1,02 % | 2 % |

# *Ulstein bibliotek*

Ulstein bibliotek er eit lavterskeltilbod og ein uformell møteplass. Vi arbeider aktivt for å profilere biblioteket til alle som bur i kommunen: barn, ungdom, foreldre og gamle og frå mange nasjonalitetar. Ved å ha ulike arrangement får vi nye og fleire som kjem innom biblioteket. Vi hadde mellom anna fleire arrangement retta mot vaksne, forfattarbesøk av Edvard Hoem under Smak av Ulstein, besøk av fotograf Magnar Fjørtoft og kulturkveld med Øystein Orten/Odd Goksøyr.

I november starta vi prosjektet «Historiske Ulstein», med ein plan om ei aktivitetsrekke på 6-7 arrangement i løpet av 2015-16. Vi fekk tildelt 40 000 kr. frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Arenautvikling i Ulstein kommune».

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | God økonomisk styring | Avvik mot budsjett | -0,05 mill. kr | -0,1 mill.kr | 0 kr |
| | Skaffe prosjektmidlar | Tal på nye prosjekt finansiert med tilskot pr. år | 1 prosjekt | 1 prosjekt | 1 prosjekt |
| BRUKAR | Auke aktiviteten i biblioteket | Tal på besøkande pr. år | 16 100 | 17500 | 18000 |
| | | Tal på tradisjonelt utlån | 33 162 | 29 836 | 32000 |
| | | Tal på e-utlån | 467 | 1301 | 1000 |
| | Utvikle biblioteket som ein sosial og kulturell møteplass | Tal på skuleklasser på besøk i biblioteket | 60 | 14 | |
| | | Tal på barnehagebesøk i biblioteket | 52 | 20 | 30 |
| | | Tal på innvandrargrupper på besøk i biblioteket | 15 | 15 | 15 |
| | | Tal på leseombod etablert gjennom prosjektet "Bok for alle" | 7 | 5 | 5 |
| ORG. | Informere lokalsamfunnet om biblioteket sine tenester | Tal på nyheitsartiklar i Vikebladet som omhandlar biblioteket (Ulstein Arena er ikkje tatt med.) | 17 Nettsida 10 VP | 19 Nettsida 11 VP | 10 |
| | | Tal på nyheiter publisert på nettsida til biblioteket/kommunen | 12 | | 40 |

# *Sjøborg kulturhus og kino*

Kulturkontoret driftar Sjøborg kulturhus og kino, med eit samla besøk på omlag 41.000 besøkande pr. år. Sjøborg kulturhus er eit kulturhus for alle, og har eit godt og variert tilbod for alle aldersgrupper med både lokale, nasjonale og internasjonale aktørar. På programmet finn vi konsertar, teaterframsyningar og ulike show. Kulturhuset er ein viktig arena for det lokale kulturlivet. Kultursalen har ein kapasitet på 468 plassar, medan kinoen har ein sal med 119 plassar.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | Kino: -0,21 mill. kr Kulturhus: 0,22 mill. kr | Kino: -0,2 mill kr. Kulturhus: -0,3 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Sjøborg kino | Nytt moderne lydanlegg i kinoen (Dolby Atmos) | Nei, tiltak ikkje prioritert | | Nei |
| | | Tal på visningar av «kvalitetsfilmar» pr. år | 8 | | 10 |
| | | Nye kinostolar | Nei | Nei | Nei |
| | | Tal på skulevisningar pr. år | 3 | 5 | 2-3 |
| | Sjøborg kino - attraktivitet | Årleg besøkstal | 27 000 | 30 000 | 30 000 |
| | | Gjennomsnittleg besøkstal pr. framsyning | 39 | 35 | 35 |
| | | Tal på framsyningar på laurdagskveld pr. år | 17 | 40 | 10 |
| | God marknadsføring/godt omdømme | Tal på framsyningar/besøkstal på den store kinodagen | 7 framsyningar 350 besøkande | 7 framsyningar 420 besøkande | 7 framsyningar 500 besøkande |
| | Sjøborg kulturhus - utleige og attraktivitet | Utleige til lokale kulturarrangement | 8 arrangement pr. år | 8 | 5-6 arrangement pr. år |
| | | Tal på større konsertar i eigen regi pr. år | 6 | 8 | 3-4 |
| | | Tal på utleige til kommersielle aktørar | 5 | 9 | 5-6 |
| | | Club Sjøborg, tal på arrangement pr. år | 2 | 3 | 4-6 |
| | | Besøkstal pr. år | 9 288 | 10805 | 10 000 |
| ORG. | Medarbeidarundersøking | Resultat medarbeidarundersøking for tilsette på Sjøborg kino | | | |



# Ulstein brannvesen

**LEIAR: ARNE RUNAR VIK**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 2,3 | | 21 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 5,2 | 5,5 | 5,8 |
| Budsjett | 5,1 | 5,5 | 6,1 |
| **Avvik** | **-0,1** | **0** | **0,3** |

Brannvesenet omfattar brannberedskap/redning, brannførebygging, feiing og tilsyn i bustadane, sivilforsvar og vern mot akutt forureining. I beredskapen inngår vaktstyrke med kontinuerleg dreiande 4-delt vakt á fire personar, og i tillegg befalsvakt/teknisk vakt, til saman 20 personar.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Beredskapen skal takle utfordringar ut frå dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer og vedtak.
- Det førebyggande arbeidet skal redusere brannrisiko og redusere konsekvensar av brann.
- Feie- og tilsynstenesta i bustadane skal utførast i tråd med framdriftsplan basert på lov, forskrifter og retningslinjer. Sal av feietenester til Herøy skal vidareførast.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Brannvesenet vart alarmert til i alt 73 utrykkingar i 2015, 45 av desse var unødige automatiske alarmar. Husbrannen i to-mannsbustaden i Ringen i oktober var den mest omfattande og krevjande aksjonen i 2015.

Øvingsplanen for 2015 har vore gjennomført. Det er halde særskilde øvingar knytt til innføring av nytt naudnett med bruk av nye sambandsterminalar. To dagars kurs i førstehjelp i regi av Norsk Luftambulanse kvalifiserte Ulstein brannvesen til å bli med i ordninga «Mens vi venter på ambulansen» (MVVPA). Vi hadde samøving med Ulstein Verft der hovudtemaet var røykdykking om bord i skip i lag med verftet sitt industribrannvern. Omsorgsetaten og brannvernet har øvd på samarbeid om evakuering i Alvehaugen busenter.

Av førebyggande arbeid kan nemnast at det er utført tilsyn i 48 av 49 særskilte brannobjekt. Det er gjennomført brannvernopplæring for sjetteklassene på skulane, og vi deltok på brannvernveka med mellom anna stand ved Amfisenteret (september) og på Aksjon bustadbrann (desember).

Brannvesenet tok initiativ til å starte eit brannførebyggande prosjekt retta mot såkalla utsette grupper i høve brann i samarbeid med Ulstein Eigedomsselskap KF (UEKF) og omsorgsetaten. I samband med dette er det også vedteke eiga kommunal forskrift om tilsyn med bygg og område i Ulstein som til dømes utleigebustader.

Det er eit mindreforbruk innanfor brannvernområdet på om lag 130 000 kroner.

Feietenesta er finansiert via gebyr, og det må hentast om lag 150 000 kroner frå bunde driftsfond for å balansere. Kommunen må nok auke gebyrnivået innanfor feietenesta frå 2017 eller skaffe auka inntektsgrunnlag.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,04 mill. kr | 0,3 mill. kr | 0 |
| BRUKAR | Brannførebygging | Tal på gjennomførte lovpålagde tilsyn av særskilde brannobjekt | 44 av 51 objekt | 48 av 49 objekt | Alle objekt |
| | | Del av piper som har blitt feia | 1250 av 2950 (42 %) | 861 (29 %) | 50 % |
| | | Del av husvære med fyringsanlegg som har fått tilsyn | 240 av 2700 (8 %) | 396 (15%) | 25 % |
| | Tryggleik for brukar | Tal på avvik ved tilsyn frå DSB | Ingen tilsyn | Ingen tilsyn | Ingen avvik |
| | | Uttrykkingar som er innanfor utrykkingstidene i brannordninga | Dagtid: 13 av 38<br>Natt: 6 av 9 | Dagtid: 6 av 45<br>Natt: 9 av 15 | Dag: Auke andel ≤ 4 min.<br>Natt: Auke andel ≤ 6 min. |
| | | Tal på deltaking i nasjonale kampanjar | 2 | 2 | Minimum 2 |
| ORG. | Fagleg utvikling | Del av tilsette i beredskapen som har naudsynte kurs i høve forskriftsfastlagt opplæring | 11 av 20 | 11 av 20 | 11 av 20 |
| | | Tal på samarbeidsmøte innanfor brannførebygging Søre Sunnmøre med deltaking | 3 av 3 | 2 av 2 | 100 % |
| | | Tal på brannsjefsmøte for Søre Sunnmøre med deltaking | 2 av 2 | 2 av 2 | 100 % |
| | Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø | Tal på skader eller ulykker i jobben som medfører sjukefråvær | 0 | 0 | 0 |
| | | Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar (for tilsette med meir enn 50 % stilling) | 2 av 2 | 0 av 3 | 100 % |
| | | Sjukefråvær i %, arbeidsnærvær i % | 1,93 % | 1 % | > 98 % |
| | Øvingsaktivitet | Gjennomførte øvingar pr. år, derav 1 varmøving for røykdykkarar | 10 øvingar – 1 varmøving | 10 øvingar – 1 varm | 10 øvingar – 1 varmøving |
| | | Tal på samøving med industrien pr. år | 1 | 1 | 1 |
| | Sal av feieteneste | Tal på gjennomførte feiingar/tilsyn i Herøy kommune | Feiing: 900 av 1800 (50 %)<br>Tilsyn: 550 av 3300 (17 %) | Feiing: 720 av 1800 (40 %)<br>Tilsyn: 270 av 3300 (8 %) | Feiing: 50 %<br>Tilsyn: 25 % |



# Plan- og bygningsavdelinga

**LEIAR: ANITA SUNDNES**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 7,9 | | 8 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 1,1 | 1,5 | 2,1 |
| Budsjett | 1,3 | 1,6 | 2,2 |
| **Avvik** | **0,2** | **0,1** | **0,1** |

Avdelinga har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing innanfor lovverket som avdelinga forvaltar. Søknadar om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen er løpande oppgåver. Kart- og delingsforretningar, seksjonerings¬saker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata er også eit betydeleg fagfelt. I tillegg forvaltar avdelinga kommunale låne- og tilskotsordningar (Husbanken), og sal og tilrettelegging av kommunale bustad- og næringstomter. Avdelinga førebur saker for avgjerd i teknisk utval, formannskap og kommunestyre.

## Teneste og utviklingsmål

- Utarbeide planstrategi og kommunale reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan, overordna styringssignal og politiske vedtak med sikte på god og langsiktig areal¬forvaltning.
- Å oppfylle krava for planlegging og forvaltning som er nedfelte i plan- og bygningslova på ein god fagleg og ressurseffektiv måte.
- Å kunne rettleie, gi fagleg gode råd knytt til privat reguleringsarbeid og søknadsprosessar i bygge- og frådelingssaker og oppmålingstenester. Brukarane skal oppfatte informasjon og sakshandsaming som forutsigbar, korrekt, objektiv og at avdelinga opptrer profesjonelt.
- Ha eit à jour digitalt kartverk som grunnlag for tenestene vi utfører.
- Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar og fristar for utføring av oppmålingstenester.
- Få tilrettelagt nye bustad- og næringsareal slik at målsetjingane i overordna planverk om tomtetilgang kan oppnåast.
- Legge til rette for god fagleg utvikling blant medarbeidarane gjennom deltaking på lokale, regionale og nasjonale seminar og fagsamlingar.
- For Husbanken sine låne- og tilskotsordningar må kommunalt regelverk samordnast med endringane Husbanken innførte våren 2014. Informasjon og sakshandsaming må tilpassast dette og om mogleg forenklast/effektiviserast.

## Aktivitet og resultat 2015

Avdelinga har ikkje nådd mål om oppdatering av kart for nye bustadar, dette har samanheng med redusert bemanning ein periode. Det har vore ein markant nedgang på byggesøknadar som tiltakshavar kan stå føre sjølv, noko som kan ha samanheng med forenklingar i lovverket frå 1. juli. Samstundes er det registrert ein auke av ulovlege tiltak.
Dei store reguleringsplanane for Skeide og Sentrum med skuleområdet inkl. Arena Ulstein, vart vedtekne. Rullering av samfunns- og arealdel av kommuneplan samt trafikktryggingsplan vart starta opp, og det vart gjennomført barnetrakk på alle skulane. Vi starta opp prosjekt Marine grunnkart saman med Runde Miljøsenter og dei andre kommunane på Ytre Søre Sunnmøre. Regionen får her eit høgoppløyseleg kartgrunnlag over sjøbotnen som er unikt i landssamanheng.

**NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL PLANSAKS-HANDSAMING PR. INNBYGGJAR, KONSERN**




Ulstein kommune ligg lavare i nettobudsjett enn dei fleste samanliknbare kommunar både lokalt og på landsplan.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,11 mill. kr | 0,1 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Adressering | Andel eigedomar som har fått tildelt vegadresser | 86 % | 88 % | 90 % |
| | Digitalt kartverk | Prosentvis del av bustadhus med bruksløyve i nye byggefelt som er innmålt og lagt inn i kartet | 85 % | 50 % | 85 % |
| | Til ei kvar tid ha kommunale bustadtomter klar for sal | Tal på selde tomter/framleis ledige kommunale tomter registrert i kartverk | 20/16 | 20/30 | - |
| | Ha tilgjengeleg kommunale næringstomter | Tal på byggeklart og ledig næringsareal | - | 60 daa | - |
| | Sikre barn og unges medverknad i plansaker | Gjennomføre barnetrakk på alle skular i kommunen | | 5/5 | 5/5 |
| | Sakshandsaming byggesak | Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for søknader med tre vekers svarfrist | 12 dagar | 12 dagar | < 15 |
| | Tilsyn byggesak | Prosentvis del av utførte tilsyn i nye bueiningar | 97 % | 100 % | 100 % |
| | | Tal på oppfølgde ulovlege tiltak | 3/3 (100%) | 8/8 (100%) | 100 % |
| | Oppmålingsarbeid | Tal på utført oppmålingsarbeid innanfor lovfastlagd frist | 59 av 61 | 28/30 | 100% |
| | Brukarundersøking byggesak | Score frå brukarundersøkinga: informasjon | 4,5 av 6,0 | - | - |
| | | Score frå brukarundersøkinga: respektfull handsaming | 5,1 av 6,0 | - | - |
| | | Totalt snitt på brukarundersøkinga | 4,7 av 6,0 | - | - |
| ORG. | Fagleg utvikling for alle | Tal på medarbeidarar som har delteke på eit nasjonalt, regionalt eller lokalt kurs/samling pr. år | 7 av 7 (100%) | 6/7 | 100 % |
| | | Snitt tal på kurs/samling pr. medarbeidar pr. år | 4 | 3 | 3 |



# *Anlegg og drift*

**LEIAR: ODD KÅRE WIIK**

| ÅRSVERK | | TILSETTE | |
|---|---|---|---|
| 10,8 | | 13 | |
| **NETTO RESULTAT** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Rekneskap | 9,8 | 12,9 | 15,8 |
| Budsjett | 10,3 | 14,1 | 14,8 |
| **Avvik** | **0,5** | **1,2** | **-1** |
| **SJUKEFRÅVÆR** | **2013** | **2014** | **2015** |
| Sjukefråvær | 1,93% | 1,86% | 2,01% |

Under anlegg og drift ligg grøntanlegg og uteseksjonen. Grøntanlegg har gartnar, fagarbeidar og sommarhjelper (skuleelevar) som tek seg av drift og vedlikehald av kommunale plenar, bed, parkanlegg, tre m.m. Uteseksjonen utfører tenester innanfor vatn, avløp, veg, hamn, grøntanlegg og utbyggingsområde.

## *Teneste og utviklingsmål*

- Ha akseptabel standard på grøntanlegg i sentrum.
- Utvikle spesialkompetanse ytterlegare for å spisse hovudansvarsområde for medarbeidarar på uteseksjonen.
- Effektivt og moderne materiell og utstyr.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Normal aktivitet innanfor dei tenesteområda avdelinga har ansvar for. Spesielt for 2015 er at alle tilsette er oppgraderte med sertifikat for anleggsskilting. Det er også gjennomført ein del kursing i spisskompetanse innanfor VA.
Det vart utført ein god del meir i sommarvedlikehald på kommunale eigedommar enn inntekt og budsjett skulle tilseie. Dette er medverkande til overskridinga. Men kvaliteten var betre enn føregåande år. Det vil bli sett fram krav om auka refusjon med UEKF for 2016 og påfølgjande år.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0 mill. kr | -0,4 mill. kr | 0 kr |
| BRUKAR | Vi skal skape trivsel i kommunale grøntområde | Talet på plenslått av kommunale plenar pr. veke | 1 | 1 | 1 gong el. meir |
| | | Tal på gjennomført vedlikehald av ti grøntområde utanfor sentrum | 20 | 20 | 20 |
| | Integrering i lokalsamfunnet | Fungerande samarbeid med flyktningmottak for tilrettelagt arbeidstrening | Nei | Nei | Nei |
| ORG. | Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø | Del av tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale | 8 av 8 | 8 av 8 | 100 % |
| | | Svarprosent medarbeidarundersøking blant eigne tilsette | 67 % | - | - |
| | | Score på medarbeidartilfredsheit | 4,9 av 6 | - | - |
| | | Score på stoltheit over eigen arbeidsplass | 5,4 av 6 | - | - |
| | | Sjukefråvær | 3,08 % | 1,46% | < 2% |

**ÅRSGEBYR TEKNISK ETAT**




Årsgebyra ligg om lag på nivå med fleire av sunnmørskommunane og noko under samanliknbare kommunar på landsplan.



# *Veg og hamn*

Drifte vegar og hamner på ein trygg og tilfredstillande måte. Vegar skal vere opne for allmenn ferdsel heile året.
Bygge gang- og sykkelvegar i samsvar med trafikktryggingsplan og kommunedelplan for veg.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | | Avvik mot budsjett | 0,14 mill. kr | -0,8 mill. kr. | 0 kr |
| BRUKAR | Sikre god framkomst på kommunale vegar ved snøfall | Tal på innmelde avvik angåande kommunale vegar som i løpet av natta har blitt dekt med meir enn 10 cm tørr snø og ikkje er brøyta innan kl. 07:00 på alle kvardagar | Statistikk ligg ikkje føre | 0 | Ingen avvik |
| | Halde brukarane orientert | Tal på publiserte innlegg/informasjon på nettsidene til kommunen pr. år | 1,5 | 8 | 8 |
| ORG. | Vedlikehald | Kantslått: ein gong kvart år slå vegetasjon langs kommunale vegar samt halde siktsoner fri for skjermande vegetasjon | 4 | 4 | 5 |

# *VA - Vatn og avløp*

Kommunen har 2876 (+40) abonnentar på vassforsyning og 2604 (+26) abonnentar tilknytt kommunalt avløpsnett.

| SATSINGSOMRÅDE | | MÅLEINDIKATOR | RESULTAT 2014 | RESULTAT 2015 | MÅL 2015 |
|---|---|---|---|---|---|
| ØKONOMI | God økonomisk styring | Avvik mot budsjett | 1,08 mill. kr | 0,2 mill. kr | 0 kr |
| | Gjennomføre alle tiltak etter hovudplanane for vatn og avløp | Avvik mot planlagde prosjekt målt i kr. | | 0 | 0 |
| BRUKAR | Du får god service frå teknisk etat | Score på brukarundersøkinga: gjennomsnittleg brukartilfredsheit | 4,9 av 6,0 | - | 5,5 |
| | | Score på brukarundersøkinga: tillit, respekt og service | 4,6 av 6,0 | - | 5,0 |
| | | Score på brukarundersøkinga: informasjon | 4,9 av 6,0 | - | 5,0 |
| | Sikre tilgang til kvalitetsmessig godt vatn | Tal på driftsavbrot i vassforsyninga pr. år | 7 | 13 | 0 |
| | | Tal på avvik på bakteriologiske prøver av drikkevatn | 0 | 0 | 0 |
| | Nulltoleranse til foureining | Tal på driftsavbrot som medfører foureining ved at kloakken går i overløp | 0 | 0 | 0 |
| ORG. | Sjå skjema anlegg og drift | | | | |

NETTO DRIFTSUTGIFTER TIL SAMFERDSEL PR. INNBYGGJAR, KONSERN




Kommunen sine utgifter til samferdsel har auka jamt dei siste åra. Dette har si hovudårsak i nedbetaling av nye vegar som Holsekerdalen og Øvrevegen, og generelt auka kostnader.







# *Interkommunalt barnevern*

**LEIAR: BRYNHILD SOLVANG**

| ÅRSVERK | TILSETTE |
|---|---|
| 60 | |

| SJUKEFRÅVÆR | 2014 | 2015 |
|---|---|---|
| Sjukefråvær | | 9,84% |

Fullstendig årsmelding for barnevernet vert lagt fram for folkevalde organ som eiga sak.

Barnevernstenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og samstundes bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår. Vi arbeider difor både i forhold til enkeltbarn og deira familiar, samstundes som vi skal drive førebyggande arbeid og følgje med i barn sine oppvekststilhøve.

Barnevernstenesta si verksemd bidreg i all hovudsak til å betre folkehelsa. Det er eit mål å kunne kome tidleg inn for å hjelpe barn og familiar slik at problema ikkje veks seg for store, særleg med tanke på barn si psykiske utvikling. Samarbeid med andre som arbeider med barn og unge er ein prioritert del av verksemda vår.

1.1.2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. Denne årsmeldinga omhandlar det andre driftsåret med denne organisasjonsmodellen. I 2014 dreiv vi ei "desentralisert" interkommunal teneste medan vi venta på at lokala i Volda rådhus skulle bli ferdige. I mai 2015 flytta vi inn i dei nye lokala.

## *Aktivitet og resultat 2015*

Det er ei utfordring å halde fristane i alle saker. Ei undersøking skal som hovudregel gjennomførast innan tre månader etter mottak. I 2015 hadde vi færre fristbrot i undersøkingane enn i 2014, og det er sett i verk tiltak som vi etter kvart ser effekt av.

I følgjande tabell kan vi sjå utviklinga når det gjeld nye meldingar (tal frå barnevernet sitt fagsystem, Familia):

| | 2013 | 2014 | 2015 |
|---|---|---|---|
| Hareid | 53 | 61 | 72 |
| Ulstein | 38 | 55 | 44 |
| Volda | 81 | 90 | 61 |
| Ørsta | 116 | 75 | 78 |
| **Samla** | **288** | **281** | **255** |

Tal på barn som har motteke hjelpetiltak i heimen ved utgangen av året (Tala i parantes syner talet på barn som har motteke hjelpetiltak gjennom året)

| | 2014 | 2015 |
|---|---|---|
| Hareid | 32 | (36) 26 |
| Ulstein | 41 | (47) 34 |
| Volda | 57 | (85) 57 |
| Ørsta | 47 | (67) 52 |
| **Samla** | **177** | **(235) 169** |

Skjematisk oversikt over barn med tiltak utafor heimen pr. 31.12.2015

| | Barn i fosterheim som eit frivillig hjelpetiltak | | Barn under omsorg (i fosterheim eller institusjon) | | Barn med etterverns-tiltak (oppfølging etter fylte 18 år) | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | 2015 | 2014 | 2015 | 2014 | 2015 |
| Hareid | 2 | 2 | 15 | 15 | 0 | 1 |
| Ulstein | 6 | 5 | 14 | 16 | 12 | 7 |
| Volda | 5 | 1 | 14 | 12 | 7 | 12 |
| Ørsta | 1 | 0 | 17 | 16 | 4 | 4 |
| **Samla** | **14** | **8** | **60** | **59** | **23** | **24** |

Oversikt over kommunane sine utgifter til drift av barnevernstenesta dei tre siste åra, samt budsjettala for 2015 og 2016.

| | Rekneskap 2013 (Tal frå SSB- Kostra) | Rekneskap 2014 (kommunetala) | Rekneskap 2015 (kommunetala) | Budsjett 2015 | Budsjettert 2016 |
|---|---|---|---|---|---|
| Hareid | 3 300 000 | 2 833 877 | 3 280 721 | 2 883 126 | 3 075 286 |
| Ulstein | 5 700 000 | 4 186 566 | 5 483 441 | 5 011 507 | 5 560 420 |
| Volda | 4 700 000 | 4 239 791 | 4 768 847 | 4 986 349 | 5 335 729 |
| Ørsta | 3 300 000 | 5 307 812 | 5 687 420 | 6 027 897 | 6 470 011 |
| **Samla** | **17 000 000** | **16 568 046** | **19 420 816** | **18 909 880** | **20 441 445** |

Ved ei oppdeling av Kostra 251 (tiltak i heimen) og 252 (tiltak utafor heimen) ser rekneskapstala slik ut for 2015:

| | Kostra 251 | Kostra 252 |
|---|---|---|
| Hareid | 670 739 | 5 917 615 |
| Ulstein | 1 173 303 | 11 063 155 |
| Volda | 432 269 | 6 787 096 |
| Ørsta | 1 798 131 | 8 827 125 |

Her er store variasjonar i utgiftene pr. kommune, også når vi fordeler tiltakskostnaden pr. barn. Forklaringa på dette er at både Ulstein og Ørsta har fleire barn på institusjon, medan Hareid har ingen slike. Volda har på si side hatt ein nedgang i utgiftene på grunn av at fleire barn har nådd myndighetsalder, der det tidlegare har vore inne omfattande tiltak.

## TIDSSERIE NETTO DRIFTSUTGIFTER BARNEVERN PER INNBYGGJAR 0-17 ÅR, KONSERN




## BARN MED BARNEVERNSTILTAK IFT. INNBYGGJARAR 0-17 ÅR, PROSENT




## NETTOUTGIFTER FORDELT PÅ FUNKSJONAR, PROSENT




## BARN MED UNDERSØKING IFT. ANTALL INNBYGGJARAR 0-17 ÅR







## NETTO DRIFTSUTGIFTER PR INNBYGGJAR 0-17 ÅR, BARNEVERNSTENESTEN (KONSERN)



Foto: Tony Hall, Per Eide, Madeleine Pettersson, Svein Arne Orvik, Ingvild Måseide (Vikebladet vestposten), Roy Cato Pedersen
Design og layout: www.osberget.no



Nordlys på Dimna
Foto: Roy Cato Pedersen

ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik, Norway
Tel.: +47 70 01 75 00
www.ulstein.kommune.no

Du finn oss på Facebook